

Møteinnkalling

Utval:	Fylkestinget
Møtestad:	Videomøte/fjernmøte
Dato:	12.05.2020
Tid:	10:00

Du vert med dette kalla inn til ekstra-møte i fylkestinget 12. mai.

Program:

Kl. 10:00 - Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkestinget. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkestinget. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



fylkesordførar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 5/20	Godkjenningssaker Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 24/20	Nasjonal transportplan 2022-2033 - Prioriteringar	2020/960	
PS 25/20	Oppfølging av regjeringa sitt bompengeforlik, endring i samsvar med vedtak i Bergen bystyre	2020/36709	
PS 26/20	Reduksjon av meirverdiavgift og prisreduksjon på ferje	2020/47678	
PS 27/20	Tenestepensjon - evalueringskriterier	2020/38029	
PS 28/20	Val til styre og representantskap i selskap, stiftingar og råd m.m. - valperioden 2019-2023	2019/11	
PS 29/20	Val til styre og representantskap i selskap, stiftingar og råd m.m. - valperioden 2019-2023 - tilleggssak	2019/11	
PS 30/20	Moster 2024 AS. Oppnemning til valkomite	2020/861	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Politiske saker

PS 24/20 Nasjonal transportplan 2022-2033 - Prioriteringar

Saknr: 2020/960-97
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksgang

Utv. saksnr.	Møtedato	
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	29/20	28.04.2020
Fylkesutvalet	59/20	30.04.2020
Fylkestinget	24/20	12.05.2020

Nasjonal transportplan 2022-2033 - Prioriteringar

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til høyringsfråsegn frå mai 2019 frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar om dei viktigaste utfordringane til Nasjonal transportplan 2022-2033. Høyringsfråsegna viser at det er store uløyste utfordringar for å få eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem i Vestland. Fylkestinget viser også til at det er naudsynt å få opp aktiviteten i næringslivet i Vestland etter korona-pandemien. Dei store behova gjer at det framleis må vere høge rammer i Nasjonal transportplan.
2. Samfunnsøkonomisk effektivitet er ikkje åleine tilstrekkeleg som vurderingskriterium for prioriteringar. Fylkestinget legg i sine prioriteringar mest vekt på at transportnettet må vere trygt, føreseieleg og framkommeleg og bidra til balansert utvikling i heile fylket.
3. Fylkestinget meiner det er særleg viktig at Nasjonal transportplan 2022-2033 legg opp til samanheng i oppgåveløysinga mellom forvaltningsnivåa, og at fylkeskommunane får rammevilkår som gjer at oppgåvene kan løysast på ein god måte.
4. Fylkesvegane er viktige bindeledd lokalt, og er sentrale i å mate trafikk inn mot riksvegnettet. Fylkesvegane må vere trygge og framkommelege og sikrast mot ras og flaum. Fylkestinget viser til nasjonal rassikringsgruppe sitt krav om å utbedre alle punkt med skredfaktor høg og middels. Det må i tillegg bli utarbeida eit nasjonalt program for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane.
5. Fylkeskommunane har fått nye statlege krav og oppgåver utan at tilstrekkeleg med ressursar har følgd med. Fylkestinget vil peike på:
 - a. På grunn av klima- og miljøkrav og ei naudsynt fornying av ferjeflåten som ikkje er kompensert, er ferjefylka sett i ein sær sars vanskeleg økonomisk situasjon.
 - b. Fylkeskommunane står ovanfor ei tilsvarande økonomisk krevjande situasjon grunna krav til reduksjon av klimagassutsløpp for hurtigbåtane.
 - c. Tunneltryggleiksforskrifta er eit nasjonalt krav som ikkje er tilstrekkeleg finansiert. Vestland har i dag om lag halvparten av alle fylkesvegtunnelane i landet, og vil ikkje klare fristen med dei ressursar som er stilte til rådvelde.

- d. Fylkeskommunen har overteke ansvaret for fiskerihamner. Midlane som er overførte til fylkeskommunane, er langt lågare enn det som Kystverket hadde til disposisjon for fiskerihamner., og det er heller ikkje overført personellressursar.
 - e. Fleire fylkesvegar er omkøyringsvegar for riksvegar med hyppige stengingar, både som følgje av ulukker, ras og flaum og vegarbeid. Fleire av fylkesvegane er ikkje i stand til å handtere dei store trafikkmengdene ved stenging. Fylkestinget ber om at det vert sett av midlar for å betre framkome på omkøyringsvegar.
 - f. Fylkestinget meiner det er viktig å oppretthalde flyrutene i distrikta, og det må bli tilført tilstrekkeleg økonomiske ressursar slik at FOT-rutene kan vidareførast. Det bør opprettast nye FOT-ruter på strekningar der det ikkje lenger er økonomiske lønsamt med kommersielle flyruter
6. Det er knytt store kostnader til gjennomføring av nullvekstmålet, og finansiering av store kollektivinfrastrukturprosjekt er delvis finansierte av bompengar. På sikt er ikkje dagens finansieringssystem for byvekstavtalar berekraftig. Staten må ta eit større ansvar for utbygging av kollektivsystemet i dei store byane, mellom anna ved å bidra med minst 70 prosent av finansieringa til bybanen byggjetrinn 5 til Åsane. Fylkeskommunane må også setjast i stand til å kunne finansiere auka i driftsutgifter til kollektivtrafikken for å kunne nå nullvekstmålet.
7. Fylkestinget viser til at det er store behov for investeringar i samferdsel på Vestlandet, og legg vekt på:
- a. Fylkestinget er nøgd med at samferdselsetatane legg stor vekt på å redusere forfallet. Det er behov for å kritisk vurdere standardval, krav til hastigheit og trasear med sikte på å få ned kostnadsnivået. Standardval må også ta omsyn til at klima- og miljøutfordringane tilseier at biltrafikken må reduserast, særleg i og rundt dei store byane.
 - b. Vegar og bane må sikrast mot skred og flaum, og fylkestinget viser til Nasjonal rassikringsgruppe sine krav om ein nasjonal plan for sikring av alle punkt med høg og middels skredfaktor i løpet av ein 12 årsperiode.
 - c. Fylkestinget er positiv til at det blir fremja tiltak på lengre korridorar i staden for berre einskildstrekningar. Det er behov for strategiar for einskildstrekningar for å betre standard, der det også blir vurdert enklare tiltak for å fjerne dei viktigaste flaskehalsane og ulukkespunkta. Mange mindre tiltak kan ha stor positiv effekt, og det må bli avsett tilstrekkeleg med programområdemidlar til mindre tiltak.
8. For investeringar i store prosjekt meiner fylkestinget at det må leggjast vekt på følgjande i prioritert rekkjefølgje:
- a. Fylkestinget er positiv til at rv. 555 Sotrasambandet og E39 Myrmel-Lunde er sett om bundne prosjekt av Statens Vegvesen, og føresett at dei får oppstart i gjeldande periode i Nasjonal transportplan. Fylkestinget viser også til Stortinget sine merknader ved handsaming av gjeldande Nasjonal transportplan om at E134 Seljestad-Røldal bør kunne starte i gjeldande periode ved bompengelån. Prosjektet er planavklart.
 - b. Av omsyn til høg rasfare og mange ulukker meiner fylkestinget at E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle må prioriterast. Ved behov for reduksjon av kostnader må strekninga E16 Trengereid-Stanghelle prioriterast framfor E16 Arna-Trengereid. Samstundes må Vossebanen også byggjast ut saman med E16 på strekninga.
 - c. Fylkestinget er nøgd med at Statens Vegvesen føreslår rassikring av rv. 5 Erdal-Naustdal, rv. 13 Vinje-Myrkdalen og rv. 13 Byrkjeneset. Fylkestinget vil vidare særleg vise til behovet for å realisere ny tunell på rv. 13 Vikafjellet, da dette er den mest vinterstengte fjellovergangen i Sør-Noreg både grunna ras og vanskeleg vinterdrift. Dei skredutsette partia på E39 Skjersura og E39 Votedalen må sikrast. Det er også eit stort behov for ny tunnel på rv. 15 Strynefjellet grunna tunneltryggleiksforskrifta, vanskeleg vinterdrift og rasfare.
 - d. E39 er den mest sentrale transportkorridoren for Vestland, og må utviklast som hovudferdselsåre med tilstrekkeleg god standard for å binde landsdelen saman, og for å styrkje sambandet med Europa. Det må utarbeidast ein samla plan for utbygging av denne ferdelsåra. Særleg er behova store på strekningane E39 Eikefet-Romarheim, E39 Bogstunnelen-Gaular grense, E39 Storehaugen-Førde og E39 Byrkjelo-Grodås. Fylkestinget meiner at på sikt må ferjefri E39 vere ei målsetting. I første omgang må

- likevel strekningane mellom fjordkryssingane prioriterast. Det bør vere høgare frekvens på ferjesambanda.
- e. Fylkestinget rår til at det blir sett av midlar til lenging av Fløyfjellstunnelen til Eidsvåg for å kunne leggje til rette for bybanen sitt byggjetrinn 5 til Åsane. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med oppgradering av Fløyfjellstunnelen etter tunneltryggleiksforskrifta.
 - f. Fylkestinget meiner vidare om at den ulukkesutsette og overbelasta delstrekninga E39 Klauvaneset-Vågsbotn må prioriterast. Standardkrava må vurderast, og fylkestinget meiner det er tilstrekkeleg med 80 km fartsgrense. Kollektivtrafikken må prioriterast.
 - g. Fylkestinget vil prioritere rv. 52 og E134 som hovudsamband mellom austlandet og vestlandet. I første omgang må E134 Vågslid-Røldal inn i Nasjonal transportplan 2022-2033, og det bør startast reguleringsplanlegging for strekninga E134 Bakka- Solheim. Vidare viser fylkestinget til regjeringa si avgjerd om å prioritere rv. 52 som hovudsamband for tungtransport og rv. 7 for personbiltrafikk og turisme. Det er behov for ein vidare utviklingsstrategi for oppgradering av dei to sambanda, og det bør avsetjast midlar til strekningsvise utbetringstiltak for å betre vinterregulariteten.
 - h. Vinterregulariteten på Bergensbanen må betrast, og det er behov for fleire og lengre kryssingsspor for at godstransport på jernbane skal styrkje si stilling i forhold til godstrafikk på vegar.
 - i. Det bør avsetjast strekningsvise midlar til rv. 13 gjennom Hardanger for å fjerne dei største flaskehalsane.
 - j. Fylkestinget er nøgd med at Kystverket vil prioritere ei rekkje farleistiltak på Vestlandet. Stad skipstunnel og heving av vraket av ubåt U-864 ved Fedje er to viktige prosjekt for kystsamfunnet, og fylkestinget meiner det må ei eiga løyving til desse to tiltaka utan at det reduserer Kystverket sin kapasitet til å ivareta sine prioriterte oppgåver
 - k. Det må startast vidare planlegging av E16 og Vossebana på strekninga Stanghelle-Voss. Bergensbanen må kome ned mot 4 timar mellom Bergen og Oslo, og fylkestinget er høgde med at Ringeriksbanen ligg inne i Jernbanedirektoratet sine prioriteringar.
 - l. Fylkestinget meiner at det er viktig å utvikle eit fungerande ringvegsystem i Bergen, og rår difor til at strekninga Arna-Fjøsanger/Hop blir prioritert før strekninga E16 Arna-Vågsbotn. I eit kortsiktig perspektiv vil fylkeskommunen vurdere å utbetre fv. 587 Arna-Nesttun, men denne vil ikkje vere ei erstatning for ringveg øst på lenger sikt.
 - m. Fylkestinget viser til Øst-vest-utgreiinga der det blir rådd til å gjennomføre ein konseptvalutgreiing for ein diagonal mellom E134 og Bergensområdet («Hordalandsdiagonalen»), og ber om at dette arbeidet vert starta opp.
9. Nasjonal transportplan 2022-2033 må avklare ein vidare strategi for korleis transportsektoren skal bidra til reduserte klimagassutslepp for å nå nasjonale mål. Tiltak som stimulering til teknologisk utvikling, endringar i køyretøypark, reduksjon av utslepp i drifts- og anleggfsfase samordna areal- og transportpolitikk i byområda er viktige tiltak.. Det må også vurderast tiltak for å redusere klimagassutslepp i distrikta som å leggje til rette for ladeinfrastruktur.
 10. Regjeringa må følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skuleveggar og andre tiltak retta mot barn og unge
 11. Det samla garantiansvaret til fylkeskommunane er blitt høgt, og fylkestinget meiner at staten må ta over dette ansvaret på riksveg.
 12. Vestland fylkeskommune forventar at det blir ein vidare dialog med departementet om prioriteringane i Nasjonal transportplan 2022-2033.

Saksprotokoll 28.04.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, Sp, KrF, MDG, FNB, H og Frp fram slikt felles forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek drøftinga til vitande og sender saka vidare til fylkesutvalet 30.april.»

Avrøysting

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek drøftinga til vitande og sender saka vidare til fylkesutvalet 30.april.

Saksprotokoll 30.04.2020 - fylkesutvalet

Aleksander Ø. Heen (Sp) sette på vegner av A, MDG, SV, Sp, V og KrF fram slikt forslag:

“Alternativ:

1. Fylkestinget viser til høyringsfråsegn frå 2019 frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar om dei viktigast utfordringane til Nasjonal Transportplan 2022-2033. Høyringsfråsegna viser at det er store uløyste utfordringar for å få eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem i Vestland. Fylkestinget viser også til at det er naudsynt å få opp aktiviteten i næringslivet i Vestland etter koronapandemien. Dei store behova gjer at det framleis må vere høge rammer i Nasjonal Transportplan.
2. Fylkestinget meiner at liv og helse må prioriterast først og at transportnettet vårt må vere trygt, føreseieleg og framkomeleg og bidra til balansert utvikling i heile fylket. Dagens modellar for samfunnsøkonomisk lønsemd må reviderast og er ikkje åleine tilstrekkeleg som vurderingskriterium for prioriteringar.
3. Fylkestinget viser til skeivdeling av den totale ramma for NTP. Vestland har enorme behov knytt til å sikre liv og helse, likevel får landsdelen ein uforholdsmessig liten del av dei totale investeringsmidlane. Sentrale deler av landet får dekkja svært mykje av kollektivtransporten sin av staten, utan fylkeskommunale utgifter, fordi det vert føregår med tog. For Vestland fylke gjeld dette i svært liten grad, og då på strekninga Voss-Bergen. Det er derfor eit rimeleg og rettferdig krav at staten tar sterkare del i naudsynt kollektivsatsing i Vestland, og særleg i og rundt Bergen med finansiering av bybana. I inneverande NTP har jernbane om lag halvparten av dei statlege investeringsmidlane og denne satsinga føregår i hovudsak i det sentrale austlandsområde. Fylket vårt får heller ikkje del i prosjekta til "Nye vegar" og her berre eitt OPS-prodsekt i Vestland.
4. Fylkesvegane er viktige bindeledd lokalt og er sentrale i å mate trafikk inn mot riksvegnettet. Fylkesvegane må vere trygge og framkommelege og sikrast mot ras og flaum. Fylkestinget viser til, og støttar Nasjonal Raskingsgruppe sitt, krav om å utbetre alle punkt med skredfaktor høg og middels. For Vestland fylke er desse utbetringane rekna til 40 milliardar for riks- og fylkesvegnettet. Vestland fylke ber om store løyvingar til fylkesvegnettet slik at vi kan ta att etterslepet på fylkesvegane i løpet av ein tiårsperiode - tilsvarande mål som Staten har for sine vegar.
5. Fylkeskommunane har fått nye statlege krav og oppgåver utan at tilstrekkeleg med ressursar har følgd med. Vestland fylkesting vil peike på:
 - a. På grunn av klima- og miljøkrav, og ei naudsynt fornying av ferjeflåten som ikkje er kompensert, er ferjefylka sett i ein sær sars vanskeleg økonomisk situasjon.
 - b. Fylkeskommunane står ovanfor ei tilsvarande økonomisk krevjande situasjon grunna krav til reduksjon av klimagassutslepp for hurtigbåtane.
 - c. Tunneltryggleiksføreskrifta er eit nasjonalt krav som ikkje er tilstrekkeleg finansiert. Vestland har i dag om lag halvparten av alle fylkesvegtunnelane i landet og vil ikkje klare fristen med dei ressursar som er stilt til rådvelde.

- d. Fylkeskommunen har overteke ansvaret for fiskerihamner. Midlane som er overførte til fylkeskommunane er langt lægre enn det som Kystverket hadde til disposisjon for fiskerihamner. Det er heller ikkje overført personellressursar.
 - e. Fleire fylkesvegar er omkøyringsvegar for riksvegar med hyppige stengingar, både som følgje av ulukker, ras, flaum og vegarbeid. Fleire av fylkesvegane er ikkje i god nok stand til å handtere dei store trafikkmengdene som kan kome av stengingar. Fylkestinget ber om at det vert sett av midlar for å betre framkome på omkøyringsvegar.
 - f. Fylkestinget meiner det er viktig å oppretthalde flyrutene i distrikta og det må bli tilført tilstrekkeleg økonomiske ressursar slik at FOT-rutene kan vidareførast. Det bør opprettast nye FOT-ruter på strekningar der det ikkje lenger er økonomisk lønsamt med kommersielle flyruter.
6. Det er knytt store kostnader til gjennomføring av nullvekstmålet og finansieringa av store kollektivinfrastrukturprosjekt er delvis finansierte av bompengar. På sikt er ikkje dagens finansieringssystem for byvekstavtalar berekraftig. Vestland fylkeskommune har store økonomiske utfordringar knytt til lån som måtte til for å bygge første trinn av bybana i Bergen, der staten sitt bidrag var 8 prosent. Staten må ta eit større ansvar for utbygging av kollektivsystem i dei store byane, mellom anna ved å bidra med minst 70% av finansieringa, eller auke ramma kraftig til Bybana sitt byggetrinn 5 til Åsane. Fylkeskommunen må også settast i stand til å kunne finansiere auka driftsutgifter til kollektivtrafikken for å kunne nå nullvekstmålet.
7. Fylkestinget viser til at det er store behov for investeringar i samferdsel på Vestlandet, og legg vekt på:
- a. Fylkestinget er nøgd med at samferdselsetatane legg stor vekt på å redusere forfallet. Etterslepet på fylkesvegnettet er stipulert til om lag 12,0 milliardar i Vestland. Det er behov for å kritisk vurdere standardval, krav til hastigheit og trasear med sikte på å få ned kostnadsnivået. Standardval må også ta omsyn til at klima- og miljøutfordringane tilseier at biltrafikken må reduserast, særleg i og rundt dei store byane. Det må vera eit krav at alle europavegar har ein standard som tilsvarar minimum tofelts køyrebane med gul midtstripe.
 - b. Vegar og bane må sikrast mot skred og flaum. Fylkestinget viser til Nasjonal rassikringsgruppe sine krav om ein nasjonal plan for sikring av alle punkt med høg og middels skredfaktor i løpet av ein 12 årsperiode.
 - c. Fylkestinget er positiv til at det blir fremja tiltak på lengre korridorar i staden for berre einskildstrekningar. Det er behov for strategiar for einskildstrekningar for å betre standard, der det også blir vurdert enklare tiltak for å fjerne dei viktigaste flaskehalsane og ulukkepunktta. Mange mindre tiltak kan ha stor positiv effekt og det må bli avsett tilstrekkeleg med programområdemidlar til mindre tiltak.
 - d. Ein god og berekraftig infrastruktur i dei folkerike områda i og rundt Bergen er særst viktig for å redusera klimagassutslepp. Bergensregionen har spesielle utfordringar når det gjeld knappheit på areal, framkomst, støy- og luftforureining og behov for å redusera personbiltrafikken for å nå nullutsleppsmålet. Staten må difor i langt større grad bidra i finansieringa av store prosjekt som til dømes bybane til Åsane og sikre Byvekstavtalen i Bergensområdet.
8. Vestland er eit fylke med store behov innan samferdsle og prioritera følgjande investeringar i store prosjekt:
- a. Av omsyn til stor rasfare og mange ulukker er Vestland fylkesting si hovudprioritering for nye store prosjekt K5-alternativet for ny E16, og Vossebanen Arna-Stanghelle med samanhengande utbygging. Det må startast vidare planlegging av strekninga Stanghelle- Voss. Reisetida på Bergensbana må kome ned mot fire timar mellom Bergen og Oslo, og fylkestinget er nøgde med at Ringeriksbanen ligg inne i Jernbanedirektoratet sine prioriteringar.

- b. Fylkestinget viser til Stortinget si handsaming av gjeldande NTP, der fleire viktige prosjekt for Vestland er med, og som no ikkje er funne plass til innanfor dei krava transportetatane har fått i oppdrag å prioritere etter. Det gjeld mellom anna fleire tiltak på E39 og på E134. Den siste har ein merknad om at Seljestad-Røldal bør kunne starte i gjeldande periode som bompengelån. Prosjektet er planavklara. Alle disse prosjekta må kome inn i første del av NTP. Fylkestinget viser til at Stad Skipstunnel er prioritert av eit samla Storting i gjeldande NTP, og ventar difor at Stad Skipstunnel får oppstartløyving i 2021 og vert fullfinansiert påfølgjande år. Fylkestinget føreset vidare at alle prosjekt som er bundne med oppstartløyving er å sjå på som igangsette.
- c. E39 er den mest sentrale transportkorridoren for Vestland og må prioriterast som hovudferdselsåre med tilstrekkeleg standard for å binde landsdelen saman, og for å styrke sambandet med Europa. Det må utarbeidast ein samla plan for utbygging av denne ferdselsåra. Fylkestinget meiner at på sikt må ein mest mogleg ferjefri E39 vere ei målsetting. I første omgang må likevel strekningane mellom fjordkryssingane prioriterast. Det bør vere høgare frekvens på ferjesambanda. Særleg er behova store på strekningane E39 Heiane-Ådland, E39 Eikefet-Romarheim, E39 Bogstunnelen-Gaular grense, E39 Storehaugen-Førde og E39 Byrkjelo-Grodås, samt utbetring av punkt på strekninga Byrkjelo og Sandane. Desse strekningane manglar i stor grad gul midtstripe, har dårleg kurvatur og utgjør flaskehalsar på vegnettet. E39 Storehaug-Førde vil erstatte den ulukkesbelasta, bratte og svingete vegen ned til Førde sentrum frå sør. Han vil også gje stor innsparing i reisetid, vere eit viktig trafikktryggleikstiltak og bør derfor prioriterast i første periode, saman med parsellar som i dag ligg inne i NTP. Fylkestinget rår til at det blir sett av midlar til lenging av Fløyfjellstunnelen til Eidsvåg for å kunne leggje til rette for Bybana sitt byggjetrinn 5 til Åsane. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med oppgradering av Fløyfjellstunnelen etter tunneltryggleiksforskrifta. Fylkestinget meiner vidare at den ulukkesutsette og overbelasta delstrekninga E39 Klauvaneset-Vågsbotn må prioriterast. Standardkrava må vurderast og fylkestinget meiner det er tilstrekkeleg med 80 km fartsgrense, og at kollektivtrafikken vert prioritert.
- d. Fylkestinget er nøgd med at Statens Vegvesen føreslår rassikring av rv. 5 Erdal-Naustdal, rv. 13 Vinje-Myrkdalen og rv. 13 Kinsarvik-Byrkjeneset. Fylkestinget vil vidare særleg vise til behovet for å realisere ny tunell på rv. 13 Vikafjellet som er den mest vinterstengte fjellovergangen i Sør Noreg, både grunna ras og vanskeleg vinterdrift. Rv 15 Strynefjellet må løysast med ny tunell grunna tunelltryggleiksforskrifta, jamfør allereie vedteke konsept. Vanskeleg vinterdrift og rasfare gjer at vegen er ofte stengd. Dei skredutsette partia på E39 Skjersura, E39 Våtedalen og E16 Nærøydalen må sikrast.
- e. Fylkestinget vil prioritere rv. 52 og E134 som hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. I første omgang må E134 Vågslid-Røldal inn i Nasjonal transportplan 2022- 2033, og det bør startast reguleringsplanlegging for strekninga E134 Bakka- Solheim. Vidare viser fylkestinget til Regjeringa si avgjerd om å prioritere rv. 52 som hovudsamband for tungrtransport og rv. 7 for personbiltrafikk og turisme. Det er behov for ein vidare utviklingsstrategi for oppgradering av dei to sambanda, og det bør avsetjast midlar til strekningsvise utbetringstiltak for å betre vinterregulariteten. Fylkestinget stør fagetaten sitt innspel om å prioritere opprusting av rv 5 Markegata i Florø.
- f. Vinterregulariteten på Bergensbanen må betrast. Det er behov for fleire og lengre kryssingsspor for at godstransport på jernbane skal styrkje si stilling i forhold til godstrafikk på vegar.
- g. Det bør avsetjast strekningsvise midlar til rv. 13 gjennom Hardanger for å fjerne dei største flaskehalsane.
- h. Fylkestinget er nøgd med at Kystverket vil prioritere ei rekkje farleisiltak på Vestlandet. Heving av vraket av ubåt U-864 ved Fedje er eit viktig prosjekt for kystsamfunnet og fylkestinget meiner det må ei eiga løyving til for dette tiltaket

utan at det reduserer Kystverket sin kapasitet til å ivareta sine prioriterte oppgåver.

- i. Fylkestinget meiner det er viktig å utvikle eit fungerande ringvegssystem i Bergen, og rår difor til at strekninga Arna-Fjøsanger/Hop blir prioritert før strekninga E16 Arna- Vågsbotn. I eit kortsiktig perspektiv vil fylkeskommunen vurdere å utbetre fv. 587 Arna- Nesttun, men denne vil ikkje vere ei erstatning for ringveg aust på lenger sikt.
 - j. Fylkestinget viser til aust-vest-utgreiinga der det blir rådd til å gjennomføre ein konseptvalutgreiing for ein diagonal mellom E134 og Bergensområdet og ber om at dette arbeidet vert starta opp. Vidare ber Fylkestinget om at det vert starta opp ei KVU på rv 5 Håbakken-Skei.
9. FN sine bærekraftsmål, og særleg mål 9, peikar på det viktige i å ha god og solid infrastruktur for at samfunnet skal fungere. Infrastrukturen vi bygger må legge til rette for den elektrifiseringa vi ser vil kome; både av fly, båtar og bilar. Siste tida med krisehandtering har også synt kor viktig det er å kunne ha digital infrastruktur for å kunne drifte eit samfunn. NTP må legge til rette for at samfunnet kan ta dei rette klima-vala, slik at vi kan halde internasjonale forpliktingar. Nasjonal transportplan 2022-2033 må avklare ein vidare strategi for korleis transportsektoren skal bidra til reduserte klimagassutslepp og hindre tap av matjord og naturmangfald for å nå nasjonale mål. Tiltak som stimulera til teknologisk utvikling, endringar i køyretøypark, reduksjon av utslepp i drifts- og anleggsfase samordna areal- og transportpolitikk i byområda er viktige tiltak. Det må gjennomførast tiltak for å redusere klimagassutslepp i distrikta, som for eksempel å leggje til rette for ladeinfrastruktur.
 10. Høgfartsbreiband til alle og full dekning av 5G mobilnett er avgjerande for vekst, utvikling, tryggleik og beredskap. I dagens moderne Noreg er full og sikker tilgang til dette for alle ein like naturleg infrastruktur som elektrisitet og vatn/avløp. Vestland fylkeskommune ventar at Staten sikrar anleggsmidlar som gjer at vi får bygt ut denne infrastrukturen i heile fylket innan 5 år.
 11. Fylkestinget syner til teknologiutviklinga innan elektrifisering av luftfarten. Kortbanenettet i Vestland er godt eigna til å prøve ut denne teknologien, og Vestland fylke vil gjerne ha rolla som pilotfylke for elektrifisering av luftfarten. Vi ber om midlar til å etablere nullutsleppsteknologi innan luftfart og at Avinor prioriterer elektrifisering av utvalde innanlandsruter til og frå Flesland, slik at Vestland kan utvikle leiande kompetanse for elektrifisering av luftfarten.
 12. Ferjeavløysing må bli eit eige strategisk satsingsområde i NTP. Fylkestinget meiner verktøya for ferjeavløysing må oppretthaldast og styrkast, mellom anna ved å legge til rette for nye kontraktsformer for brubygging og føreseielege finansieringsformer som tar omsyn til heile kapitalkostnaden.
 13. Sykkelen er et transportmiddel som er tilgjengeleg for dei aller fleste og som med riktig tilrettelegging kan bidra til at samfunnet når viktige nasjonale mål for betre folkehelse og betre miljø. Mål om 8% sykkelandel nasjonalt og 20% sykkel i dei største byane må oppretthaldast. Det er behov for ein nasjonal sykkelstrategi som sikrar prioritering av sykkel ved nye vegprosjekt på både riksveg, fylkesveg og i byvekstavtalene. Sykkelbyprosjektet bør utvidast til fleire tettstader.
 14. Regjeringa må følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skuleveggar og andre tiltak retta mot barn og unge. Fylkestinget vil peika på tiltak som til dømes betre og heilskapleg infrastruktur for skulebarn som går eller sykklar og trygg av-/påstiging for skulebuss/båt. Det er behov for auka bruk av Hjertesone ved planlegging av nye skular og styrkt satsing på trafikktryggleik i helsestasjonar, barnehagar og skular.
 15. Det samla garantiansvaret til fylkeskommunane er blitt høgt, og fylkestinget meiner at staten må ta over dette ansvaret på riksveg.

16. Vestland fylkeskommune forventar at det blir ein vidare dialog med departementet om prioriteringane i Nasjonal transportplan 2022-2033.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H og FrP fram slikt forslag:

“Alternativ:

1. Fylkestinget viser til høyringsfråsegn frå mai 2019 frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar om dei viktigaste utfordringane til Nasjonal transportplan 2022-2033. Høyringsfråsegna viser at det er store uløyste utfordringar for å få eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem i Vestland. Fylkestinget viser også til at det er naudsynt å få opp aktiviteten i næringslivet i Vestland etter korona-pandemien. Dei store behova gjer at det framleis må vere høge ramar i Nasjonal transportplan.
2. Innbyggjarar og næringsliv i Vestland skaper store verdier for Norge i form av eksportverdier og skatteinntekter. Samstundes har Vestland store utfordringar med grunnleggjande infrastruktur for oppretthalda og styrkja verdiskapinga framover. Fylkestinget meiner at Vestlandet får uforholdsmessig liten del av dei samla investeringane på veg, sett i lys av at staten finansierer både investering og drift av jernbane på det sentrale austlandsområdet. Fylkestinget vil vidare peike på behovet for ei revidering av dagens modellar for samfunnsøkonomisk lønsemd, der liv og helse, samt framkome i større grad vert vektlagt. Dette vil bidra til ei meir balansert utvikling i heile Vestland.
3. Fylkesvegane er viktige næringsvegar, bind kommunar saman, byggjer større bu-, arbeids-, og serviceregionar, og fører trafikk inn mot riksvegnettet. Fylkesvegane må vere trygge, framkommelege og sikrast mot ras og flaum. Berre i Vestland fylke er vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet stipulert til om lag 12 mrd kr. Fylkestinget ber difor om ei eiga nasjonal satsing på fylkesvegnettet i NTP 2022-33, m.a. slik at ein kan ta att vedlikehaldsetterslepet i løpet av ein 10-årsperiode. Dette er i tråd med målsettinga staten har for reduksjon av vedlikehaldsetterslepet på riksvegnettet.
4. Fylkeskommunane har fått nye statlege krav og oppgåver utan at tilstrekkeleg med ressursar har følgd med. Fylkestinget vil peike på:
 - a. På grunn av klima- og miljøkrav og ei naudsynt fornying av ferjeflåten som ikkje er kompensert, er ferjefylka sett i ein sær sars vanskeleg økonomisk situasjon.
 - b. Fylkeskommunane står ovanfor ei tilsvarande økonomisk krevjande situasjon grunna krav til reduksjon av klimagassutslepp for hurtigbåtane.
 - c. Tunneltryggleiksforskrifta er eit nasjonalt krav som ikkje er tilstrekkeleg finansiert. Vestland har i dag om lag halvparten av alle fylkesveggtunnelane i landet, og vil ikkje klare fristen med dei ressursar som er stilte til rådvelde.
 - d. Fylkeskommunen har overteke ansvaret for fiskerihamner. Midlane som er overførte til fylkeskommunane, er langt lågare enn det som Kystverket hadde til disposisjon for fiskerihamner, og det er heller ikkje overført personellressursar.
 - e. Fleire fylkesvegar er omkøyringsvegar for riksvegar med hyppige stengingar, både som følgje avulukker, ras og flaum og vegarbeid. Fleire av fylkesvegane er ikkje i stand til å handtere dei store trafikkmengdene ved stenging. Fylkestinget ber om at det vert sett av midlar for å betre framkome på omkøyringsvegar.
 - f. Fylkestinget meiner det er viktig å oppretthalde flyrutene i distrikta, og det må bli tilført tilstrekkeleg økonomiske ressursar slik at FOT-rutene kan vidareførast. Det bør opprettast nye FOT-ruter på strekningar der det ikkje lenger er økonomiske lønsamt med kommersielle flyruter
5. Det er knytt store kostnader til gjennomføring av nullvekstmålet, og finansiering av store kollektivinfrastrukturprosjekt er delvis finansierte av bompengar. På sikt er ikkje dagens finansieringssystem for byvekstavtalar berekraftig. Staten må ta eit større ansvar for utbygging av kollektivsystemet i dei store byane, mellom anna ved å bidra med minst 70 prosent av finansieringa til store kollektivnettverk i Bergensområdet. Fylkeskommunane må også setjast i stand til å kunne finansiere

auka i driftsutgifter til kollektivtrafikken for å kunne nå nullvekstmålet.

6. Fylkestinget viser til at det er store behov for investeringar i samferdsel på Vestlandet, og legg vekt på:
 - a. Fylkestinget er nøgd med at samferdselsetatane legg stor vekt på å redusere forfallet. Det er behov for å kritisk vurdere standardval, krav til hastigheit og trasear med sikte på å få ned kostnadsnivået. Standardval må også ta omsyn til klima- og miljøutfordringane.
 - b. Vegar og bane må sikrast mot skred og flaum, og fylkestinget viser til Nasjonal rassikringsgruppe sine krav om ein nasjonal plan for sikring av alle punkt med høg og middels skredfaktor i løpet av ein 12 årsperiode.
 - c. Fylkestinget er positiv til at det blir fremja tiltak på lengre korridorar i staden for berre einskildstrekningar. Det er behov for strategiar for einskildstrekningar for å betre standard, der det også blir vurdert enklare tiltak for å fjerne dei viktigaste flaskehalsane og ulukkespunkta. Mange mindre tiltak kan ha stor positiv effekt, og det må bli avsett tilstrekkeleg med programområdemidlar til mindre tiltak.
7. For investeringar i store prosjekt meiner fylkestinget at det må leggjast vekt på følgjande:
 - a. Fylkestinget er positiv til at Rv555 Sotrasambandet, E39 Myrmel-Lunde, E16 Hylland-Slæen og Rv5 Kjosnesfjorden er sett som bundne prosjekt av Statens Vegvesen, og føresett at dei får oppstart i første periode i Nasjonal transportplan. Fylkestinget viser også til Stortinget sine merknader ved handsaming av gjeldande Nasjonal transportplan om at E134 Seljestad-Røldal bør kunne starte i gjeldande periode ved bompengelån. Prosjektet er planavklart. Stad skipstunell er prioritert prosjekt og må ha snarleg oppstart. Fylkestinget stør fagetaten sitt innspel om å prioritere opprusting av rv 5 Markegata i Florø.
 - b. Fylkestinget meiner at E39 Ådland-Svegatjørn, som et prosjekt med særleg høg samfunnsnytte, må realiserast. Prosjektet vil bidra til tryggleik, næringsutvikling og utvikling av ein felles bu- og arbeidsmarknad, med meir enn halvering av reisetida mellom to av Norges største byar, Bergen og Stavanger. Prosjektet bidreg og til ein markant reduksjon av klimagassutslepp, og fører til betre rammevilkår for utvikling og omstilling, særleg i olje- og gassnæringa. Særleg er dette viktig for Bergensregionen der nærings- og samfunnsutviklinga dei siste åra har vist ein markant stagnasjon samanlikna med andre byregionar i Norge. Fylkestinget er nøgd med kostnadsreduksjonen ein har gjennomført knytt til Hordfast og meiner dette arbeidet må halde fram.
 - c) Fylkestinget meiner E16 og Vossebanen må realiserast. Strekninga er særleg ras- og ulykkesutsett. Prosjektet har høg nytte knytt til næringsutvikling og tryggleik. Fylkestinget er positiv til kostnadsreduksjonar om det bidreg til raskare oppstart. Vinterregulariteten på Bergensbanen må betrast, og det er behov for fleire og lengre kryssingsspor for at godstransport på jernbane skal styrkje si stilling i forhold til godstrafikk på vegar.
 - d) E39 er den mest sentrale transportkorridoren for Vestland, og må utviklast som hovudferdselsåre med tilstrekkeleg god standard for å binde landsdelen saman, og for å styrkje sambandet med Europa. Det må utarbeidast ein samla plan for utbygging av denne ferdselsåra. Fylkestinget meiner den ulukkesutsette og overbelasta delstrekninga E39 Klauvaneset-Vågsbotn må prioriterast. Standardkrava kan vurderast. Behova er og stor på delstrekninga E39 Heiane- Ådland. Nord for Bergen, er behova særleg store på strekningane E39 Storehaugen-Førde, E39 Eikefet-Romarheim, E39 Bogstunnelen-Gaular grense og E39 Byrkjelo-Grodås. E39 Storehaug-Førde vil erstatte den ulukkesbelasta, bratte og svingete vegen ned til Førde sentrum frå sør. Han vil og gje stor innsparing i reisetid og vere eit viktig trafikktryggingstiltak og bør derfor prioriterast i første periode, saman med parsellar som i dag ligg inne i

NTP. Fylkestinget meiner at på sikt må ferjefri E39 vere ei målsetting, også i denne delen av fylket. I første omgang må likevel strekningane mellom fjordkryssingane, prioriterast. Det bør vere høgare frekvens på ferjesambanda.

- e. Fylkestinget er nøgd med at Statens Vegvesen føreslår rassikring av Rv5 Erdal Naustdal, Rv13 Vinje-Myrkdalen og Rv13 Byrkjeneset. Fylkestinget vil vidare særleg vise til behovet for å realisere ny tunell på Rv13 Vikafjellet, da dette er den mest vinterstengte fjellovergangen i Sør-Noreg både grunna ras og vanskeleg vinterdrift. Dei skredutsette partia på E39 Skjersura og E39 Våtedalen må sikrast. Det er også eit stort behov for ny tunnel på Rv15 Strynefjellet grunna tunneltryggleiksforskrifta, vanskeleg vinterdrift og rasfare.
 - f. Det bør avsetjast strekningsvise midlar til Rv13 gjennom Hardanger for å fjerne dei største flaskehalsane.
 - g. Fylkestinget rår til at det blir sett av midlar til lenging av Fløyfjellstunnelen til Eidsvåg for å kunne leggje til rette for utvikling av et godt kollektivnettverk til Åsane. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med oppgradering av Fløyfjellstunnelen etter tunneltryggleiksforskrifta.
 - h. Fylkestinget er nøgd med at Kystverket vil prioritere ei rekkje farleistiltak på Vestlandet. Heving av vraket av ubåt U-864 ved Fedje er eit viktig prosjekt for kystsamfunnet, og fylkestinget meiner det må ei eiga løyving til tiltaket utan at det reduserer Kystverket sin kapasitet til å ivareta sine prioriterte oppgåver.
 - i. Fylkestinget vil prioritere rv. 52 og E134 som hovudsamband mellom austlandet og vestlandet. I første omgang må E134 Vågslid-Røldal inn i Nasjonal transportplan 2022- 2033, og det bør startast reguleringsplanlegging for strekninga E134 Bakka- Solheim. Vidare viser fylkestinget til regjeringa si avgjerd om å prioritere rv. 52 som hovudsamband for tungtransport og rv. 7 for personbiltrafikk og turisme. Det er behov for ein vidare utviklingsstrategi for oppgradering av dei to sambanda, og det bør avsetjast midlar til strekningsvise utbetringstiltak for å betre vinterregulariteten.
 - j. Fylkestinget meiner at det er viktig å utvikle eit fungerande ringvegsystem i Bergen, og rår difor til at strekninga Arna-Fjøsanger/Hop blir prioritert før strekninga E16 Arna Vågsbotn. I eit kortsiktig perspektiv vil fylkeskommunen vurdere å utbetre Fv587 Arna Nesttun, men denne vil ikkje vere ei erstatning for ringveg øst på lenger sikt.
 - k. Fylkestinget viser til Øst-vest-utgreiinga der det blir rådd til å gjennomføre ein konseptvalutgreiing for ein diagonal mellom E134 og Bergensområdet, og ber om at dette arbeidet vert starta opp.
8. Nasjonal transportplan 2022-2033 må avklare ein vidare strategi for korleis transportsektoren skal bidra til reduserte klimagassutslepp for å nå nasjonale mål. Tiltak som stimulering til teknologisk utvikling, endringar i køyretrøypark, reduksjon av utslepp i drifts- og anleggsfase samordna areal- og transportpolitikk i byområda er viktige tiltak. Det er nødvendig å legge til rette for ladeinfrastruktur i heile Vestland.
9. Fylkestinget forventar at staten tek sin del av spleiselaget for å sikre 100 % utbyggd høgfaringsbreiband i første del av planperioden.
10. Regjeringa må følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skuleveggar og andre tiltak retta mot barn og unge.
11. Det samla garantiansvaret til fylkeskommunane er blitt høgt, og fylkestinget meiner at staten må ta over dette ansvaret på riksveg.
12. Ferjeavløysing må bli eit eige strategisk satsingsområde i NTP. Fylkestinget meiner verktøya for ferjeavløysing må oppretthaldast og styrkast, mellom anna ved å leggja til rette for nye kontraktsformer for brubygging og føreseielege finansieringsformer

som tar omsyn til heile kapitalkostnaden.

13. Fylkestinget syner til teknologiutviklinga innan elektrifisering av luftfarten. Kortbanenettet i Vestland er godt eigna til å prøve ut denne teknologien, og Vestland fylke vil gjerne ha rolla som pilotfylke for elektrifisering av luftfarten. Me ber om midlar til å etablere nullutsleppsteknologi innan luftfart og at Avinor prioriterer elektrifisering av utvalde innanlandsruter til og frå Flesland, slik at Vestland kan utvikle leiande kompetanse for elektrifisering av luftfarten.
14. Sykkel er et transportmiddel som er tilgjengeleg for dei aller fleste, og som med riktig tilrettelegging kan bidra til at samfunnet når viktige nasjonale mål for betre folkehelse og miljø. Målsettinga om 8% sykkeldel nasjonalt og 20% i dei største byane må oppretthaldast. Det er behov for ein nasjonal sykkelstrategi som sikrar prioritering av sykkel i nye vegprosjekt både på riks- og fylkesveg og i byvekstavtalene. Sykkelbyprosjektet bør utvidast til fleire tettstader.
15. Fleire fylkesvegar har stor verdi for næringslivet, og går gjennom regionar med stort vekstpotensiale. Desse vegane bør få status som riksveg. Fylkestinget vil konkret peike på Kystvegen Bergen - Ålesund. Tilsvarande er det naturleg at sentrale samband mellom regionsentra og storbyane får riksvegstatus, t.d. Askøy-Bergen.
16. Vestland fylkeskommune forventar at det blir ein vidare dialog med departementet om prioriteringane i Nasjonal Transportplan 2022-2033.»

Avrøysting

Bjørkly sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Innstillinga fekk 2 røyster (FNB) og fall.

Heen sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget viser til høyringsfråsegn frå 2019 frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar om dei viktigast utfordringane til Nasjonal Transportplan 2022-2033. Høyringsfråsegna viser at det er store uløyste utfordringar for å få eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem i Vestland. Fylkestinget viser også til at det er naudsynt å få opp aktiviteten i næringslivet i Vestland etter korona-pandemien. Dei store behova gjer at det framleis må vere høge rammer i Nasjonal Transportplan.
2. Fylkestinget meiner at liv og helse må prioriterast først og at transportnettet vårt må vere trygt, føreseieleg og framkomeleg og bidra til balansert utvikling i heile fylket. Dagens modell for samfunnsøkonomisk lønsemd må reviderast og er ikkje åleine tilstrekkeleg som vurderingskriterium for prioriteringar.
3. Fylkestinget viser til skeivdeling av den totale ramma for NTP. Vestland har enorme behov knytt til å sikre liv og helse, likevel får landsdelen ein uforholdsmessig liten del av dei totale investeringsmidlane. Sentrale deler av landet får dekkja svært mykje av kollektivtransporten sin av staten, utan fylkeskommunale utgifter, fordi det vert føregår med tog. For Vestland fylke gjeld dette i svært liten grad, og då på strekninga Voss-Bergen. Det er derfor eit rimeleg og rettferdig krav at staten tar sterkare del i naudsynt kollektivsatsing i Vestland, og særleg i og rundt Bergen med finansiering av bybana. I inneverande NTP har jernbane om lag halvparten av dei statlege investeringsmidlane og denne satsinga føregår i hovudsak i det sentrale austlandsområde. Fylket vårt får heller ikkje del i prosjekta til "Nye vegar" og her berre eitt OPS-prodsekt i Vestland.
4. Fylkesvegane er viktige bindeledd lokalt og er sentrale i å mate trafikk inn mot riksvegnettet. Fylkesvegane må vere trygge og framkommelege og sikrast mot ras og flaum. Fylkestinget viser til, og støttar Nasjonal Rassikringsgruppe sitt, krav om å utbetre alle punkt med skredfaktor høg og middels. For Vestland fylke er desse utbetringane rekna til 40 milliardar for riks- og fylkesvegnettet. Vestland fylke ber om store løyvingar til fylkesvegnettet slik at vi kan ta att etterslepet på fylkesvegane i løpet av ein tiårsperiode - tilsvarande mål som Staten har for sine vegar.
5. Fylkeskommunane har fått nye statlege krav og oppgåver utan at tilstrekkeleg med ressursar har følgd med. Vestland fylkesting vil peike på:

- a. På grunn av klima- og miljøkrav, og ei naudsynt fornying av ferjeflåten som ikkje er kompensert, er ferjefylka sett i ein sær sars vanskeleg økonomisk situasjon.
 - b. Fylkeskommunane står ovanfor ei tilsvarande økonomisk krevjande situasjon grunna krav til reduksjon av klimagassutslepp for hurtigbåtane.
 - c. Tunneltryggleiksføreskrifta er eit nasjonalt krav som ikkje er tilstrekkeleg finansiert. Vestland har i dag om lag halvparten av alle fylkesvegtunnelane i landet og vil ikkje klare fristen med dei ressursar som er stilt til rådvelde.
 - d. Fylkeskommunen har overteke ansvaret for fiskerihamner. Midlane som er overførte til fylkeskommunane er langt lægre enn det som Kystverket hadde til disposisjon for fiskerihamner. Det er heller ikkje overført personellressursar.
 - e. Fleire fylkesvegar er omkøyringsvegar for riksvegar med hyppige stengingar, både som følgje av ulukker, ras, flaum og vegarbeid. Fleire av fylkesvegane er ikkje i god nok stand til å handtere dei store trafikkmengdene som kan kome av stengingar. Fylkestinget ber om at det vert sett av midlar for å betre framkome på omkøyringsvegar.
 - f. Fylkestinget meiner det er viktig å oppretthalde flyrutene i distrikta og det må bli tilført tilstrekkeleg økonomiske ressursar slik at FOT-rutene kan vidareførast. Det bør opprettast nye FOT-ruter på strekningar der det ikkje lenger er økonomisk lønsamt med kommersielle flyruter.
6. Det er knytt store kostnader til gjennomføring av nullvekstmålet og finansieringa av store kollektivinfrastrukturprosjekt er delvis finansierte av bompengar. På sikt er ikkje dagens finansieringssystem for byvekstavtalar berekraftig. Vestland fylkeskommune har store økonomiske utfordringar knytt til lån som måtte til for å bygge første trinn av bybana i Bergen, der staten sitt bidrag var 8 prosent. Staten må ta eit større ansvar for utbygging av kollektivsystem i dei store byane, mellom anna ved å bidra med minst 70% av finansieringa, eller auke ramma kraftig til Bybana sitt byggetrinn 5 til Åsane. Fylkeskommunen må også settast i stand til å kunne finansiere auka driftsutgifter til kollektivtrafikken for å kunne nå nullvekstmålet.
7. Fylkestinget viser til at det er store behov for investeringar i samferdsel på Vestlandet, og legg vekt på:
- a. Fylkestinget er nøgd med at samferdselsetatane legg stor vekt på å redusere forfallet. Eiterslepet på fylkesvegnettet er stipulert til om lag 12,0 milliardar i Vestland. Det er behov for å kritisk vurdere standardval, krav til hastigheit og trasear med sikte på å få ned kostnadsnivået. Standardval må også ta omsyn til at klima- og miljøutfordringane tilseier at biltrafikken må reduserast, særleg i og rundt dei store byane. Det må vera eit krav at alle europavegar har ein standard som tilsvarar minimum tofelts køyrebane med gul midtstripe.
 - b. Vegar og bane må sikrast mot skred og flaum. Fylkestinget viser til Nasjonal rassikringsgruppe sine krav om ein nasjonal plan for sikring av alle punkt med høg og middels skredfaktor i løpet av ein 12 årsperiode.
 - c. Fylkestinget er positiv til at det blir fremja tiltak på lengre korridorar i staden for berre einskildstrekningar. Det er behov for strategiar for einskildstrekningar for å betre standard, der det også blir vurdert enklare tiltak for å fjerne dei viktigaste flaskehalsane og ulukkespunkta. Mange mindre tiltak kan ha stor positiv effekt og det må bli avsett tilstrekkeleg med programområdemidlar til mindre tiltak.
 - d. Ein god og berekraftig infrastruktur i dei folkerike områda i og rundt Bergen er sær sars viktig for å redusere klimagassutslepp. Bergensregionen har spesielle utfordringar når det gjeld knappheit på areal, framkomst, støy- og luftforureining og behov for å redusere personbiltrafikken for å nå nullutsleppsmålet. Staten må difor i langt større grad bidra i finansieringa av store prosjekt som til dømes bybane til Åsane og sikre Byvekstavtalen i Bergensområdet.

8. Vestland er eit fylke med store behov innan samferdsle og prioritera følgjande investeringar i store prosjekt:
- a. Av omsyn til stor rasfare og mange ulukker er Vestland fylkesting si hovudprioritering for nye store prosjekt K5-alternativet for ny E16, og Vossebanen Arna-Stanghelle med samanhengande utbygging. Det må startast vidare planlegging av strekninga Stanghelle-Voss. Reisetida på Bergensbana må kome ned mot fire timar mellom Bergen og Oslo, og fylkestinget er nøgde med at Ringeriksbanen ligg inne i Jernbanedirektoratet sine prioriteringar.
 - b. Fylkestinget viser til Stortinget si handsaming av gjeldande NTP, der fleire viktige prosjekt for Vestland er med, og som no ikkje er funne plass til innanfor dei krava transportetatane har fått i oppdrag å prioritere etter. Det gjeld mellom anna fleire tiltak på E39 og på E134. Den siste har ein merknad om at Seljestad-Røldal bør kunne starte i gjeldande periode som bompengelån. Prosjektet er planavklara. Alle disse prosjekta må kome inn i første del av NTP. Fylkestinget viser til at Stad Skipstunnel er prioritert av eit samla Storting i gjeldande NTP, og ventar difor at Stad Skipstunnel får oppstartløyving i 2021 og vert fullfinansiert påfølgjande år. Fylkestinget føreset vidare at alle prosjekt som er bundne med oppstartløyving er å sjå på som igangsette.
 - c. E39 er den mest sentrale transportkorridoren for Vestland og må prioriterast som hovudferdselsåre med tilstrekkeleg standard for å binde landsdelen saman, og for å styrke sambandet med Europa. Det må utarbeidast ein samla plan for utbygging av denne ferdselsåra. Fylkestinget meiner at på sikt må ein mest mogleg ferjefri E39 vere ei målsetting. I første omgang må likevel strekningane mellom fjordkryssingane prioriterast. Det bør vere høgare frekvens på ferjesambanda. Særleg er behova store på strekningane E39 Heiane-Ådland, E39 Eikefet-Romarheim, E39 Bogstunnelen-Gaular grense, E39 Storehaugen-Førde og E39 Byrkjelo-Grodås, samt utbetring av punkt på strekninga Byrkjelo og Sandane. Desse strekningane manglar i stor grad gul midtstripe, har dårleg kurvatur og utgjør flaskehalsar på vegnettet. E39 Storehaug-Førde vil erstatte den ulukkesbelasta, bratte og svingete vegen ned til Førde sentrum frå sør. Han vil også gje stor innsparing i reisetid, vere eit viktig trafikktryggleikstiltak og bør derfor prioriterast i første periode, saman med parsellar som i dag ligg inne i NTP. Fylkestinget rår til at det blir sett av midlar til lenging av Fløyfjellstunnelen til Eidsvåg for å kunne leggje til rette for Bybana sitt byggjetrinn 5 til Åsane. Dette arbeidet må sjåast i samheng med oppgradering av Fløyfjellstunnelen etter tunneltryggleiksforskrifta. Fylkestinget meiner vidare at den ulukkesutsette og overbelasta delstrekninga E39 Klauvaneset-Vågsbotn må prioriterast. Standardkrava må vurderast og fylkestinget meiner det er tilstrekkeleg med 80 km fartsgrense, og at kollektivtrafikken vert prioritert.
 - d. Fylkestinget er nøgd med at Statens Vegvesen føreslår rassikring av rv. 5 Erdal-Naustdal, rv. 13 Vinje-Myrkdalen og rv. 13 Kinsarvik-Byrkjeneset. Fylkestinget vil vidare særleg vise til behovet for å realisere ny tunell på rv. 13 Vikafjellet som er den mest vinterstengte fjellovergangen i Sør Noreg, både grunna ras og vanskeleg vinterdrift. Rv 15 Strynefjellet må løysast med ny tunell grunna tunneltryggleiksforskrifta, jamfør allereie vedteke konsept. Vanskeleg vinterdrift og rasfare gjer at vegen er ofte stengd. Dei skredutsette partia på E39 Skjersura, E39 Våtedalen og E16 Nærøydalen må sikrast.
 - e. Fylkestinget vil prioritere rv. 52 og E134 som hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. I første omgang må E134 Vågsliid-Røldal inn i Nasjonal transportplan 2022-2033, og det bør startast reguleringsplanlegging for strekninga E134 Bakka- Solheim. Vidare viser fylkestinget til Regjeringa si avgjerd om å prioritere rv. 52 som hovudsamband for tungtransport og rv. 7 for personbiltrafikk og turisme. Det er behov for ein vidare utviklingsstrategi for oppgradering av dei to sambanda, og det bør avsetjast midlar til strekningsvise utbetringstiltak for å betre vinterregulariteten. Fylkestinget støt fagetaten sitt innspel om å prioritere opprusting av rv 5 Markegata i Florø.
 - f. Vinterregulariteten på Bergensbanen må betrast. Det er behov for fleire og lengre kryssingsspor for at godstransport på jernbane skal styrkje si stilling i forhold til godstrafikk på vegar.
 - g. Det bør avsetjast strekningsvise midlar til rv. 13 gjennom Hardanger for å fjerne dei største flaskehalsane.

- h. Fylkestinget er nøgd med at Kystverket vil prioritere ei rekkje farleistiltak på Vestlandet. Heving av vraket av ubåt U-864 ved Fedje er eit viktig prosjekt for kystsamfunnet og fylkestinget meiner det må ei eiga løyving til for dette tiltaket utan at det reduserer Kystverket sin kapasitet til å ivareta sine prioriterte oppgåver.
 - i. Fylkestinget meiner det er viktig å utvikle eit fungerande ringvegssystem i Bergen, og rår difor til at strekninga Arna-Fjøsanger/Hop blir prioritert før strekninga E16 Arna-Vågsbotn. I eit kortsiktig perspektiv vil fylkeskommunen vurdere å utbetre fv. 587 Arna-Nesttun, men denne vil ikkje vere ei erstatning for ringveg aust på lenger sikt.
 - j. Fylkestinget viser til aust-vest-utgreiinga der det blir rådd til å gjennomføre ein konseptvalutgreiing for ein diagonal mellom E134 og Bergensområdet og ber om at dette arbeidet vert starta opp. Vidare ber Fylkestinget om at det vert starta opp ei KVVU på rv 5 Håbakken-Skei.
9. FN sine bærekraftsmål, og særleg mål 9, peikar på det viktige i å ha god og solid infrastruktur for at samfunnet skal fungere. Infrastrukturen vi bygger må legge til rette for den elektrifiseringa vi ser vil kome; både av fly, båtar og bilar. Siste tida med krisehandtering har også synt kor viktig det er å kunne ha digital infrastruktur for å kunne drifte eit samfunn. NTP må legge til rette for at samfunnet kan ta dei rette klima-vala, slik at vi kan halde internasjonale forpliktingar. Nasjonal transportplan 2022-2033 må avklare ein vidare strategi for korleis transportsektoren skal bidra til reduserte klimagassutslepp og hindre tap av matjord og naturmangfald for å nå nasjonale mål. Tiltak som stimulerer til teknologisk utvikling, endringar i køyretøypark, reduksjon av utslepp i drifts- og anleggsfase samordna areal- og transportpolitikk i byområda er viktige tiltak. Det må gjennomførast tiltak for å redusere klimagassutslepp i distrikta, som for eksempel å leggje til rette for ladeinfrastruktur.
 10. Høgfartsbreiband til alle og full dekning av 5G mobilnett er avgjerande for vekst, utvikling, tryggleik og beredskap. I dagens moderne Noreg er full og sikker tilgang til dette for alle ein like naturleg infrastruktur som elektrisitet og vatn/avløp. Vestland fylkeskommune ventar at Staten sikrar anleggsmidlar som gjer at vi får bygt ut denne infrastrukturen i heile fylket innan 5 år.
 11. Fylkestinget syner til teknologiutviklinga innan elektrifisering av luftfarten. Kortbanenettet i Vestland er godt eigna til å prøve ut denne teknologien, og Vestland fylke vil gjerne ha rolla som pilotfylke for elektrifisering av luftfarten. Vi ber om midlar til å etablere nullutsleppsteknologi innan luftfart og at Avinor prioriterer elektrifisering av utvalde innanlandsruter til og frå Flesland, slik at Vestland kan utvikle leiande kompetanse for elektrifisering av luftfarten.
 12. Ferjeavløysing må bli eit eige strategisk satsingsområde i NTP. Fylkestinget meiner verktøya for ferjeavløysing må oppretthaldast og styrkast, mellom anna ved å legge til rette for nye kontraktsformer for brubygging og føreseielege finansieringsformer som tar omsyn til heile kapitalkostnaden.
 13. Sykkelen er et transportmiddel som er tilgjengeleg for dei aller fleste og som med riktig tilrettelegging kan bidra til at samfunnet når viktige nasjonale mål for betre folkehelse og betre miljø. Mål om 8% sykkeldel nasjonalt og 20% sykkel i dei største byane må oppretthaldast. Det er behov for ein nasjonal sykkelstrategi som sikrar prioritering av sykkel ved nye vegprosjekt på både riksveg, fylkesveg og i byvekstavtalene. Sykkelbyprosjektet bør utvidast til fleire tettstader.
 14. Regjeringa må følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skuleveggar og andre tiltak retta mot barn og unge. Fylkestinget vil peika på tiltak som til dømes betre og heilskapleg infrastruktur for skulebarn som går eller sykklar og trygg av-/påstiging for skulebuss/båt. Det er behov for auka bruk av Hjartesone ved planlegging av nye skular og styrkt satsing på trafikktryggleik i helsestasjonar, barnehagar og skular.
 15. Det samla garantiansvaret til fylkeskommunane er blitt høgt, og fylkestinget meiner at staten må ta over dette ansvaret på riksveg.
 16. Vestland fylkeskommune forventar at det blir ein vidare dialog med departementet om prioriteringane i Nasjonal transportplan 2022-2033.»

Samandrag

Samferdselsdepartementet har lagt opp til ein prosess for arbeidet med Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033 der fylkeskommunane og dei store byane skal kunne gje innspel i fleire omgangar. I første fase vart Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar utfordra til å peike ut dei viktigaste utfordringane. På bakgrunn av dei viktigaste utfordringane, er fylkeskommunane beden om å gje uttale til dei viktigaste tiltaka i prioritert rekkjefølgje. Denne saka følgjer opp dette. Fylkeskommunen har frist til 14. mai med å koma med innspel på prioriteringar i neste NTP.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør infrastruktur og veg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Samferdselsdepartementet har lagt opp til ein prosess der fylkeskommunane og dei store byane skal kunne gje innspel i fleire omgangar. I første fase vart Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar utfordra til å peike ut dei viktigaste utfordringane. På bakgrunn av dei viktigaste utfordringane, er fylkeskommunane beden om å gje uttale til dei viktigaste tiltaka i prioritert rekkjefølgje. Denne saka følgjer opp dette.

Det er heldt 3 regionale innspelsmøte og eit felles innspelsmøte etter at samferdselsverksemdene la fram sine framlegg til prioriteringar i mars 2020 basert på føringar frå samferdselsdepartementet. Samarbeidspartar er i tillegg blitt beden om å gje innspel med frist 3. april 2020. Desse innspela og presentasjonar frå innspelsmøte ligg på www.vlfk.no/ntp

Vedtakskompetanse

Etter delegeringsreglementet for fylkestinget pkt 2.1. har fylkestinget kompetanse til overordna planlegging og regional utvikling. Nasjonal transportplan er eit overordna dokument for samfunnsplanlegging og regional utvikling i fylket, og det har vore vanleg at fylkestinga gir uttale.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Nasjonal transportplan legg også rammene for fylkeskommunale ansvarsområde innan samferdsel

Klima: Nasjonal transportplan er eit sentralt dokument både for å følgje opp nasjonale målsettingar innan klimagassutslepp, og for tilpassing av infrastruktur til endra klima.

Folkehelse: Nasjonal transportplan har verknader for folkehelsa, td. trafikktryggleik, tilrettelegging for gåande og syklende og for samordna areal- og transportutvikling og med dette for tilrettelegging for «det gode liv».

Regional planstrategi: Det er i saka lagt vekt på å følgje opp regional planstrategi innan transportområdet.

Saksframlegg

Bakgrunn

Nasjonal transportplan (NTP) er eit dokument som fastset transportpolitikken til regjeringa. Viktige mål er effektiv bruk av verkemidlar og styrkt samspel mellom transportformene. Gjeldande NTP (2018-2029) vart lagt fram i 2017, mens komande vil omfatte perioden 2022-33.

Det er dei store investeringsprosjekta som tradisjonelt har fått mest merksemd i NTP-rulleringane. Samstundes omfattar NTP også Regjeringa si transportpolitikk i brei forstand, og legg mange andre viktige føringar. M.a. legg den også rammene for fylkeskommunen sine ansvarsområde, klima- og miljøpolitikken innan samferdsel, arbeidet med trafikktryggleik og transportsektoren sine bidrag innan samfunnstryggleik mv. Dokumentet er difor særskilt viktig både i forhold til framtidig transportpolitikk og til samfunnsutviklinga regionalt.

NTP-prosessen fram til no

Våren 2019 tok Samferdselsdepartementet over styringa av den pågåande NTP-rulleringa. Utgangspunktet no er at samferdselsverksemdene utgreier ulike problemstillingar etter bestilling frå Samferdselsdepartementet.

Regjeringa vil etter det vi kjenner til venteleg arbeide med ein stortingsproposisjon som etter det vi kjenner til vil bli lagt fram vinteren 2020-2021 med påfølgjande handsaming i Stortinget i løpet av vårterminen

Vestland sine innspel til prosessen

Departementet har lagt opp til ein prosess der fylkeskommunane og dei store byane skal kunne gje innspel i fleire omgangar. I første fase vart Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar utfordra til å peike ut dei viktigaste utfordringane

Departementet har bedt fylkeskommunane om å vektleggje følgjande i arbeidet med innspela:

- Framlegg til løysingar blir framstilla i prioritert rekkjefølgje
- Løysingane må vere eigna til å handtere dei identifiserte utfordringane, under dette at samanhengen mellom utfordringar og framlegg til løysingar er godt skildra.
- At det vert gjort greie for i kva utstrekning ein prioriterer å gjennomføre løysingar på område der ein sjølve har eit ansvar. Fylkeskommunane blir i tillegg bedne om å kome med framlegg til korleis dei kan bidra til kostnadsreduksjon og redusert planleggingstid i føreslåtte løysingar.

Samferdselsdepartementet har i same brev nemnt at dei i det vidare arbeidet vil leggje vekt på følgjande:

- Samfunnsøkonomisk lønsemd og effektivitet
- Målstrukturen for NTP 2022-33.
- Realistiske forventningar om fordeling på dei ulike landsdelane
- Teknologiske utvikling, særleg å unngå å gjere store avgjerder for investeringar i løysingar som er særleg teknologisk sårbare

Samferdselsministeren leiar ei politisk kontaktgruppe der fylkesordførar deltek saman med representantar for dei fire største byane og sametinget. Det har vore to møter i denne gruppa.

Det er også heldt ei regional samling mellom departementet og samferdselsverksemdene der også Rogaland fylkeskommune, Bergen kommune og Stavanger kommune deltok. Det er varsla at det blir eit nytt regionalt møte i august 2020.

Parallelt med denne dialogen med fylkeskommunane og dei store byane, er det lagt opp til ein dialog med næringslivet, arbeidstakarorganisasjonar og interesseorganisasjonar om ny NTP.

Rapportane frå samferdselsverksemdene er i tillegg sendt på brei høyring til 1. juli 2020.

Utfordringar for Vestland fylkeskommune

Både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune gjorde vedtak om Innspel til hovudutfordringar på samferdselsområdet. Sogn og Fjordane fylkesutval gjorde sitt vedtak 8. mai 2019 (sak 36/2019), mens Hordaland fylkesutval gjorde sitt vedtak 2. mai 2019 (sak 70/2019). Vedtaka vart stort sett likelydande, med eit par unnatak. Det er merka med feit og skravert skrift under:

«Nasjonal Transportplan 2018-2029 har som overordna målsetting å utvikla eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Vestland fylke har særlege utfordringar innan transportsektoren, desse er til hinder for god og trygg transport for næringsliv og befolkning, for verdiskapinga og gjev klimamessige utfordringar. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar. Arbeidet med rullering av NTP for 2022-2033 må løysa desse utfordringane på ein betre måte enn dei prioriteringane som er gjort i gjeldande plan. I den samanheng syner fylkesutvalet til Hordaland fylkesting sitt høyringsvedtak des 2017 i saka «Høyring til handlingsprogrammet til NTP.

Hordaland fylkeskommune/Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i sitt innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 peika på følgjande områder og utfordringar for transportsektoren i prioritert rekkefølge:

1. Næringsliv og befolkning må kunne sikre sitt mobilitetsbehov med trygge, effektive og klimavenlege transportformer og infrastruktur som byggjer opp om dei overordna målsettingane. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold, låg vegstandard og mange utrygge vegar og jernbanestrek med høg rasfare. Sentrale punkt er:

a) Skred og flaum.

Vestland fylke er eit stort skredfylke. Som følgje av klimaendringane ser vi hyppigare tilfelle med skred og flaum. Det er derfor viktig med ei auka satsing på skredsikring av både riks- og fylkesvegnettet. Alle riks- og fylkesvegar og jernbanestrekningar i skredfarekategori høg og middels må sikrast mot skred. Det må bli utarbeida ein nasjonal plan for gjennomføring av skredsikring slik det er foreslått av «nasjonal rassikringsgruppe», og at dette vert innarbeida i Nasjonal transportplan.

Klimaendringane i eit 20-30 års perspektiv er omfattande, også lokalt. Det er derfor avgjerande at det ligg eit oppdatert og samanfatta kunnskapsgrunnlag til grunn for denne utfordringa.

b) Vedlikehald

Vestland fylke har eit dokumentert etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet på 12 milliardar kroner. I samband med NTP 2022-2033 må det sikrast tilstrekkeleg med midlar for å stoppe og redusere forfallet på riks- og fylkesvegnettet, inkludert bruer og tunellar. Fylkeskommunen må setjast i økonomisk stand til å ivareta vegeigaransvaret på ei god måte, og å ha handlingsrom til å stoppe og å redusere forfallet på fylkesvegnettet. Utfordringa er at det manglar ein samla plan for dokumentasjon av etterslep og oppgradering av fylkesvegnettet. Tunnelsikkerheitsforskrifta er krav som nasjonale myndigheiter har vedteke, og som staten må finansiere.

c) Klima og miljø

Reduksjon av klimagassutslepp innan samferdselssektoren må bli sentralt i Nasjonal transportplan 2022-33. Å ta i bruk ny teknologi eller bidra til utvikling av ny utsleppsfri teknologi er både tidkrevjande og økonomisk utfordrande. Fylkeskommunen har teke store løft innan fornying og elektrifisering av ferjer, utbygginga av bybane og må nå arbeida for

låg- og nullutsleppsteknologi for bussar og hurtigbåtar. Fylket har eit velutbygd rutenett for passasjertransport med hurtigbåtar som har eit stort potensiale for vidare utvikling med klimavenlege løysingar. Dette er viktige bidrag for å nå dei nasjonale klimamålsettingane. Satsing på klimagassreducerande tiltak må ikkje gå ut over drift og vedlikehald av fylkesvegnettet eller på tilbodet av kollektivtrafikk.

Byvekstavtalane må vidareutviklast og bidra til å redusere transportmengda og endre transportmiddelfordelinga, i tillegg til å avgrensa arealbruken. Dagens ordning for finansiering av avtalen gjennom statleg tilskot og bompengar er ikkje berekraftig og må endrast. «Nullvekstmålet» som er sett for m.a. Bergensområdet vil krevja store investeringar i miljøvenlege transportformer for kollektivtrafikken og tiltak for syklende og gåande. Det må etablerast betre støtteordningar dersom fylkeskommunen skal kunne gjennomføra ytterlegare tiltak.

d) Overføring av gods frå veg til sjø og bane

Den nasjonale målsettinga om overføring av gods frå veg til sjø og bane krev framskunding av naudsynte investeringar i infrastruktur. Dette gjeld opprusting og behovet for innkorting av reisetid på Bergensbana, utbygging av intermodule hamneløysingar og etablering av nytt logistikknutepunkt for Bergensområdet. Framtidige prognoser og planlegging må også ta inn over seg teknologirevolusjonen innan marin skipsfart, som kan endre føresetnadane når det gjeld pris og kapasitet.

e) Trygge skuleveggar

Det er viktig at barn og unge kan ferdast trygt i trafikken og læra gode og miljøvennlege reisevanar tidleg. Derfor bør regjeringa følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skuleveggar og andre tiltak retta mot barn og unge.

2. Frå 2020 blir Vestland fylke eit stort fylke med lange avstandar og ein krevjande topografi. Regionale statsetatar, høgskule, fylkeskommune, Helse Vest mfl. har behov for god og sikker intern kommunikasjon mellom dei ulike delane av fylket og ikkje minst mot Bergensområdet.

Det er framleis lange strekk på Riksvegnettet som har høg trafikk, låg standard utan gul stripe og som er svært utsett for ras. Dette gjeld særleg transportkorridorane aust/vest og nord/sør der fleire av fjellovergangane også har for dårleg regularitet om vinteren og store utfordringar knytt til tunnelsikring.

Hordaland: Fylkesutvalet syner til Hordaland fylkesting sin uttale til Handlingsprogrammet 2018-23 for NTP når det gjeld dei tre Europavegane E16, E39 og E134 i Hordaland.

Sogn og Fjordane:

Tog er fullfinansiert av staten, i område utan slike tilbod er det fylkeskommunen som må finansiere kollektivtilbodet. Det er difor viktig at dei økonomisk er i stand til å gje same tilbod til innbyggjarane som i område med tog. Langdistansebussar er ei fleksibel, distriktsvenleg og god kommunikasjonsform. Vilkåra for langdistansebussar må leggast til rette slik at det vert oppretta tenelege ruter som bind saman det nye storfylket. Sogn og Fjordane fylkeskommune prioriterer opprusting av E39 med gul midtstripe på nord-sør korridoren opprusta og ferjefri E39. Vi ber om at ein held fast på Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt prioriterte aust-vestsamband for tungrtransport er E16/RV52, som i dag ligg til grunn i gjeldande NTP. Det er fleire av fjellovergangane som har for dårleg regularitet om vinteren og har store utfordringar knytt til tunnelsikring og ras, til dømes RV15 Strynefjellet.

Vidare strategi for transportkorridoren sør/nord (ferjefri E39) må ta omsyn til utfordringa med reisetid, regularitet og høge kostnader knytt til fjordkryssingane, å leie gjennomgangstrafikken utanom Bergen (nullvekstmålet i Bergensområdet), samt løysa utfordringane knytt til høg trafikk og låg vegstandard nordover frå Bergen.

3. Stengde riksveggar og dårlege omkøyringsveggar på fylkesvegnettet er mellom anna til hinder for ein effektiv næringstransport. Mange fylkesveggar som er definerte som omkøyringsveg for riksvegnettet har for låg standard til å ta imot den auka trafikken.

Dersom desse fylkesvegane framleis skal vere omkøyingsveg for riksvegnettet, må fylkeskommunane settast økonomisk i stand til gjennomføre nødvendige utbetringar.

4. Høgfarings breiband til alle og full dekning av 5G mobilnett er avgjerande for vekst, utvikling, tryggleik og beredskap. I dagens moderne Norge er full og sikker tilgang til dette for alle, ein like naturleg infrastruktur som elektrisitet og vatn/avløp. Vestland fylkeskommune ventar at Staten sikrar anleggsmidlar som gjer at me får bygd ut denne infrastrukturen i heile fylket innan fem år.
5. Nasjonal transportplan må avklare samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar og politiske val som utviklinga medfører, og utvikle ein strategi for innfasing og finansiering av ny teknologi, som til dømes hydrogen. Teknologiskifte vert kostnadskrevjande, og kan ikkje kome til erstatning for oppgradering av infrastruktur og reduksjon i vedlikehaldsetterslepet. Det må bli unngått at sjølvkøyrande bilar bidreg til auka trafikk og auka arealbeslag.

Auken i el-bilar krev betydeleg auke i ladeinfrastruktur i heile fylket. Det er ei utfordring at dagens ladeinfrastruktur for ferjer og skip ikkje er standardisert, og derfor ikkje kan nyttast i stor grad på tvers av fartøy. Det er avgjerande at nettkapasiteten held tritt med denne utviklinga.»

Fylkestinga sine vedtak om Nasjonal transportplan 2018-2029

Både fylkestinget i Sogn og Fjordane og Hordaland Sogn og Fjordane gav høyringsfråsegn i førre runde av Nasjonal transportplan i fylkestinga i juni 2016.

Sogn og Fjordane sitt vedtak

https://www.sfj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr22_2016-cat344489-mid1478_ad25360900.16066214d16066214.425748a5a0.pdf

Hordaland sitt vedtak

<https://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=7260&caseType=Protokoll®istryEntryId=205169&sourceDatabase=>

Fylkeskommunal medverknadsprosess

Det er lagt stor vekt på medverknad frå ulike aktørar i fylket. På dette grunnlag har fylkesordførar invitert til 3 regionale samlingar, som vart gjennomført i Bergen 19. februar, i Leirvik på Stord 21. februar og på Skei i Jølster 27. februar. Det er i tillegg gjennomført eit nettmøte 27 mars på grunnlag av samferdselsverksemdene sine framlegg til prioriteringar, sjå nedanfor.

Artiklar frå møtet og presentasjonane som blei brukte i møta er lagt inn på www.vlfk.no/ntp

Kommunar, regionråd og organisasjonar i Vestland fylke har vore inviterte til å gje innspel til fylkeskommunen sine prioriteringar. Desse saman med fylkesrådmannen sine kommentarar til framlegga er også tilgjengelege på www.vlfk.no/ntp.

Prosjekt i Vestland i NTP 2018-2029

Følgjande prosjekt vart innarbeidd i første del av NTP 2018-29 (perioden 2018-2023):

- Rv. 555 Sotrasambandet. Førrebuande arbeid med flytting av kraftline er starta opp, OPS-kontrakt er lyst ut.¹
- E39 Myrmel-Lunde. Løyvd midlar i statsbusjettet for 2020.
- Rv 5 Kjøsnesfjorden: Pågår. Ligg som bunde prosjekt i SVV sitt prioriteringsinnspel til NTP 2022-2033.
- E39 Strekningsvise tiltak Byrkjelo-Sandane. Tiltaka er ikkje starta opp
- E39 Stad skipstunnel: Prosjektet er ikkje starta opp, og er ikkje finansiert.


Følgjande prosjekt vart innarbeidd i andre del av NTP 2023-2029:

- E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast): Oppstartsløyving. Kommunedelplan er godkjend.

¹ Prosjektet er rekna som bunden prosjekt i SVV sitt framlegg til prioriteringar for Nasjonal transportplan 2022-2033

- E16 Stanghelle-Arna: Vegdelen vart fullfinansiert, men ikkje jernbanedelen. Arbeid med reguleringsplan pågår.
- E39 Vågsbotn-Klauvaneset: Oppstartsløyving. Kommunedelplan pågår.
- E16 Arna-Vågsbotn: Fullfinansiert. Kommunedelplan pågår
- E134 Røldal-Seljestad: Fullfinansiert. Reguleringsplan, bompengesøknad under arbeid.
- Jernbane Stanghelle- Arna: Delfinansiert. Reguleringsplan pågår.
- E39 Bogstunnelen- Gaular grense - Fullfinansiert. Godkjend kommunedelplan
- E39 Skjersura. Rassikringsprosjekt
- E39 Votedalen. Rassikringsprosjekt

Karta under viser dei ulike prosjekta. Dei prosjekta som er merka i blått, ligg inne i NTP 2018-1029, mens dei som er merket blått, er under planlegging.



Prosjekt i NTP 2018-29

- 1: Rv. 555 Sotrasambandet
- 2: E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset
- 3: E16/Vossebanen Arna-Stanghelle
- 4: E39 Stord-Os (Hordfast)
- 5: E134 Seljestad-Røldal-Vågsli
- 6: E16 Nærøydalen
- 7: Bogstunnelen -Gaular grense
- 8: E39 Myrmel-Lunde
- 9: E39 Skjersura
- 10: Rv. 5 Kjøsnestfjorden
- 11: E39 Votedalen
- 12: E39 Byrkjelo-Sandane
- 13: Stad skipstunnel

Svar på bestillingar frå samferdselsdepartementet til transportverksemdene

Delrapportar frå transportverksemdene

Etter bestilling frå Samferdselsdepartementet har transportverksemdene utarbeida ein rekkje delrapportar. Samferdselsverksemdene er Statens Vegvesen, Kystverket, Jernbanedirektoratet, Avinor og Nye Vegar AS.

Det er i vedlegg til denne saka gitt ei kort oppsummering av desse oppdraget.

Bestilling frå samferdselsdepartementet til samferdselsverksemdene om prioritering

Samferdselsdepartementet har 21 november 2019 sendt ut brev til samferdselsverksemdene med bestilling om å utarbeide eit plangrunnlag, og fylkeskommunane om skriftlege innspel til prioriterte tiltak innan 14. mai 2020. Brev ligg på <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/ntp-2022-2033-invitasjon-til-a-komme-medinnspill-om-prioriteringer-pa-transportområdet/id2679261/>.

Saman med m.a. høyringsfråsegn frå fylkeskommunane og storbyane, vil dette utgjere grunnlag for stortingsmeldinga.

Samferdselsverksemdene sine framlegg til prioriteringar


I bestillinga til etatane står det m.a.:

«Samferdselsdepartementet vil i tråd med dette be om et plangrunnlag for siste del av planperioden uten konkrete prosjekter. I første seksårsperiode ber departementet om at virksomhetene fortsatt foreslår prioriteringer på konkrete prosjekter og tiltak, samtidig som planen også for denne perioden vil løftes til et mer strategisk og overordnet nivå. Departementet vil i løpet av kort tid be transportvirksomhetene om å fremme sine forslag til løsninger og prioriteringer av ressursbruken i perioden 2022-2033. Prioriteringene skal gjøres innenfor beregningstekniske økonomiske planrammer. Fristen for dette oppdraget er 13. mars 2020.»

Samferdselsdepartementet har bedt om prioriterte innspel basert på netto nytte. Innspela er gitt innafør beregningstekniske rammer. Ramme A er ei vidareføring av budsjetttrammene for 2020 for samferdsel i heile perioden. Ramme B er vidareføring av snitt for NTP 2018-2029. Ramme A er 31 110 mill. kr årleg i heile perioden (2020 kroner) mens ramme B er eit årleg snitt på 35 210 mill. kr for perioden 2022-2027, aukande til 42.250 i perioden 2028-2033.

I tillegg kjem eit årleg beløp på 45,4 mrd. til tilskotsposter for byområda.

Det er sett slik målstruktur for Nasjonal transportplan 2022-2033:



Statens Vegvesen

Statens Vegvesen har lagt følgjande til grunn for sine prioriteringar:

1. Trafikantane si nytte skal aukast ved å leggje til rette for god framkome, høg trafikktryggleik og reduserte klimagassutslepp og miljøulemper.
2. Syte for at veginfrastrukturen blir lagt til rette for det digitale samfunnet. Ny teknologi skal utnyttast for å betre framkome, tryggleik og klima og miljø, samt for å redusere kostnadene.
3. Ta vare på eksisterande vegnett og etaten sine løypande forpliktingar og drift. Nivået på vedlikehaldet skal vere tilstrekkeleg til at forfallet på vegnettet ikkje aukar.
4. Investeringsiltak skal prioriterast med trinnvis utbygging og utbetring av vegnettet over lenger strekningar.

Tabellen under viser fordelinga på ulike postar (mill. 2020-kr):

Mill. 2020-kr	Ramme A			Ramme B		
	Årleg snitt 2022-2027	Årleg snitt 2028-2033	Sum 2022-2033	Årleg snitt 2022-2027	Årleg snitt 2028-2033	Sum 2022-2033
01 Driftsutgifter	4 183	4 034	49 302	4 183	4 034	49 302
22 Drift og vedlikehald	8 195	7 701	95 379	8 195	7 701	95 379
28 Trafikant og køyretøy	1 910	1 879	22 729	1 910	1 879	22 729
29 OPS-prosjekt	1 544	466	12 062	1 544	466	12 062
30 Riksveginvesteringar	12 090	13 576	153 998	16 190	24 217	242 442
31 Skredsikring	935	1 202	12 822	936	1 701	15 818
61, 64, 65 div. tilskot til fylkesvegar	372	372	4 458	372	372	4 458
72 Riksvegferjetenester	1 346	1 346	16 146	1 346	1 346	16 146
73 Red. hompengetakstar utanfor byområda	536	536	6 426	536	536	6 426
SUM kap. 1320	31 110	31 110	373 320	35 210	42 250	464 760

Det er for begge rammene føreslått same løyvingsnivå på alle postane unnateke investeringspostane på riksveg og på skredsikring. Det er lagt inn effektiviseringsvinstar både på drift og vedlikehald og på trafikant og køyretøyområdet, riksvegferjer og drift av Statens Vegvesen.

SVV føreslår 154 mrd. kr til riksveginvesteringar i NTP-perioden i ramme A og 242 mrd. kr. i ramme B. Det er bindingar på prosjekt som er starta opp og til to prosjekt som er naudsynte for å innfri tunneltryggleiksforskrifta på til saman 33 130 mill. kr i første seksårsperiode. Det er føreslått h.v. 3,7 og 8,6 mrd. kr til nye store vegprosjekt. I første periode er store vegprosjekt rangert etter samfunnsøkonomisk lønsemnd. I siste periode er det også teke omsyn til viktige vegar for næringslivet og bustad- og arbeidsmarknadsregionar. Her er særleg områda Stavanger-Haugesund-Bergen, Molde-Ålesund-Kristiansund N og Lofoten-Vesterålen nemnde.

Det er framlegg om å utbetre vegar der dette er tilstrekkeleg for å gje eit godt tilbod til trafikantane i lang tid. Dette bidreg til å redusere kostnader og gjer mindre negative konsekvensar for klima og miljø. Det er føreslått å prioritere utbetningsstrekningar med h.v. 2,5 og 1 mrd. Kr i h.v. ramme B og ramme A. Det er i tillegg føreslått ein pott knytt til vegutbetring, kollektivtransport, sykkel og gåing og miljø og servicetiltak på h.v. 2 og 1,6 mrd. kr pr år i ramme B og ramme A.

Dei siste åra er samla vedlikehaldsetterslep på riksvegar blitt redusert som ein følgje av stor satsing på oppgradering av tunnelar. Etterslepet på bruer, ferjekaiar og ein del vegutstyr har derimot auka. SVV har vurdert at dei kan ta igjen store delar av etterslepet med ein årleg ramme på h.v. 2,1 og 1,6 mrd. i ramme A og ramme B.

Det blir lagt opp til å utvikle strekningar trinnvis med ein kombinasjon av store prosjekt, utbetringar, vedlikehaldstiltak og utbetring av forfall for å ta vare på vegkapitalen.

Det er framlegg om skredsikringsprosjekt på h.v. 44,3 mrd. kr og 103,7 mrd. kr. i planperioden avhengig av rammenivå. Desse er prioritert i første rekkje etter skredfaktor.

Det vert vidare lagt opp til stor satsing på utvikling av digital infrastruktur og samverkande tenester..

Prioritering i dei største byområda

Transportetatane har fått i oppdrag å komme med forslag til tilskot til dei største byområda innanfor byvekstavtalane og beløningsordninga. Oppdraget gjeld fordeling av midlar til 50/50-ordninga (kap. 1330 post 63) og tilskot til beløningsordningar i byområda (kap. 1330 post 66). Desse postane har fått ei økonomisk ramme på til saman 45,4 mrd. kr for planperioden 2022-2033.

Innanfor ramma på 45,4 mrd. kr anbefaler transportetatane at staten oppfyller sine forpliktingar i dei framforhandla forslaga til byvekstavtalar i dei fire største byområda. Desse har ein avtaleperiode frå 2019 til 2029, der 2022-2029 vert omfatta av ny planperiode for Nasjonal transportplan. Ramma til byvekstavtalane betyr at staten legg til rette for å realisere 50/50-prosjektet Bybane til Fyllingsdalen i planperioden, men ramma gjev ikkje rom for fleire 50/50-prosjektar enn dei som er omtala i Nasjonal transportplan 2018-2029. Det er dermed ikkje sett av midlar til å finansiera Bybanen til Åsane.

Transportetatane ber vidare om at ein vurderer andre modellar for statleg tilskot til store kollektivprosjekt, enn 50/50-ordninga. Eit eksempel på ei slik tilnærming kan vera at det vert fastsett eit beløp som ikkje er basert på ein bestemt del av prosjektkostnadene, men heller er basert på måloppnåing og samfunnsøkonomisk nytte.

Innanfor den økonomiske ramma på 45,4 mrd. kr er det ikkje mogleg å vidareføre dagens tilskotsnivå for beløningsordningar i komande reforhandlingar om byvekstavtalar for perioden 2022-2033. Transportetatane anbefaler likevel at det vert sett av beløningsmidlar til alle byområde i 2030-2033, men på eit lågare nivå enn framforhandla avtalar for perioden 2019-2029.

Transportetatane har følgd opp departementet sine føresetnader om at regjeringa sin bompenggeavtale skal inngå i den økonomiske ramma på 45,5 mrd. kr.

I tillegg kjem statlege midlar til programområdetiltak (kap. 1320 post 30) som vist i tabellen under. Merk at totalpotten til programområdetiltak for heile planperioden er 23 328 mill. både innanfor ramme A og B.

Statens vegvesen legg i sitt framlegg opp til fylgjande finansielle rammer til byvekstavtalar og storbyutfordringar:

	Ramme A Årleg snitt 2022-2027	Ramme A Årleg snitt 2028-2033	Ramme A Sum 2022- 2033	Ramme B Årleg snitt 2022-2027	Ramme B Årleg snitt 2028-2033	Ramme B Sum 2022- 2033
Post 30 riksveg- investeringa r	1 944	1 944	23 328	1 944	1 944	23 328
Belønings- midlar og 50/50 prosjekt			45 400			45 400
Totalt			68 728			68 728

Samanlikna med gjeldande NTP er dei finansielle rammene om lag uforandra (66,4 mrd i NTP 2018-2029), sjølv om bompenggeavtalen er lagt inn i etatsframlegget. Store delar av ramma er bundne midlar til programområdetiltak og 50/50-prosjekt. Det er dermed ikkje rom for auka programområdeinvesteringar eller auka driftsmidlar til ruteproduksjon, utover det som ligg i byvekstavtalen.

Tabellen under viser utrekna kostnader for store prosjekt i Vestland før og etter ei vurdering av kostnadsreduksjon (jf. bestilling 1 frå samferdsledepartementet til Statens Vegvesen). Ei slik vurdering er ikkje gjort for alle prosjekta.

	Kostnad	Kostnad etter kostnads+ reduksjon	Kostnadsreduserande tiltak
E39 Heiane-Ådland	2 814	2 587	Endra line, redusere g/s -veg
E39 Ådland- Svegatjørn	38 500		
E39 Fjøsanger-Arna	10 490		
E39 Vågsbotn- Klauvaneset	4 120		
E39 Flatøy- Eikefettunnelsne	14 099		
E39 Eikefet- Romarheim	1 750	1 750	Endring av bru
E39 Bogstunnelen- Gaular grense	1 300	1 125	Fjerne kryss i vest

E39 Myrmel-Lunde	534	534	Inga endring
E39 Storehaugen - Førde	3 768	2 871	Eittløpstunnel i staden for dobbelt løp. Erstatte to bruar med ei bru
E39 Skjersura	779		
E39 Klakegg-Byrkjelo	2 038		
E39 Byrkjelo.Sandane	960		
E39 Byrkjelo-Svarstad	9 100	8 550	Redusere vegklasse. Plankryss i staden for planskild kryss
Rv 13 Grostøl-Sandvinsvatnet	3 300	3 132	Innkorting tunnel, flytte tunnelinslag, redusere tunnelprofil, kortare bru
Rv 13 Kinsarvik-Bu	1 306		
Rv 13 Vikafjellet	3 610		
E134 Vågsli-Røldal	4 278	4 244	Innkorting av portalar og bru, fjerne kulvert
E134 Røldal-Seljestad	3 097	2 905	Innkorting av prosjet, fjerne overgangsbru, lokalveg,
E134 Bakka-Solheim	1 940		
Rv 52 Bjøberg-Borlaug	8 300		
E16 Hylland- Slæen	1 816	1 460	Fjerne forbikøringsfelt i tunnel, redusere tunnelprofil
E16 Tvinno-Voss	1 700		Korte ned gang- og sykkelveg
E16 Voss-Stanghelle	12 300		
E16 Stanghelle-Arna	13 005		
E16 Arna-Vågsbotn	7 496		
Rv 5 Erdal- Naustdal	2 600		
Rv 15 Lægervatn-Skora	4 200		

Fleire prosjekt blir vurderte som bundne. Dette skuldast enten at prosjekta er starta opp, eller at dei er naudsynte av omsyn til krav som følgje av tunneltryggleiksforskrifta. For Vestland gjeld dette:

- E39 Sveгатjørn - Rådal 154 mill. kr
- E39 Myrmel - Lunde 396 mill. kr.
- Rv. 555 Sotrasambandet (OPS-prosjekt), 5,5 mrd. i statleg tilskot og 5,5 mrd. i brukarfinansiering. I tillegg kjem over 1,5 mrd. til kr til førebuande arbeid (flytting av høgspenteleidning) og til drift av OPS-prosjektet.

Rassikringsprosjekt:

- Rv. 5 Kjøsnesfjorden 355 mill. kr.
- E16 Hylland - Slæen 1 461 mill. kr.(grunna tunneltryggleiksforskrifta)

For nye prosjekt har Samferdselsdepartementet bedt Statens vegvesen om å prioritere etter samfunnsøkonomisk netto nytte. Ut i frå dette Av nye prosjekt føreslår SVV følgjande prosjekt:

I ramme A

- Oppstart ferjefri forbindelse mellom Stavanger og Bergen, prosjektet E39 Ådland-Sveгатjørn. (Hordfast). 36 700 mill. kr totalt, der staten er føresett å bidra med 19 300 og brukarbetaling på 17 400 kr. I ramme A ligg det litt over 3,8 mrd. i perioden 2022-2027, mens det i ramme B ligg inne litt over 10,6 i same periode.

Rassikring i ramma A:

- Rv. 5 Erdal - Naustdal 2 662 mill. kr

Ved ramme B kjem følgjande prosjekt i tillegg:

- Rv. 13 Byrkjeneset i Ullensvang kommune 240 mill. kr

Ved ramme A ligg følgjande utbetningsstrekningar

- Rv. 5 Markegata 108 mill. kr.

- Rv. 5 Fjærlandstunnelen - Lundebotn 114 mill. kr.

Ved ramme B kjem i tillegg:

- Rv. 5 Sogndalsdalen 151 mill. kr.

Andre periode

Ved ramme A:

- Fleire skredsikringstiltak på E39 og sikring av fleire skredpunkt langs rv. 13.
- Vesentlege utbetringar av m.a. E16 og rv. 5.
- Utbetringar av m.a. E16 og rv. 5.

Ved ramme B kjem følgjande:

- Betydelege utbetringar på rv. 13. Strekningar med framkomeproblem særleg om sommaren vil bli prioriterte.
- Noko mindre utbetringar og skredsikring på E39.
- Skredsikring langs rv. 15.

Andre prosjekt på E39

Av andre store prosjekt på E39 utanom Vestland ligg det inne fullføring av E39 Rogfast og Ferjefri E39 i Møre og Romsdal.

Fordeling mellom korridorar


Tabellen under viser fordeling mellom korridorar for siste del av NTP-perioden. Den viser at store delar vil gå til korridor 4 (Stavanger- Bergen-Trondheim). Nest mest midlar er sett til korridor 5 (Oslo-Bergen/Haugesund med arm via Sogn til Florø). SVV har etter bestilling frå departementet ikkje fordelt dette på prosjekt.

2028-2033				
Korridor	A-ramme 2028-2033		B-ramme 2028-2033	
	Stat	Annen	Stat	Annen
1	3 219	4 991	1 895	-
2	721	-	547	-
3	-	-	50	-
4	25 292	17 355	61 841	5 968
5	8 913	1 500	12 684	2 850
6	3 399	-	2 493	440
7	450	-	11 437	5 500
8				
SUM	41 994	23 846	90 974	14 758

Samla fordeling mellom korridorar i framlegget frå Statens Vegvesen i siste periode er vist under. Den store satsinga på korridor 4 skuldast i første rekkje fjordkryssingsprosjekt på E39. Vidare er ikkje Nye Vegar as sine prosjekt med i tabellen. På austlandet er det i tillegg stor satsing på jernbane, som ikkje kjem fram i figuren under.

Nye vegar AS

Nye vegar as har i dag 3 strekningar der dei har ansvar for utbygging i regi av selskapet. Dei har i sitt innspel til NTP føreslått i alt 18 nye strekningar som aktuelle for deira portefølje. Desse er vist i kartet under



I Vestland gjeld dette følgjande strekningar:

- E39 Bokn - Stord: Det er føreslått 4 felts motorveg med 110 km/t. Det er føreslått å vurdere bru som mogleg ny Bømlafjordstunnel. Kostnad er estimert til om lag 22,3 mrd kr.
- E39 Stord - Os: Dei har vurdert ei løysing for ein indre korridor opp langs Tynesøya, etter dette mot Eikelandsosen og over Samnangerfjorden til Os. Det vil kunne ha synergieffektar av ein indre løysing med ei framtidig E134-kopling. Dei har estimert indre trase til rundt 30 mrd. kr. Denne løysinga samsvarer ikkje med det valde konseptet for kryssing av Bjørnafjorden, og Nye Vegar har difor ikkje utgreidd dette nærare. Dei har som eit alternativ sett på strekninga Stord-Kaldafoss der brua over Bjørnefjorden er planlagd. Denne delstrekninga er estimert til 12,5 mrd. kr.
- E134 med mogleg fartsgrense 110 km/t mellom Oslo og Bergen. Det er sett på to moglege trasear, ein nordleg som går via Rødberg og Dagali, og deretter følgjer i stor grad rv. 7, og ein som i stor grad følgjer E134 fram til Skare, og derifrå nordover mot Bergen. Kostnad er kalkulert til mellom 120 og 150 mrd. kr.

Jernbanedirektoratet

Jernbanedirektoratet og Bane NOR gjev ei felles tilråding for prioritering av ressursar i NTP 2022-2033. Det er lagt vekt på å kunne tilby eit godt og driftsstabilt togtilbod til passasjerar og godskundar, utvide kapasiteten der etterspørselen viser eit behov for det, og i einskilde tilfelle opna opp nye marknader der toget bør bidra til å møta transportbehovet. Sektoren peikar på at befolkningsvekst og velstandsutvikling gjev auka transportbehov i planperioden, og at ei vidare utvikling av jernbanetilbodet vil bidra til å løysa viktige transportpolitiske mål.

For korridor 5 Oslo-Bergen meiner jernbanedirektoratet at hovudutfordringane er lange framføringstider, flaskehalsar inn mot byane, ras- og skredutsette parti og høgfjellsproblematikk. I korridoren er klimaendringane ei sentral utfordring, med auka fare for stein- og snøskred i åra framover. Nasjonalt har strekninga vest for Finse flest registrerte årlege skredhendingar.

Ambisjon for korridoren er å bidra til eit klimavenleg, attraktivt og trafikksikkert transporttilbod for dei lange reisene i korridoren, auke effektiviteten til godstransporten og betre kollektivtilbodet for bu- og arbeidsmarknadsregionane i endane av korridoren.

For første periode er det sett følgjande prioriteringar:

Betra togtilbod; Fjerntogtilbodet Oslo-Bergen, regiontogtilbodet Bergen-Voss-Myrdal og lokaltog mellom Bergen og Arna inngår i trafikkpakke 3 og skal driftast av Vy Tog. Togoperatøren har lagt inn fleire tilbudsforbetringar for komande periode, og også eit auka servicenivå. Fjerntogtilbodet vert auka til seks daglege avgangar, og ein tilnærma frekvens på to timar morgon og ettermiddag. Regiontoga Bergen - Voss vil få fast timesfrekvens og rutetilbodet mellom Arna og Bergen vert styrka i helgene. Fleire avgangar mellom Bergen og Voss vert også forlenga til Myrdal, slik at alle avgangar på Flåmsbana har korrespondanse til og frå Bergen.

Ringeriksbanen: I første seksårsperiode vert også oppstart av Ringeriksbanen prioritert, i begge rammer. Prosjektet vil gje reisetidsinnkorting Oslo Bergen og eit effektivt kollektivtilbod for Ringeriksregionen. Prosjektet vil også ha ein viktig beredskapsfunksjon, som omkøyringsstrekning ved linjebrot. Reisetidsreduksjonen som følgjer av den nye strekninga mellom Oslo og Hønefoss vil ha stor effekt for toget sin marknadsandel på dei lange reisene mellom Oslo og Bergen, og også gjera det mogleg å auke tal avgangar utan at materiellbehovet aukar.

Følgjande er også prioritert i første periode:

- Påbegynte effektpakkar skal ferdigstillast, inkludert kvartersfrekvens Arna-Bergen
- Modernisering av Nygårdstangen godsterminal.
- Bergensbanen vil få ERTMS på størstedelen av strekninga innan 2023. Mellom Arna og Bergen kjem det nye signalsystemet på plass i 2030.
- Drift og vedlikehald på grunn nivå.
- Bundne prosjekt vert gjennomfør etter planen (Ulriken tunnel: Dobbeltspor Arna-Fløen og ferdigstilling av enkelttiltak på terminalar, nye kryssingsspor, planovergangar og stasjonstiltak)
- Ny tilbudsutvikling på Austlandet, Stavanger og Bergen
- Satsing på kombitransport

Følgjande er prioritert i andre periode:

- Vedlikehald vert trappa opp
- Ytterlegere satsing på gods og terminalkapasitet
- Tilbudsutvikling for større marknader
- Ytterlegere tilbudsforbetringar

Etter at prosjekt og effektpakkar som er starta opp i første periode er ferdig stilt, står det att om lag 12 milliardar kroner i ramme A og 64 milliardar kroner i ramme B for satsing i andre seksårsperiode. Prosjekt som konkurrerer om midlar i andre periode er ytre Intercity-strekningar, Ny togunnel Oslo, dobbeltspor Arna-Stanghelle, Sandnes-Nærbø, Trondheim-Stjørdal, Gulsbogen-Hokksund, Ofotbanen og Grenlandsbanen. Nye effektpakkar og store investeringar vil bli prioritert etter samfunnsøkonomisk nytte, måloppnåing og kvar behovet er størst.

Kystverket

Kystverket er den nasjonale etaten for kystforvaltning, sjøtryggleik og statleg beredskap mot akutt forureining. Sjøtransport er den dominerande transportforma for gods målt i samla godsarbeid, og rundt 75 pst av samla godsarbeid på norsk område og 90 pst av all eksport/import skjer på sjø

Kystverket viser til at dei står ovanfor store utfordringar med å sikre framkome og tryggleik på sjø i en periode prega av store endringar, utryggleik og behov for omstilling både teknologisk, miljømessig og ressursmessig. Ramme A gir låg måloppnåing over tid. Dei første årene vil det vere mogleg å oppretthalde dagens nivå på tenester, men over tid vil den raske teknologiske utviklinga og konsekvensane av auka sjøtransport føre til redusert kapasitet for utvikling, og få verkemiddel mot sektoren og det grønne skiftet. Vedlikehaldsetterslepet vil ikkje bli redusert. Samfunnsøkonomisk lønsame prosjekt kan gjennomførast, men med lang tidshorisont med påfølgjande høgare risiko for feilinvesteringar. Statleg beredskap mot akutt forureining blir svekka.

Ramme B gjer høg måloppnåing gjennom heile planperioden, og kystverket kan vere ei utviklingsorientert styresmakt.

Dei tekniske føresetnadene som ligg til grunn for både ramme A og ramme B gjer at større investeringsprosjekt ikkje kan bli gjennomført innanfor desse rammene, her definert som prosjekt over 1 mrd. Kr. For planperioden peiker Kystverket på at m.a. gjennom segling Stad skipstunnel og

andre tiltak enn tildekking i tilknytning til ubåtvraket U-864 ved Fedje vil krevje eigne løyvingar utanfor rammene til Kystverket.

I Vestland er følgjande farleiltak føreslått i perioden 2022-2027:

	Ramme A	Ramme B
Bergen-Sture	11	11
Fedjefjorden-Fensfjorden–Djuposen	24	24
Innsegling Vågen (Skolten)		24
Mortingsbåen	87	87
Innsegling Florø	76	76
Førdefjorden		2
Nærøyfjorden-Norafjorden (Normes)	8	8
Ytre Steinsund	22	22
Alden-Askrova	2	2
Florø-Frøysjøen		54
Skatestraumen, Fåfjorden, Vågsfjorden og Måløy sør	81	81
Ulvesundet		35
Bømlafjorden-Bergen	9	9

Avinor

Avinor sitt oppdrag er å eiga og driva dagens nettverk av lufthamner. Det er tre pågåande utreiingar knytt til lufthamner som har vore og skal vidare handsamast gjennom Nasjonal transportplan, alle desse ligg i Nord-Noreg. Avinor peiker elles på ei storstilt klima- og miljøsatsing der fokus på klimatilpassing, naturmangfald, støy og lokal luftkvalitet inngår. Det pågår også ei meir langsiktig satsing mot kommersielle elfly, der Vestlandet, med sine korte ruter, er svært aktuell for testruter.

Medverknadsorgan i Vestland fylkeskommune

Fylkeseldrerådet har handsama saka. Dei viser til kvalitetsreforma «Leve heile livet», og meiner denne og Gode liv i eit trygt samfunn og Folkehelsemeldinga vere ein del av grunnlaget til dette planarbeidet. Vidare peiker dei på:

- Vegar/vegstrekkjer som er utsett for ras må ha første prioritet
- Etterslep på fylkesvegar når det gjeld utbygging og vedlikehald.
- Ved bygging av veg må gang- og sykkelveg vera med slik at det er mogleg å ferdast utan å bruke andre transportmidlar.
- Midtdelar for å få ned møteulukker m.m.
- Styrke tenlege kollektivtilbod som er tilpassa busetnad og geografi og som er fleksible og billige.
- Gjennomgåande korresponderande samband mellom ulike transporttilbod, og over fylkesgrensene for t.d. ferje/buss/båt/tog.
- Krav til universell utforming av bussar, drosjer og togvogner
- Bestilling/kjøp av billetter vere enkelt og vere gjennomgåande
- Universell utforming i all planlegging, m.a. av busstopp og kvileplassar/stoppeplassar.
- Servicetilbod på knutepunkta, slik at folk med behov for det kan få hjelp.
- Buss-stogg må ikkje verte plassert trafikkfarleg, og ha ei høgd tilpassa vognmateriellet som vert nytta.
- Opplysning om stoppeplassar må vera både verbalt og ved skilt.
- Reglane for serviceskyssen og «Hent meg» (tinga transport) må tilpassast brukarane sine ønskje og behov Løyvingane til slik transport må aukast.

Innspel frå samarbeidspartar

Fylkeskommunen har motteke 69 innspel frå samarbeidspartar innan fristen som vart sett til 3. april. Fristen vart sett slik at samarbeidspartar fekk moglegheit til å basere sine innspel på prioriteringane frå samferdselsetatane. Grunna kort tid, har fylkesrådmannen difor ikkje gått igjennom innspela i denne saka. Innspela er i staden for lagt på www.vifk.no/ntp saman med fylkesrådmannen sine

vurderingar. Eventuelle innspel som kjem etter at saka er godkjent av fylkesrådmannen, blir lagt inn same plass.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Rammer

Vestland har store behov innanfor samferdsel, og fylkestinget står ovanfor ei vanskeleg prioriteringsoppgåve. Særleg gjeld dette riksveg, der det er mange strekkingar som enten er planavklart eller der det føregår planarbeid. Ikkje alle desse vil kunne la seg realisere innanfor denne planperioden.

Det er grunn til å peike på at det framleis vil vere behov for høge rammer i Nasjonal transportplan for å kunne realisere ambisjonane innan transportpolitikken. Etter korona-krisa vil også tiltak innan samferdsel vere eit godt føremål for å auke aktiviteten og stimulere norsk økonomi. Dette gjeld særleg for mindre tiltak som ikkje krev lange planprosessar og for tiltak som er ferdig planavklart. Det vil også vere naturleg å gjere krav om at Vestlandet skal ha sin del av nasjonal infrastrukturbygging.

Prioriteringskriterium

Samferdselsdepartementet har utfordra fylkeskommunane til å kome med tiltak i prioritert rekkjefølgje. Med dei store behova, er det behov for å vurdere kva for kriterium det skal prioriterast ut i frå.

Eit sentralt grunnlag er prioriteringane som er gitt av samferdselsetatane. Det er likevel grunn til å peike på at samferdselsetatane har levert sine innspel på prioriteringar basert ei bestilling frå Samferdselsdepartementet om å prioritere tiltak etter samfunnsøkonomisk nytte (netto nytte, dvs samfunnsøkonomiske inntekter minus kostnader). Samfunnsøkonomisk nytte består av fleire element, som investerings- og finanskostnader, nytte for bedrifter og personar og endringar påverknad for miljø og ulukker. Ved prosjekt som gir stor innsparing i reisetid, vil trafikantnytte vere dominerande. Dette inneberer at prosjekt med stor innsparing i reisetid og med mange trafikantar kjem gunstig ut. Med dette får t.d. ferjeavløysingsprosjekt med stor innsparing i reisetid og relativt stor trafikk som Hordfast og Rogfast stor netto nytte, sjølv om kostnadene er høge.

Sjølv om trafikktryggleik, kostnader for næringsliv og klima- og miljø også inngår i utrekningane i ein samfunnsøkonomisk vurdering, meiner fylkesrådmannen det er grunn til å leggje større vekt på dei enn det som ligg i metodikken for samfunnsøkonomiske analyser. Fylkesrådmannen viser her m.a. til målstrukturen i Nasjonal transportplan 2022-2033. I denne målstrukturen inngår m.a. nullvisjonen om ingen skadde eller drepne, klima- og miljømål, også næringslivet sine transportbehov.

Vidare har fylkesrådmannen i sin vurdering av prioriteringar lagt til grunn dei 4 måla som ligg i framlegget til Utviklingsplan for Vestland, som blir sendt til høyring i løpet av våren.

Mål 1 i utkastet til utviklingsplanen er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. Alle dei sentrale næringane som er viktig for norsk verdiskaping og eksport har tyngdepunkt i Vestland. Dette gjeld energinæringane, marin og maritime næringar, prosessindustri og reiseliv. Dette næringslivet treng eit trygt og effektivt transportnett mot marknadene.

Mål 2 er at klima og miljø må vere ein premiss for samfunnsutviklinga. Dette går både på at Transportsektoren er ein stor bidragsytar til klimagassutslepp, og transportsektoren må difor ta sitt bidrag for at Noreg skal nå sitt klimamål om mellom 50 og 55 prosent utsleppsreduksjon innan 2030. Vidare må vi tilpasse infrastrukturen til hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrtregn, flaum og skred.

Mål 3 går på at lokalsamfunna skal vere ramme for gode kvardagsliv. Bergen og dei regionale sentra skal utviklast, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket. Det er viktig med gode regionale samband som skal sikre innbygarane god mobilitet på tvers av fylket, til andre deler av landet, og til viktige knutepunkt utanfor fylket. Det er lagt til grunn at fylket må forvalte og sikre infrastruktur og viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

Mål 4 er at det skal vere like moglegheiter til å delta i verdiskaping. Transportsystemet skal leggje til rette for at alle skal ha tilgang til god mobilitet, både for eldre og funksjonshemma, og busette i regionale sentra og i utkanten.

Fylkesrådmannen har lagt til grunn at det er behov for ei balansert utvikling i heile fylket der både Bergen som landsdelssentrum, og distrikta skal styrkjast. Fylket må henge saman, og transportårane må binde dei ulike delane av fylket i saman og ut mot omverda. Fylkesrådmannen meiner det blir feil å setje t.d. byvekstavtale i Bergen opp mot riksveginvesteringar i fylket. Det er viktig med ein ny byvekstavtale som bidreg til å løyse kollektivutfordringane i Bergen, og at ferdselsårane ute i distrikta fungerer. Begge delar er naudsynt at det fungerer. Fylkesrådmannen har ut i frå dette ikkje sett byvekstavtalen opp mot store investeringsprosjekt.

Det er også utfordrande å prioritere mellom prosjekt på dei ulike samferdsleverksemdene sine område. Det er også etatsvise rammer. Fylkesrådmannen har likevel eit framlegg til ein felles prioritering av alle store prosjekt.

Fylkeskommunale ansvarsområde

Fylkesrådmannen meiner det er særleg viktig at fylkeskommunen legg stor vekt på dei fylkeskommunale ansvarsområda. Nasjonal transportplan skal vere ein heilskapleg plan for alle delar av nasjonal transportpolitikk. Samferdselsetatane er ved denne rulleringa ikkje blitt beden om å vurdere dei fylkeskommunale ansvarsområde, men berre tiltak og prosjekt på sine egne ansvarsområde. Fylkeskommunane sine ansvarsoppgåver kan lett bli utegløymt i arbeidet med Nasjonal transportplan, og det er viktig å peike på føresetnader for at fylkeskommunen kan løyse sitt samfunnsoppdrag.

Særleg er det behov for å leggje vekt på å sikre tryggleik og framkome. Vestland er fylket som har flest skredutsette vegar. Dette gir stor utryggleik, og fører til store utfordringar i form av brot på hovudferdselsårer. Klimaet er venta å forverre seg med meir ekstremnedbør, noko som truleg vil føre til meir ras og flaum i åra som kjem. Det er store utfordringar med å dimensjonere vegobjekta slik at dei kan takle meir ekstremvær.

Vidare er det særst viktig å ta vare på vegkapitalen. Det er stort forfall på vegnettet, særleg på fylkesvegnettet, og det er behov for å ta vare på vegkroppen. I samband med forarbeidet i gjeldande NTP 2018-29 rekna SVV forfallet i dåverande Sogn og Fjordane og Hordaland til 10,57 mrd. 2013-kroner. Dette utgjorde nesten 20 prosent av det registrerte forfallet i heile Noreg, og Vestland er ut i frå denne undersøkinga fylket med høgast forfall i landet. Omrekna til dagens kroneverdi kan dette utgjere rundt 13 mrd. kroner. Dette er kostnader ved å setje vegen tilbake til opphavleg stand, ikkje til å utbetre vegsambanda til krava til standard som gjeld i dag.

Det er også grunn til å peike på at nokre av desse tiltaka er enkle tiltak som ikkje krev omfattande planhandsaming, og som kan setjast inn på kort sikt for å få opp aktiviteten i anleggsbransjen etter korona-epidemien. Med dagens økonomiske rammer, nye krav til vegstandardar og tunnelsikring vil fylkeskommunane ikkje kunne ta att vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet. Det må opprettast eit eige gjennomføringsprogram for å finansiere lovpålagt opprusting og forfallsreduksjon på riks- og fylkesvegnettet i Nasjonal transportplan 2022-2033. Det bør gjennomførast ei ny kartlegging av forfallet på fylkesveg.

Vidare rår fylkesrådmannen å vise til område der løyvingane ikkje har vore tilstrekkelege til å løyse dei oppgåvene fylkeskommunane er tilført. Dette gjeld ikkje minst klima og miljøkrav og fornying av ferjeflåten og båt drift. Gjennom oppmodingsvedtak i Stortinget i desember 2015 vart regjeringa beden om å setje i verk tiltak som sikrar at alle fylkeskommunale og kommunale ferjer og hurtigbåtar nyttar låg- eller nullutsleppsteknologi ved nye anbod og på ruter i eiga regi. Sjølv om ny teknologi kan bidra til lågare kostnader på sikt, viser erfaring at overgangskostnadene er store med utskifting av materiell og investering i infrastruktur. I tillegg vart det eit stort behov for fornying av ferjeflåten, og saman med krav til universell utforming har dette ført til eit stort økonomisk løft for fylkeskommunen. Enova-støtta dekkjer om lag 1/3 av ekstra infrastrukturkostnader. Rett nok er det kome noko midlar gjennom inntektssystemet for fylkeskommunane, men dette har langt frå vore nok til å dekkje meirkostnadene. Fylkesrådmannen peiker på viktigeita av at ein i fellesskap løftar fram det grøne skiftet, og meiner difor at staten i større grad må finansiere dei auka fylkeskommunale kostnadane knytt til miljøvenleg ferje- og båt drift.

Vestland fylkeskommune har også store utfordringar knytt til å innfri krava i tunneltryggleiksforskrifta. Fylket har om lag halvparten av alle fylkesvegtunnelane i landet. Gjennom inntektssystemet får fylkeskommunen dekke ein liten del av kostnaden med tunneloppgraderinga. Vestland fylkeskommune har inga moglegheit for ei oppgradering av tunnelane innan dei fristar som er sett med dei midlane som er stilte til disposisjon.

Som ledd i regionreforma, vart ansvaret for fiskerihamner overført til fylkeskommunane. Midlar som opphavleg vart finansiert gjennom kystverket sin post 30 Nyanlegg og større vedlikehald på 60 mill. kr. årleg (planlagt økt til 80 frå 2024 i NTP 2022-33) som tilskot til kommunale fiskerihamner. Det er vel den siste posten som ble fordelt til fylkeskommunane, og ligger nå i 2020 inne med 34,52 mill. kr. Vestland får om lag 23,7 av desse. I gjeldande NTP ligg det inne to fiskerihamner, dette er Bømlo fiskerihamn til 197 mill. kr og Kalvåg i Bremanger til 98 mill. kr (2018-kr). Fylkesrådmannen meiner feltet er underfinansiert i forhold til dei midlane Kystverket tidlegare hadde til ordninga, og kan ikkje sjå at fylkeskommunen har moglegheit til å realisere dei to nemnte fiskerihamnene med dei midlane som ligg til rådvelde.

Ei rekkje fylkesvegar er omkøyringsvegar for riksvegar som har hyppige stengingar, både som følgje av ulukker, ras og flaum, samt ved planlagde stengingar pga vegarbeid. Fylkesvegane er ikkje dimensjonerte for den trafikken som følgjer av stenging av riksvegen. Det bør difor setjast av midlar til tiltak for å betre framkome for særleg utsette omkøyringsvegar der riksvegen ofte blir stengd.

Byvekstavtaler og byutfordringar

Fylkesrådmannen viser til at det er eit godt grep å utvida byvekstavtalen sitt avtaleområde, slik at heile det funksjonelle storbyområdet no er inkludert. Slik kan dei gode verkemidla i høve til areal- og transportplanlegging samordnast, og ein kan nå nullvekstmålet i fellesskap. Byvekstavtalen har vore viktig for Bergen, særleg med tanke på delfinansiering av Bybanen sitt byggetrinn 4.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at framlegget til prioriteringar frå samferdselsverksemdene følgjer opp dei forplikingar og forventningar som ligg i den reforhandla byvekstavtalen. Den finansieringa som ligg til grunn er ikkje tilstrekkeleg til å sikra at nullvekstmålet og vedtekne klimamål vert nådd. Fylkesrådmannen presiserer særleg at det er behov for midlar til bybanen byggetrinn 5 til Åsane.

Bybanen er fylkeskommunen sitt viktigaste samferdsleprosjekt, og er ein enorm suksess med omsyn til endring av transportvaner og strukturering av byutviklinga. Bybanen er ryggrada i kollektivsystemet. Ein får ikkje henta ut alle effektane av tidlegare investeringar om ikkje systemet er fullt utbygd. Arbeidet med reguleringsplan er forventa ferdig i 2022/2023. For å sikra ei rasjonell framdrift er det avgjerande at det vert sett av midlar i komande NTP. Fylkesrådmannen ser med uro på at det ikkje er sett av midlar i etatsframlegget, og minner om at Regjeringa i gjeldande NTP har forplikta seg til at det må leggjast til rette for en kontinuerleg utbygging av dei planlagde bybanestrekningane etter ferdigstilling av banen til Fyllingsdalen.

Bergensområdet er i vekst, og dersom all vekst skal takast med kollektivtransport, sykkel og gåing har det ein stor kostnad, særleg innanfor kollektivområdet. Drift av kollektivtransport utgjer i dag ein svært stor del av det fylkeskommunale driftsbudsjettet, og dei statlege belønningssidlane har vore eit viktig supplement til ordinære driftsmidlar. Dersom fylkeskommunen skal ha ambisjonar om ytterlegare auka ruteproduksjon og passasjervekst er ein avhengig av auka statlege midlar, anten gjennom belønningssidlar eller andre tilskotsordningar. Fylkesrådmannen oppmodar difor staten om i større grad å setja fylkeskommunane i stand til å ta hand om den store veksten i kollektivreiser som nullvekstmålet føreset .

Gjennom bypakke Bergen er bilistane med å finansiere byvekstavtalen gjennom bompengar. I Bergensområdet fungerer difor bompengar både som ei finansieringskjelde for Bybanen, men også som eit viktig trafikkdempande tiltak for å nå nullvekstmålet. Fylkesrådmannen ser at byområdet no har ein nådd eit tak for kor stor bompengebelasting det er lokalpolitisk vilje til å innføre. Det er difor behov for å sjå på alternative løysingar for å finansiera dei store kollektivprosjekta.

Etter fylkesrådmannen sitt syn bør staten i større grad fullfinansiere dei store infrastrukturprosjekta , slik at bompengar i hovudsak kan nyttast som trafikkregulerande tiltak .

Alle dei norske storbyområda opplever i dag ein stor vekst i del nullutsleppskøyretøy. Dette har positive effektar på klimamåla, men veksten i del elbilar svekker finansieringsgrunnlaget , og storbyområda opplever alle ein inntektssvikt i høve til prognosar. På sikt vil ikkje lenger bypakkene handtera denne utviklinga. Fylkesrådmannen peikar på at dette er nasjonale utfordringar, og ber difor staten om å koma med løysingar, anten i form av overføringar, eller endra regelverk for nullutsleppskøyretøy.

Drift, vedlikehald og investeringar

Som nemnt ovanfor er det av større prosjekt berre E39 Stord-Os (Hordfast) som ligg inne i SVV sitt framlegg til av større prosjekt i første periode, dvs. i perioden 2022-2027. Det er ikkje synleggjort kva

for prosjekt som ligg inne i 2. periode, berre strekningar. Fylkesrådmannen forstår det likevel slik at det kan koma til oppstart av E16 Arna-Stanghelle og til ei rekkje rassikringsprosjekt og andre tiltak langs E39 og rv. 13, og i ramme B også rassikring av rv. 15. Det inneber at t.d. verken E39 Arna-Klauvaneset-Nyborg, E134 Haukelitunnelane eller strekningar på E39 nord for Bergen ligg inne i SVV sine prioriteringar. Kystverket har på si side ein del farleiltak i Vestland.

Transportetatane legg stor vekt på å ta vare på infrastrukturen og å ta igjen forfall. Fylkesrådmannen meiner dette er ein riktig prioritering.

For å kunne få midlar til flest mogleg investeringstiltak, meiner fylkesrådmannen at det er naudsynt å vurdere kostnadsreducerande tiltak. På vegsida inneberer dette også vurdere standardkrav og fartsgrenser. Særleg er det grunn til å tilpasse vegane til dei topografiske forholda i Vestland, der krav om høg fart og standard fører til høge kostnader og store inngrep. Inn mot Bergen må behov for auka kapasitet vurderast opp mot behov for trafikkregulerande tiltak for å kunne nå nullvekstmålet i byområdet. Ny teknologi og ein køyretøypark med betre førarstøttesystem vil etter kvart kunne gje større moglegheit for å revurdere krava til vegstandard. Mange plassar kan breiddeutviding, forsterka midtoppmerking og fjerning av flaskehalsar vere rimelege tiltak som kan gje stor effekt.

Fylkesrådmannen støttar ut i frå dette Statens vegvesen i at det vert sett av midlar til utbetningsstrekningar, der dei verste punkta vert utbetra. Vidare bør det setjast av ein del midlar til programområdetiltak, dvs. til mindre tiltak innan t.d.. trafikktryggleik, mindre utbetningar, gang- og sykkelveg, tilrettelegging for kollektivtiltak og servicetiltak for reiseliv og for transportbransjen.

Vidare er det grunn til å peike på at ein må vurdere kritisk dei standardkrava som stillast til statlege prosjekt, og særleg til nye vegprosjekt, og vurdere om utbetring av dagens vegar kan erstatte ein del planlagde større prosjekt.

Fylkesrådmannen viser til at rv. 555 Sotrasambandet og E39 Myrmel-Lunde er sett som bundne prosjekt. Fylkesrådmannen er samd i at prosjekt som er starta opp eller i ferd med å startast opp, bør prioriterast vidare. Fylkesrådmannen viser elles til Stortinget sine merknader ved handsaming av Nasjonal transportplan 2018-2019 om at E134 Seljestad-Røldal bør kunne starte i gjeldande periode ved bompengelån. Prosjektet er planavklart og bompengesøknad skal etter planen bli sendt i inneverande år.

Ut i frå dei kriteria som er føreslegne i Utviklingsplan for Vestland, legg fylkesrådmannen stor vekt på behovet for å ta omsyn til liv og helse, og til trygg og føreseieleg framkomst. Det er særleg behov for å sikre framkomst og tryggleik mot skred og flaum. Fylkesrådmannen viser til krav frå nasjonal skredsikringsgruppe om at det må utarbeidast ein heilskapleg, nasjonal plan for skred- og flaumsikring av riks- og fylkesvegnettet. Planen må sikrast ei statleg finansiering for gjennomføring i løpet av ei tidsramme på 12 år for å finansiere prosjekt i kategori høg og middels i ny NTP-periode.

Statens vegvesen har føreslått 3 nye prosjekt i første periode av ny Nasjonal transportplan, og dette er rv. 5 Erdal-Naustdal, rv. 13 Vinje-Myrkdalen og rv. 13 Byrkjeneset. Dette er alle punkt med høg skredfaktor og med store behov for å bli utbetra. I tillegg ligg rv. 5 Kjøsnesfjorden og E16 Hylland-Slæen inne som bundne skredsikringsprosjekt.

Samstundes har særleg E16 og jernbanen Arna-Voss mange punkt med høg skredfaktor. Delstrekninga som er under planlegging er Arna-Stanghelle. På denne delstrekninga ligg to av dei tre skredpunkta med høgst skredfaktor i Vestland. Det er også særleg mangelfulle omkøyingsmoglegheiter på strekninga. Tidlegare har Samferdselsdepartementet sett på moglegheita for å starte med delstrekninga E16 Arna-Trengereid. Fylkesrådmannen viser til at denne ikkje er særleg skredutsett og har stor sett ein akseptabel vegstandard inntil vidare. Jernbanestrekninga Arna-Stanghelle må byggjast ut samanhengande for å få effekt. Det er ut i frå dette viktigare å få bygd Vossebana frå Arna til Stanghelle og E16 frå Trengereid til Stanghelle, og meiner at denne bør prioriterast først.

Jernbanedirektoratet har føreslått å prioritere Ringeriksbanen. Saman med utbygging av Vossebana vil reisetida mellom Oslo og Bergen kome ned mot 4 timar. Det vil kunne bety at jernbanen kan konkurrere tidsmessig med fly på strekninga.

Fylkesrådmannen vil elles vise til at rv. 13 Vikafjellet er den mest vinterstengte vegen i Sør-Noreg både grunna ras og vanskeleg vinterdrift, og at det er behov for ny Vikafjellstunnel. Dett er ein viktig samanbindingsveg Vestland. Det er særleg behov for å utbetre E39 Skjersura og E39 Votedalen som begge ligg inne i 2 periode i gjeldande Nasjonal transportplan for perioden 2024-2029. Det er

elles grunn til å vise at det er store behov på rv. 15 Strynefjellet der både tunneltryggleiksforskrifta og skredutfordringane tilseier at det bør byggjast ny tunnel.

Fylkesrådmannen meiner vidare at det er viktig å prioritere utbetring av E39 som korridor som bind landsdelen saman. Fylkesrådmannen meiner at visjonen om ferjefri E39 bør oppretthaldast. Samstundes er store fjordkryssingsprosjekt særst utfordrande og kostnadskrevjande, og etter fylkesrådmannen si meining er det viktigaste no å prioritere strekningane mellom ferjene. Før dette kan realiserast, er det viktig å få ein høgare frekvens på fjordkryssingane, ikkje minst i forhold til næringslivet sine behov for effektiv godstransport.

E39 Stord-Os (Hordfast) viser ein høg samfunnsøkonomisk nytte i utrekningane frå Statens vegvesen. Prosjektet bidreg til å binde Stavangerregionen og Bergensregionen tettare saman og utvide bu og arbeidsområde i regionen. Når fylkesrådmannen likevel rår til å ikkje prioritere dette høgt no, er dette ut i frå høge kostnader. Ved hjelp av vidare forskning og innovasjon arbeider Statens vegvesen for å få ned kostnadene ytterlegare på dette prosjektet. Fylkesrådmannen vil også vise til at det er lagt inn ein høg bomdel på strekninga, noko som både vil avgrense trafikken, og kan føre til at det kan bli lønsamt med parallell kommersiell ferjedrift på strekninga. Dette kan svekke finansieringsgrunnlaget.

Det bør vere gul midtstripe på heile E39, og den bør ha ein akseptabel og gjennomgåande god standard. Det er særleg behov for å utbetre strekningane E39 Eikefet-Romarheim, E39 Bogstunnelen - Gaular grense, E39 Storehaugen-Førde og E39 Byrkjelo-Grodås for å sikre ein tilstrekkeleg standard på strekninga.

I samband med bybanen byggjetrinn 5 til Åsane er det ønskeleg å lengje Fløyfjellstunnelen til Eidsvåg. I noverande Eidsvågstunnel skal eit løp brukast til bybanen og det andre til lokaltrafikk. Det er samstundes lagt opp til at Fløyfjellstunnelen skal oppgraderast etter tunneltryggleiksforskrifta. Denne tunnelen er særst utsett for stengingar grunna mellom anna at den har ein profil som gjer at mange større bilar kjem borti installasjonar i tunnelen med påfølgjande stengingar. Det er sett på ulike alternativ som førebels er kostnadsrekna til om lag 1,2 mrd. til 1,5 mrd. kr. Fylkesrådmannen rår til at dette prosjektet vert prioritert, då det vil leggje til rette for bygging av bybanen byggjetrinn 5 til Åsane, samt gje betre framkome for trafikken og betre bumiljø i Ytre Sandviken.

Vidare viser fylkesrådmannen til behova på E39 Klauvaneset-Vågsbotn. Denne strekninga er smal, er ulukkesbelasta og har høg trafikk og store framkomeproblem og er ein betydeleg flaskehals på E39. Det må vurderast lågare standardkrav, og det bør vurderast lågare fartsgrense på strekninga slik at kostnadene og miljøkonsekvensane av prosjektet vert reduserte. For å unngå sterk trafikkauke inn mot Bergen, må kollektivtrafikken prioriterast.

Regjeringa har tidlegare i samband med Nasjonal transportplan 2018-29 lagt til grunn at det skal vere to hovudkorridorar mellom aust og vest, ein sørleg og ein nordleg. Den sørlege korridoren er lagt til E134 over Haukelifjell. Som nemnt ovanfor meiner fylkesrådmannen at E134 Seljestad-Røldal bør bli vurdert som bunden prosjekt. Vidare vert det rådd til at neste trinn for fjellstrekninga, E134 Røldal-Vågsli, blir prioritert i 2. del av planperioden for ny Nasjonal transportplan. Fylkesrådmannen rår til at ein utarbeider ein vidare utbyggingsstrategi for strekninga. Strekninga E134 Bakka-Solheim bør etter kvart bli oppgradert. Det ligg føre ein kommunedelplan for strekninga, og det bør utarbeidast ein reguleringsplan slik at prosjektet kan kome inn i neste rullering av Nasjonal transportplan. Særleg er behovet stort på delstrekninga E134 Bakka-Mo i Etne kommune.

For den nordlege korridoren har regjeringa lagt til grunn at den skal delast i to, der rv. 52 Hemsedalsfjellet skal vere hovudsamband for næringstrafikk, og rv. 7 Hardangervidda for personbiltrafikk og turisme. Fylkesrådmannen legg denne funksjonsdelinga til grunn.

Rv. 7 har store utfordringar knytt til vinterdrift, i tillegg til barriereverknad for villreinstammen på Hardangervidda. I første omgang meiner fylkesrådmannen at det bør avsetjast midlar til strekningsvise tiltak på strekninga for å leggje til rette for betre vinterdrift. Det er også behov for strekningsvise tiltak på rv. 52 for å betre framkome særleg for tungtrafikken.

I Øst-vestutgreiinga som Statens Vegvesen frå 2015² peikte Statens vegvesen på at det ville vere stor samfunnsøkonomisk nytte ved å utbetre eit vegsamband (Hordalandsdiagonal) mellom E134 og

2

https://www.vegvesen.no/attachment/2685374/binary/1325825?fast_title=Hovedrapport%3A+Forbindelser+mellom+%C3%98stlandet+og+Vestlandet.pdf

Bergen, og rådde til at det vert sett i gang eit arbeid med ein konseptvalutgreiing (KVU) for strekninga. Fylkestinget i tidlegare Hordaland fylkeskommune støtta både i høyringsfråsegn til Nasjonal transportplan 2018-29 (vedtak i juni 2016, sjå ovanfor) og i høyringsfråsegn til Statens vegvesen sitt handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2018-2023³ ein KVU for eit slikt samband. Regjeringa har ikkje ville utføre denne, grunna mange andre prioriterte prosjekt i tidlegare Hordaland, og at det vil ta lang tid til realisering av eit slikt prosjekt. Fylkesrådmannen meiner det likevel er viktig å få avklart ein framtidig mogleg trase for eit slikt samband, slik at ein kan ta omsyn til desse planane i andre utbyggingsprosjekt på strekninga mellom E134/kryss med rv. 13 og inn mot Bergensområdet. Det er også mogleg å gjennomføre eit slikt samband i ein langsiktig utbyggingsrekkefølge, t.d. ved å byggje ny rv. 13 gjennom Oddadalen (rv. 13 Grostøl-Sandvinvatnet).

Fylkesrådmannen meiner vidare at vinterregulariteten på Bergensbanen må betrast. For å styrkje konkurranseforholdet til bane framfor veg, er det viktig med fleire og lenger kryssingsspor slik at det kan køyrast fleire og lenger godstog på strekninga.

Fylkesrådmannen meiner det er eit stort behov for å utbetre rv. 13 gjennom Hardanger. Her er det store framkomstproblem, særleg i ferietrafikken. Det bør avsetjast strekningsvise midlar til å utbetre dei verste flaskehalsane på rv. 13.

Fylkesrådmannen viser til at Kystverket føreslår ei rekkje farleiltak som i første rekkje vil betre tryggleiken til sjøs. Dette er positivt. Samstundes har Kystverket ikkje funne å kunne prioritere Stad skipstunnel og heving av ubåtvraket U864 ved Fedje innanfor si ramme. Fylkesrådmannen meiner det bør avsetjast midlar til desse to tiltaka som vil ha stor betyding for tryggleik langsetter kysten.

Fylkesrådmannen meiner det må utviklast eit fungerande ringvegssystem i Bergen, og rår difor til at strekninga Arna-Fjøsanger/Hop blir prioritert før strekninga E16 Arna-Vågsbotn. Prosjektet vil vere viktig både for å kunne avlaste trafikken i Bergensdalen og Bergen sentrum, og for å binde Vestland sterkare saman ved at godstrafikk og anna nyttetraffikk kan få ein effektiv rute forbi Bergen. Planarbeid for delstrekninga bør difor startast opp for delstrekninga Arna-Fjøsanger/Hop. I eit kortsiktig perspektiv ønskjer fylkesrådmannen å utgreie tiltak for å betre framkome og gje betre trafikktryggleik på strekninga fv. 587 Arna- Midttun. Dette vil likevel ikkje på lenger sikt vere ei erstatning for ringveg øst.

Det er grunn til å peike på at det er ei rekkje prosjekt som ikkje er omtala i denne omgang. Det er behov for tiltak på fleire strekningar, men det er samstundes urealistisk at ein kan sikre finansiering til alle dei ønskja prosjekta ved denne rulleringa av Nasjonal transportplan 2022-2033.

I Statens Vegvesen sitt framlegg til prioriteringar, er det lagt inn midlar til programområdetiltak. Dette kan nyttast til mindre tiltak som gang- og sykkelveggar, trafikktryggleikstiltak, tilrettelegging for kollektivtrafikk, servicetiltak osv. Slike tiltak vil kunne ha stor lokal betyding. Desse vil bli fordelte gjennom Statens Vegvesen sitt handlingsprogram til Nasjonal transportplan, som venteleg vil kome på høyring til fylkestinget i desember 2021.

Andre forhold

Transportsektoren må ta sitt bidrag for å bidra til å nå Noreg sitt klimamål om mellom 50 og 55 prosent innan 2030. Fylkesrådmannen legg til grunn at Nasjonal transportplan 2022-2033 må avklare vidare strategi for korleis transportsektoren skal nå dette målet. Tiltak som stimulering til teknologisk utvikling, endringar i køyretøypark, reduksjon av utslepp i drifts- og anleggfsfase samordna areal- og transportpolitikk i byområda er viktige tiltak. Det offentlege, både stat og fylkeskommune, må også setje krav i sine anbod til å redusere utslepp, både innan drift og investeringar. Det må også vurderast tiltak for å redusere klimagassutslepp i distrikta som å leggje til rette for ladeinfrastruktur. Fylkesrådmannen finn initiativet til Avinor om å teste ut elektriske fly på Vestlandet som interessant, og er positiv til dette.

Det er viktig at barn og unge kan ferdast trygt i trafikken og læra gode og miljøvennlege reisevanar tidleg. Derfor bør regjeringa følgja opp intensjonane i barnas transportplan med midlar til trygge skuleveggar og andre tiltak retta mot barn og unge

³ <https://einnsyn.hfk.no/elnnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=724&sourceDatabase=>

Fleire bompengeprojekt har svikt i inntekt grunna at nullutsleppskøyretøy betalar halv takst. Det er viktig at staten kjem med avbøtande tiltak i høve til denne underfinansieringa.

Det er vanleg at fylkeskommunen garanterer for bompengelån for nye store riksvegprosjekt. Grunngevinga har dels vore å få låge rentekostnader, og dels at det sikrar lokal forankring. Fylkesrådmannen elles vise til at med mange store riksvegprosjekt, er det samla garantiansvaret for fylkeskommunen for bompengelån blitt høgt. Ved store nye prosjekt auka ytterlegare. På dette grunnlag har spørsmålet om fylkeskommunen sitt garantiansvar har vore teke opp gjennom eit representantframlegg i Stortinget⁴. Det vart gjort slikt vedtak i saka (vedtak 738):

«Stortinget ber regjeringen vurdere om det er hensiktsmessig at fylkeskommunene fortsatt skal stille garanti for bompengelån på riksveg, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte».

På grunn av at det høge garantiansvaret gir stor risiko for fylkeskommunen, meiner fylkesrådmannen at det er naturleg at staten tek over dette ansvaret heilt eller delvis.

Vidare prosess

Fylkesrådmannen peiker på at fylkeskommunane og dei store byane har fått frist til 14. mai med å gje innspel til prioriteringar til Nasjonal transportplan 2022-2033. Fylkestinga og dei store byane er utfordra til uttale seg om alle prioriteringane knytt til Nasjonal transportplan. I tillegg er alle dokumenta som samferdselsverksemdene har utarbeida til Nasjonal transportplan 2022-2033 sendt på brei høyring med frist 1. juli. Ut i frå dette kan det vere ein moglegheit at fylkeskommunen kjem med supplerande synspunkt innan fristen 1. juli. Dette kan vere aktuelt om det syner seg at det politisk sett er naudsynt med lenger tid til delar av høyringsfråsegna til Nasjonal transportplan 2022-2033. Av omsyn til at fylkestinget sitt høyringsfråsegn skal bli teke omsyn til i den vidare prosessen, vil fylkesrådmannen rå til at uttalen i størst mogleg grad blir gjort ferdig i tingsete 12. mai 2020.

Fylkesrådmannen vil vidare peike på at det er viktig med vidare dialog med sentrale styresmakter om Nasjonal transportplan 2022-2033. I første omgang skjer dette gjennom at det er varsla regionale møte med samferdsleministeren like over sommaren 2020. Det har vidare vore vanleg med møte med stortingsbenkane, samt at fylkeskommunen deltek i høyring i transport- og kommunikasjonskomiteen i Stortinget.

⁴ Jf Innst. 268 S (2017-2018)

Saknr: 2020/36709-9
Saksbehandlar: Torill Klinker

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	31/20	28.04.2020
Fylkesutvalet	78/20	30.04.2020
Fylkestinget	25/20	12.05.2020

Oppfølging av regjeringa sitt bompengeforlik, endring i samsvar med vedtak i Bergen bystyre

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til vedtak i Bergen bystyre om at kutt i takstane som følgje av bompengeforliket skal gå til å redusera takstane for nullutsleppskøyretøy.

Saksprotokoll 28.04.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget vedtek at reduksjonen i bompengetakstane som følgje av bompengeavtalen skal gis som utviding av timesregelen.

Avrøysting

Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, Frp og FNB).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til vedtak i Bergen bystyre om at kutt i takstane som følgje av bompengeforliket skal gå til å redusera takstane for nullutsleppskøyretøy.

Saksprotokoll 30.04.2020 - fylkesutvalet

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget vedtek at reduksjonen i bompengetakstane som følgje av bompengeavtalen skal gis som utviding av timesregelen.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet syner til, og står på, tidlegare vedtak i saka.»

Avrøysting

Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, Frp) og fall.

Innstillinga fekk 10 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget sluttar seg til vedtak i Bergen bystyre om at kutt i takstane som følgje av bompengeforliket skal gå til å redusera takstane for nullutslippskjøretøy.

Samandrag

Gjennom bompengeforliket er det avsett 55 mill. årleg til reduserte bompengetakstar i Bergen. Det er opp til lokale partar å avgjera korleis takstane skal reduserast. Fylkestinget i Vestland slutta seg 3. mars 2020 til eit framlegg til reduksjon av bompengetakstar i ytre bomring, innanfor rammene av 55 mill. kroner årleg.

Den 22. april fatta bystyret i Bergen følgande vedtak: *kuttet i takstene som følge av bompengeforliket skal gis til å redusere takstene for nullutslippskjøretøy.*

Det er eit krav frå staten at lokale partar fattar likelydande vedtak, dersom midlane skal utbetalast. Det er difor eit behov for å fatta eit nytt fylkestingsvedtak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 NOTAT - Reduserte bompenger og vurdering av trafikale virkninger

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennom bompengeforliket og i seinare korrespondanse med Samferdsledepartementet er det framlagt krav frå staten om fylgjande: Det statlege bidraget til Bybanen til Fyllingsdalen vert auka til 66 pst. som følgje av at lokale styresmakter har takka ja til staten sitt tilbod på bakgrunn av regjeringspartia sitt bompengeforlik. Halvparten av det auka tilskotet mellom 50 og 66 pst, skal øyremerkast reduserte bompengar, tilsvarande 55 mill. årleg i avtaleperioden. Den reduserte bompengebrauken må komme bilistane til gode i form av mindre bompengebelastning. Bergen kommune og fylkeskommunen skal leggje fram ei sak om bruken av midlane før endeleg avgjerd takast av partane.

Fylkestinget i Vestland slutta seg 3. mars 2020 til eit framlegg til reduksjon av bompengetakstar i ytre bomring, innanfor rammene av 55 mill. kroner årleg.

Samferdsledepartementet har varsla at belønningsmidlar kan haldast tilbake dersom krava ikkje er innfridd innan fristen, 01.04.20. (Fristen er i ettertid utsett, ettersom korona førte til avlysing av bystyremøtet den 11.03.2020.)

Staten presiserer at den delen av bompengeforliket som går til reduserte bompengar må kome bilistane til gode i form av mindre bompengebelastning. Nullvekstmålet skal framleis gjelde, reduksjon i bompengesatsar skal dermed ikkje føre til auka trafikk. Statens vegvesen har gjort ei vurdering av ulike tiltak som kan innførast for å imøtegå ein reduksjon i bompengar, tilsvarande eit årleg beløp på 55 mill. kr. Det er vurdert kva for trafikale og økonomiske effektar ein forventar av dei ulike tiltaka. Vurderingane er samanfatta i eit notat, datert 20.01.2020 (sjå vedlegg).

Følgjande tiltak er omtalt i vurderinga frå Statens vegvesen:

1. Redusere bompengetakstar for alle kjøretøy
2. Redusere bompengetakstar for utvalde kjøretøy
3. Utsette prisjustering av bompengetakstane
4. Redusere bompengetakstar i utvalde bomstasjonar
5. Avvikle tidsdifferensierte bompengetakstar i ferier
6. Innføre tretimarsregel
7. Innføre refusjonsordningar

I høve til tiltak 2: *Redusere bompengetakstar for utvalde kjøretøy*, er det forventa fylgjande effektar:

Tiltak 2: Redusere bompengetakstane for utvalde køyretøy

Kjøretøyklasse	Takstreduksjon	Årleg inntektseffekt
Normaltakst (bensin)	kr	-50-60 mill kr
Diesel	kr	-55 mill kr
Nullutslipp	Halvering	-50 mill kr
Euro VI	Gratis	-43 mill kr
Euro V og eldre	Gratis	-43 mill kr

Notatet peiker på at ei halvering av bompengetakstane for nullutsleppskøyretøy vil føre til bortfall av om lag 50 mill. kr. Forventa vekst i andel nullutsleppskøyretøy vil likevel føre til at bompenginntektene vert redusert ytterlegare etter kvart som andelen aukar. Ved reduksjon av bompengetakstane for nullutsleppskøyretøy vil årleg reduksjon i gjennomsnittstaksten auke. Det fører til reduserte inntekter i innkrevjingsperioden som må kompensast dersom samla bompenginntekt skal oppretthaldast.

Det er eit krav frå Samferdsledepartementet at nullvekstmålet vert lagt til grunn ved utrekning av nye bompengesatsar, og det har vore eit sterkt ynskje frå lokale partar at reduksjonen i bompengetakstar ikkje fører til trafikkvekst. Det har også vore ynskjeleg å retta takstreduksjonen mot ei stor gruppe trafikantar, uavhengig av miljøklasse. Vedtaket i Bergen bystyre og det statlege kravet om likelydande vedtak gjer at ein likevel tilrår å gå for ei løysing der takstreduksjonen vert retta mot nullutsleppskøyretøy.

Etter vedtak i fylkesting og bystyre skal takstvedtaket handsamast av Vegdirektoratet, og deretter kunngjerast lokalt. Nye bompengetakstar vil kunne iverksetjast 3. kvartal 2020.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer vedtak om regionale planar, jfr. plan- og bygningslova § 8-1 jfr. § 8-4. Vedtak av byvekstavtale er ein direkte oppfølging av vedteke regional transportplan Hordaland og regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Fylkestinget har mynde til å vedta oppfølging av bompengeforliket, som ein del av byvekstavtalen.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Oppfølging av bompengeforliket og dermed gjennomføring av byvekstavtalen vil for heile avtaleperioden tilføra Bergensområdet 13,3 mrd. (2020-kroner) i statlege midlar. Delar av midlane i bompengeforliket rettar seg direkte mot fylkeskommunen sine kjerneoppgåver. Oppfølging av bompengeforliket og gjennomføring av byvekstavtalen vil dermed ha ein positiv effekt på fylkeskommunen sin økonomi.

Klima: Oppfølging av bompengeforliket og dermed gjennomføring byvekstavtalen vil bidra til nullvekstmålet og såleis ha ein positiv effekt på klima.

Folkehelse: Oppfølging av bompengeforliket og dermed gjennomføring av byvekstavtalen vil redusera bilbruk og auka andelen gåande og syklande. Saman med mindre luftforureining og meir attraktive byområde vil byvekstavtalen ha ein positiv effekt på folkehelse.

Regional planstrategi: Utviklingsplan for Hordaland har eit mål om at Hordaland skal ha ein klima- og miljøvenleg utvikling, der ein av tre strategiar for å nå målet er å «styrke samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet». Oppfølging av bompengeforliket og dermed gjennomføring av byvekstavtalen er i tråd med denne strategien.

Konklusjon

Fylkesrådmannen minner om at byvekstavtalen ikkje er gjeldande før alle lokale avtalepartar har fatta politiske vedtak, og avtalen har vore handsama av regjeringa. Dersom likelydande vedtak er fatta, vil avtalen framleis kunne verta slutthandsama av regjeringa i løpet av våren 2020.

Om reduksjon i bompengar har Fylkesrådmannen tidlegare understreka at byvekstavtalen først og fremst er eit verkemiddel for å nå nullvekstmålet, og at dei trafikale effektane difor må vektast tungt i vurderinga av ulike tiltak for reduksjon i bompengar. Fylkesrådmannen har tidlegare peika på at ein reduksjon av takstar i ytre bomring er det tiltaket som i minst grad fører til trafikkauke, og at tiltaket kjem mange trafikantar til gode.

Fylkesrådmannen er oppteken av økonomistyring og ser at kan bli krevjande å oppretthalda den gjennomsnittstaksten som ligg til grunn i Prop. 11 S (2017-2018). Vedtaket i Bergen bystyre og det statlege kravet om likelydande vedtak gjer at fylkesrådmannen likevel tilrår å gå for ei løysing der bompengereduksjonen vert retta mot nullutsleppskjøretøy.

Ei halvering av takstane for denne gruppa er eit tydeleg signal om at det skal løna seg å køyra miljøvenleg.



Statens vegvesen

Notat

Til: Sekretariatet for Miljøløftet
Fra: Utredning vest
Kopi til:

Saksbehandler: Kristian Bauge
Tlf saksbeh. 55 51 63 37
Vår dato: 20.01.2020

Reduserte bompenger og vurdering av trafikale virkninger

Vi viser til forhandlingene om ny byvekstavtale i Bergen og statens tilbud til økte statlige midler til pakken for å redusere bompengene. Det er lagt til grunn at bompengeinntekten skal reduseres med 55 mill. 2020-kr per år i perioden 2020–2029, til sammen 550 mill. 2020-kr.

Statens vegvesen er bedt om å levere en tiltaksliste for ulike tiltak som kan innføres, samt en vurdering av trafikale effekter av tiltakene. Statens vegvesen har sammen med det regionale bompengeselskapet Ferde vurdert de økonomiske konsekvensene av tiltakene. Dette notatet oppsummerer de vurderte tiltakene og ventet trafikal effekt. Til slutt er det vist eksempler på sammensatte tiltakspakker som kan oppnå ønsket reduksjon i bompengene. Tiltakene som er vurdert er som følger:

1. Redusere bompengetakstene for alle kjøretøy
2. Redusere bompengetakstene for utvalgte kjøretøy
3. Utsette prisjustering av bompengetakstene
4. Redusere bompengetakster i utvalgte bomstasjoner
5. Avvikle tidsdifferensierte bompengetakster i ferier
6. Innføre tretimersregel
7. Innføre refusjonsordninger

Statens vegvesen har gjennomført trafikkberegninger med regional transportmodell (RTM) for tiltakene 1, 2 og 4. Det er gjort en faglig vurdering av trafikale effekter av tiltak 5 og 6.

Koding av modellen er gjennomført med meget kort tidsfrist. Vi understreker at det med fordel kan brukes mer tid på kvalitetssikring av resultatene. Vi mener likevel at resultatene fra modellen virker rimelige, og at de gir en pekepinn på effekten av de vurderte tiltakene.

1. Redusere bompengetakstene for alle kjøretøy

Våre beregninger viser at om en reduserer bompengetakstene for alle takstgrupper og kjøretøyklasser med 1 krone, vil inntekten reduseres med ca. 41 mill. kroner. Reduksjon med 2 kr vil føre til redusert bompengeinntekt på 82 mill. kr. Dersom en reduserer bompengetaksten med 1 krone i takstgruppe 1 og 10 kroner i takstgruppe 2, vil en oppnå inntektsreduksjonen på 55 mill. kr årlig. Alternativt kan takstene reduseres med rundt 4,5–5 pst. for alle kjøretøy.

Det er ventet at trafikken gjennom bomstasjonene vil øke med om lag 0,6 pst. dersom bompengetakstene reduseres med 1 krone. Effekten øker til 1,3 pst. dersom takstene reduseres 2 kroner.

2. Redusere bompengetakstene for utvalgte kjøretøy

Den beregnede inntektsfordelingen basert på tallene fra april-oktober mellom de ulike kjøretøyklassene er vist i tabellen under.

Tabell 1: Beregnet kjøretøyfordelt årlig bompengeinntekt

	Euro V og eldre	Euro VI	Bensin	Diesel	Nullutslipp	Totalt
Rushtid	8 511 038	9 438 814	63 934 713	115 279 066	27 195 895	224 359 526
Utenfor rush	34 602 720	33 820 114	285 883 946	489 247 539	72 411 329	915 965 649
Årsinntekt	43 113 758	43 258 929	349 818 659	604 526 605	99 607 224	1 140 325 174

En kan se for seg flere ulike tilnæringer til justeringer i bompengetakstene for å redusere bompengebelastningen for enkelte kjøretøy med 55 millioner kroner årlig.

Tabell 2: Eksempler på takstreduksjon (hele døgnet)

Kjøretøy	Takstreduksjon	Inntektseffekt
Normaltakst	4-5 kr	-50-60 mill.
Diesel	3 kr	-55 mill.
Nullutslipp	Halvering	-50 mill.
Euro VI	Gratis	-43 mill.
Euro V og eldre	Gratis	-43 mill.

Takstgruppe 1 (lette kjøretøy)

En kan se for seg en kombinasjon av reduserte takster for kjøretøyklassene i takstgruppe 1.

Normaltakst (bensin og hybrider)

Vi legger til grunn at en ønsker å beholde de positive resultatene en har sett ved innføring av høyere bompengetakster i rushtiden. Våre tall viser at en vil kunne redusere bompengetakstene utenfor rushtid med 5 kroner for bensinkjøretøy og oppnå inntektsreduksjoner på om lag 57 mill.

Dieselskjøretøy (alle)

Som for normaltakst er det sett på en situasjon der en senker bompengetaksten utenfor rushtid. Beregningen viser at taksten utenfor rushtid kan reduseres med 3 kroner for å oppnå 50 mill. kroner i redusert bompengeinntekt. 4 kr reduksjon utenfor rushtid medfører 65 mill. i redusert inntekt.

Dieselskjøretøy (Euro 6)

Tall fra Ferde viser at lette dieselskjøretøy med Euro 6-teknologi utgjør om lag 30 pst. av dieselpasseringene. Vi har sett på et scenario der en fjerner diesel-påslaget for denne gruppen kjøretøy som følge av kjøretøyenes miljøegenskaper.

Inntektsbortfallet av å fjerne dieselpåslaget for Euro 6-kjøretøy er om lag 27,5 mill. kroner per år. Etter hvert som dieselparken fornyes, vil en større del av de lette dieselkjøretøyene få Euro 6-teknologi. Dette fører til at inntektsbortfallet vil øke over tid, dersom andelen dieselkjøretøy ikke reduseres.

Nullutslipp

En halvering av bompengetakstene for nullutslippskjøretøy vil føre til bortfall av om lag 50 mill. kr. Ventet vekst i andel nullutslippskjøretøy vil likevel føre til at bompenginntektene reduseres ytterligere etter hvert som andelen øker. Dersom bompengetakstene for nullutslippskjøretøy reduseres vil årlig reduksjon i gjennomsnittstaksten øke. Det fører til reduserte inntekter i perioden som må kompenseres dersom samlet bompenginntekt skal opprettholdes.

Takstgruppe 2 (tunge kjøretøy)

Næringstransporten med tunge kjøretøy er ikke omfattet av nullvekstmålet. En reduksjon av takstene for tunge kjøretøy medfører derfor ikke konsekvenser for måloppnåelse av nullvekst. Et slikt tiltak vil derfor kunne gjennomføres uten at det gjennomføres trafikkdempende tiltak.

De to takstklassene i takstgruppe 2, Euro V og eldre, og Euro VI har hver om lag 43 mill. kroner i bompenginntekt per år. Det er beregnet at en reduksjon i taksten for takstgruppe 2 på 65 pst. vil redusere årlig bompenginntekt med 55 mill. kroner. En kan også vurdere reduksjon av bompengetakstene for Euro VI-kjøretøy kombinert med andre tiltak.

Alternativt kan en se for seg fjerning av rushtidsavgiften for tunge kjøretøy med Euro VI. Inntektseffekten av et slikt tiltak er om lag 5 mill. kroner årlig, men vil øke etter hvert som tungbilparken fornyes.

Trafikale effekter

Transportmodellen er ikke konstruert for å vurdere reisekostnadsendringer for enkelte kjøretøy basert på miljøegenskapene. Det er derfor gjort en skjematisk tilnærming under tiltak 2 basert på modellresultatet fra tiltak 1. Vi anbefaler at en legger til grunn at 1 kr redusert bompengetakst for en kjøretøygruppe medfører 0,6 pst. trafikkvekst. Eksempelvis vil 5 kroner redusert bompengetakst for bensin/hybridkjøretøy medføre 3 pst. økt trafikk for denne kjøretøyklassen. Da er det ikke rom for å justere andre kjøretøy. Samlet effekt blir som i tiltak 1.

3. Utsette prisjustering av bompengetakstene

Tiltaket utgår som følge av at det har kommet signaler fra SVV sentralt om at det er usikkert om manglende prisjustering kan sies å være innenfor rammene av bompengavtalen.

4. Redusere bompengetakster i utvalgte bomstasjoner

Ringveg vest

Etter innføring av de nye bomstasjonene er det i hovedsak ikke rushtidsavgift i de perifere bydelene, mens det er rushtidsavgift i de sentrumsnære områdene. Unntakene fra dette er bomstasjonene som ble etablert i 2010 for finansiering av Ringveg vest, der det i dag er rushtidsavgift, samt de nye bomstasjonene i sentrum, som ikke har rushtidsavgift.

Det er sett på effekten av å utvikle tidsdifferensierte bompengetakster i bomstasjonene på fv. 557 Dolviken og fv. 556 ved Straume bro. I september 2019 er det beregnet at inntekten fra rushtidsavgiften fra de to bomstasjonene er om lag 1,8 mill. kroner. Det gir en årlig inntektseffekt av å utvikle tidsdifferensierte bompenger i Dolviken og Straume på rundt 20 mill. kroner.

Redusere takster i de nye bomstasjonene

Det er sett på et eksempel der en reduserer bompengetakstene i de nye bomstasjonene med 9 pst. Bortfallet av inntekt vil da beløpe seg til 55 mill. kroner årlig. Tiltaket omfatter de 15 bomstasjonene som hadde innkrevingsstart 6. april 2019.


Redusere takster i «ytre ring»

«Ytre ring» består i dette regneeksempelet av de nye bomstasjonene, med unntak av de to i sentrum, samt bomstasjonene i Dolviken og Straume. Figuren under viser «indre ring» som **ikke** får reduserte takster. «Ytre bomring» består av følgende bomstasjoner:

Tabell 3: Bomstasjoner som inngår i "ytre ring" i regneeksempelet

Rv555 Sotravegen, mot øst
E39 Åsanevegen, mot sør
Fv557 Ringveg Vest Dolviken
Rv580 Fritz-C-Riebers veg, mot nord
Fv580 Flyplassvegen, mot øst
Fv557 Straumevegen, mot nord
Fv582 Fanavegen, mot nord
E16 Arnavegen, mot nord-vest
Fv558 Lyderhornsveien, mot sør-øst
Fv580 Grimesvingene, mot vest
Fv179 Steinsvikvegen, mot sør
Fv267 Åsanemyrane, mot sør
Fv556 Straume
Fv172 Skagevegen, mot sør
Fv243 Telleviksveien, mot sør

Beregningen viser at en ved å redusere takstene i «ytre ring» med 8 pst. oppnår årlig redusert bompenginntekt med 55 mill. kroner.



Figur 1: bomstasjoner i "indre ring"

Trafikale effekter

Ringveg vest

Da tidsdifferensierte bompengetakster ble innført i 2016 var omfordelingseffektene relativt sterke før og etter rushtidsperiodene. Trafikkavvisingseffekten over døgnet var mer beskjeden, og samlet vurdert til å ligge på om lag 5–6 pst. Det er naturlig å vente en tilsvarende trafikkvekst gjennom de to bomstasjonene på fv. 557 Dolviken og fv. 556 ved Straume bro dersom tidsdifferensierte bompengetakster avvikles på Ringveg vest. Trafikken gjennom de to bomstasjonene utgjør om lag 7 pst. av passeringene i Bergen. Det gir en samlet trafikkøkningseffekt på rundt 0,35 pst.

Når nytt sentralsystem som håndterer lokalt vedtak om høyeste pris i rush er på plass, vil turene som fortsetter gjennom bomstasjoner med rushtidsavgift bli belastet høyeste pris. Dette betyr at trafikken som skal i retning sentrum i rushtiden fortsatt vil betale rushtidsavgift. Det taler for at inntektseffekten og den trafikale effekten blir noe svakere når nytt sentralsystem er på plass.

Redusere takster

Over er det skilt mellom «nye bomstasjoner» og «ytre ring». De trafikale effektene av de to alternativene er sammenfallende. Resultatene fra transportmodellen viser at reduksjon av bompengetakstene med 8 pst. som tilsvarer rundt 2 kr for en bensin/dieselbil, vil føre til en trafikkøkning på rundt 0,7 pst.

5. Avvikle tidsdifferensierte bompengetakster i ferier

Det kreves inn høyere bompengetakst i rushtiden alle dager unntatt offentlige helligdager og helgedager. Som følge av at en stor del av trafikantene har ferie samtidig, er trafikken redusert, og fremkommelighetsutfordringene lavere i perioder som fellesferien, juleferie, påskeuke, samt i skolens høst- og vinterferie.

Bompenginntekten i perioden med høyere takster er om lag 225 mill. kroner per år. Inntektseffekten av rushtidsavgiften er rundt 110 mill. kroner i Bergen per år.

Tabellen under viser hvilken effekt rushtidsavgiften har på bompenginntekten i de nevnte feriene, og hvilken inntektsreduksjon en kan vente dersom tidsdifferensierte bompengetakster avvikles i disse periodene.

Tabell 4: Ventet redusert bompenginntekt ved avvikling av tidsdifferensierte takster i ferier

Periode	Trafikk			Bompenginntekt			Gjennomsnittsinntekt		Ventet inntektseffekt
	Totalt	I rush	Utenfor rush	Totalt	I rush	Utenfor rush	I rush	Utenfor rush	
Fellesferie (juli måned)	6 480 863	1 552 051	4 928 812	82 205 479	25 201 818	57 003 661	16,2	11,6	-7 251 734
Romjulen 27.-31. des*	898 643	256 351	642 292	11 632 511	4 003 373	7 629 137	15,6	11,9	-958 443
Påskedagene (man-ons)	673 982	192 263	481 719	8 724 383	3 002 530	5 721 853	15,6	11,9	-718 832
Høstferie (7.-11. okt)	1 290 539	410 287	880 252	17 118 241	6 761 874	10 356 367	16,5	11,8	-1 934 753
Vinterferie (25.2-1.3)**	1 290 539	410 287	880 252	17 118 241	6 761 874	10 356 367	16,5	11,8	-1 934 753
							Sum		-12 798 516

*Mangler data. Benyttet tilsvarende trafikk/inntekt som i påskedagene

** Februar 2019 var uten nye bomstasjoner. Benyttet tilsvarende tall som for høstferien

Tabellen viser at fjerning av rushtidsavgift i feriene vil redusere bompenginntekten med om lag 13 mill. kroner per år.

En kan se for seg en utvidelse av fritaksperioden i juli. Dette kan sees i sammenheng med redusert rutetilbud hos Skyss (sommerruter), eller avvikling av skoleferien. Effekten vil trolig være sammenlignbar med resultatene for høst- og vinterferien: rundt 2 mill. per uke.

Trafikale effekter

Som for Ringveg vest er det sett på effektene av innføring av tidsdifferensierte bompengetakster når vi vurderer effekten i ferieukene. Gjennomsnittlig trafikkavvisning på yrkesdøgn som følge av tidsdifferensierte takster ligger på om lag 5-6 pst. Det er ventet at effekten av å avvikle rushtidsavgiften i feriene vil ha tilsvarende effekt. Det er likevel naturlig å anta at omfordelingseffektene vil være mer begrenset enn på yrkesdøgn. Og effekten gjelder kun i feriemånedene/-ukene. Om en antar 2 måneder ferie (juli, samt vinter-, påske-, høst- og juleferie) er ventet trafikkvekst 0,8-1,0 pst. per år.

6. Innføre tretimersregel

Statens vegvesen har grovt vurdert effekter av tretimersregel i Bergen. Det understrekes at effektene av tretimersregel er svært usikre, og at vi ikke har sammenligningsgrunnlag fra andre byer eller gode modellverktøy som kan bidra i analysen.

Analysen viser at en kan vente mellom 50–70 mill. kroner i redusert bompengelinntekt som følge av utvidelse av timeregelen fra dagens 60 minutter til 3 timer dersom en antar at trafikken blir som før.

En utvidelse av timeregelen vil antagelig føre til stor omfordeling av trafikken i ettermiddagstimene, slik at inntektseffekten trolig vil bli sterkere. Det er vurdert at bompengelinntektene kan bli redusert med mellom 70 og 100 mill. kroner årlig dersom en utvider timeregelen til å gjelde i tre timer fra klokken 17:00 til klokken 20:00.

Trafikale effekter

Transportmodellen er ikke egnet til å vurdere tiltaket. Det er vurdert at rundt 20 pst. av trafikken passerer bomstasjonene i tidsrommet 17:00–20:00. Et grovt anslag på hvor mange av disse passeringene som vil dra nytte av tretimersregel er 25–35 pst.

Vi forventer at tiltaket vil føre til noe omfordelt trafikk fra timene før og etter tretimersregelen gjelder. Trafikantene vil, der det lar seg gjøre, slå sammen flere turer til én, eller flytte reiser med mange målpunkt til perioden med tretimersregel. Det er ikke ventet at innføring av tretimersregel vil føre til sterk trafikkvekst over døgnet totalt sett.

Det er ventet at inntektsreduksjonen fra å innføre tiltaket vesentlig vil overstige målet om 55 mill. kroner årlig redusert bompengelinntekt.

7. Innføre refusjonsordninger

En kan tenke seg at det kan innføres refusjonsordninger for bompenger for utvalgte grupper. Dersom tiltaket er aktuelt må det spesifiseres hvem som ev. skal omfattes av et slikt tiltak, og hvordan ordningen skal administreres.

Oppsummering

Tabellen under oppsummerer resultatene av vurderingen som er lagt til grunn i dette notatet.

Tabell 5: Oppsummering av trafikale virkninger av vurderte tiltak

Tiltak	Beskrivelse	Ventet trafikkvekst
1	Redusere bompengeretakstene for alle kjøretøy	0,6 – 1,5 pst.
2	Redusere bompengeretakstene for utvalgte kjøretøy	0,6 – 1,5 pst.
4	Redusere bompengeretakster i utvalgte bomstasjoner a.) Ringveg vest b.) Nye stasjoner/ytre ring	0,35 pst. 0,70 pst.
5	Avvikle tidsdifferensierte bompengeretakster i ferier	0,8 – 1,0 pst.
6	Innføre tretimersregel	Svært usikker

En kan se for seg kombinasjoner av tiltak for å oppnå inntektsbortfall på 55 mill. kroner per år. Basert på Statens vegvesens analyse er det i tabellen under vist eksempler på kombinasjoner av tiltak som vil oppnå inntektsreduksjonsmålet, og tiltakets ventede utslag på trafikkveksten.

Tabell 6: Eksempler på kombinasjoner av tiltak som kan oppnå inntektsmålet

Eksempel	Beskrivelse	Inntekts- effekt	Samlet inntektseffekt	Ventet trafikkvekst
A	Fjerning av rushtidsavgift i ferie Redusert bompengeretakst med 1 kr	13 mill. 41 mill.	54 mill.	1,4–1,6 pst.
B	Fjerning av rushtidsavgift i ferie Fjerning av rushtidsavgift Ringveg vest Redusert takst for Euro VI	13 mill. 20 mill. 22 mill.	55 mill.	1,15–1,35 pst.
C	Redusere takstene i nye stasjoner/ytre ring	55 mill.	55 mill.	0,7 pst.
D	Halvert takst for Euro VI Fjerning av dieselpåslag for Euro 6	21,5 mill. 27,5 mill.	49 mill.	0,6 pst.

Saknr: 2020/47678-1
Saksbehandlar: Camilla Selch

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		28.04.2020
Fylkesutvalet		30.04.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	30/20	28.04.2020
Fylkesutvalet	77/20	30.04.2020
Fylkestinget	26/20	12.05.2020

Reduksjon av meirverdiavgift og prisreduksjon på ferje

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek å ikkje endre billettprisane for reisande med buss, bybane og båt som følgje av den midlertidige reduksjonen i meirverdiavgift for persontransport.
2. Fylkestinget vedtek å ikkje endre billettprisane for reisande med fylkesvegverjene, men justere tal soner for å oppretthalde eit tilsvarande prisnivå som før 1.april som følgje av at:
 - a. På riksvegferjene let ein reduksjonen i meirverdiavgift frå 12 til 6 prosent kome reisande til gode, i form av lågare billettpris fram til 31. oktober 2020.
 - b. Billettprisane på riksvegferjene vert sett ned med 20 prosent i perioden 1. april til 30. juni 2020.
3. Fylkestinget vedtek at fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane tek i bruk AutoPASS-regulativet for ferjetakstar så snart dette er mogleg å setje i verk.

Saksprotokoll 28.04.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek å ikkje endre billettprisane for reisande med buss, bybane og båt som følgje av den midlertidige reduksjonen i meirverdiavgift for persontransport.
2. Fylkestinget vedtek å ikkje endre billettprisane for reisande med fylkesvegverjene, men justere tal soner for å oppretthalde eit tilsvarande prisnivå som før 1.april som følgje av at:
 - a. På riksvegferjene let ein reduksjonen i meirverdiavgift frå 12 til 6 prosent kome reisande til gode, i form av lågare billettpris fram til 31. oktober 2020.

b. Billettprisane på riksvegferjene vert sett ned med 20 prosent i perioden 1. april til 30. juni 2020.

3. Fylkestinget vedtek at fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane tek i bruk AutoPASS-regulativet for ferjetakstar så snart dette er mogleg å setje i verk.

Saksprotokoll 30.04.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar sette fram slikt forslag:

«Utsetjing:

Fylkesutvalet utsett saka.»

Avrøysting til utsetjing

Fylkesordførar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet utsett saka.

Samandrag

Stortinget vedtok 31. mars 2020 ei krisepakke (Prop. 58 LS (2019-2020) for å hjelpe næringslivet gjennom korona. I krisepakka vedtok ein reduksjon av meirverdiavgiftssatsen frå 12 til 6 prosent for tenester som gjeld persontransport og transport av køyretøy på ferje midlertidig for perioden 1. april 2020 til 31. oktober 2020. Vestland fylkeskommune må ta stilling til om reduksjon av meirverdiavgiftssatsen skal kome fylkeskommunen eller kundane av transporttenestene våre til gode. I denne saka gjer Fylkesrådmannen greie for konsekvensar og handlingsalternativ for billettprisane av endringa i meirverdisats for dei ulike transportformene som Vestland fylkeskommune har ansvar for.

For ferje vedtok Stortinget som ein del av krisepakka (Prop. 67 S (2019-2020) å redusere takstane på riksvegferjesambanda med 20 prosent midlertidig i perioden 1. april 2020 til 30. juni 2020. Ut frå Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering, pkt. 8 - mynde til å handtere ein krisesituasjon, godkjende fylkesrådmannen 6. april 2020 at ferjetakstane vart regulerte i samsvar med SVV sin tilråding.

Samstundes har Statens Vegvesen (SVV) for å unngå at ferjebillettering bidreg til smittespreiing på riksvegferjesambanda gått over til AutoPASS-regulativet, som sikrar at billettering kan forgå med Autopass-brikke og kjennemerkeregistrering.

Fylkesrådmannen gjer i saka greie for Vestland fylkeskommune sine handlingsalternativ for fylkesvegferjesambanda når det gjeld prisar og innkrevjingsmetodar, som følgje av endringane på riksvegferjene.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Redusert meirverdiavgiftssats for persontransport

I samband med krisepakka som vart vedtatt av Stortinget 31. mars 2020, vedtok Stortinget at meirverdiavgiftssatsen for persontransport skal reduserast frå 12 til 6 prosent for perioden 1. april 2020 til 31. oktober 2020. Dette vil mellom anna gjelde for omsetning av tenester som gjeld persontransport og transport av køyretøy på ferje. Vestland fylkeskommune må ta stilling til om prisreduksjonen skal kome fylkeskommunen eller kundane av transporttenestene våre til gode.

Buss, bybane og hurtigbåt

Dei reisande på desse transportmidla er i hovudsak privatpersonar og ikkje næringsaktørar. Om ein legg regjeringa sine hensikter til grunn, er det naturleg at mva-reduksjonen her kjem fylket sjølv til gode, som ein aktør som lir store økonomiske tap under koronakrisa.

Ei rekkje norske kollektivselskap og fylkeskommunar melder at dei ikkje kjem til å endre billettprisane på buss/bane og båt som følgje av mva-endringa. Felles for alle er at prisendringar medfører eit stort arbeid med systemendringar og kundeinformasjon. Sidan reduksjonen av meirverdisatsen er midlertidig, vil ein på nytt måtte endre prisane 1. november. Prisjusteringar medfører eit tidkrevjande og kostbart arbeid som normalt berre vert gjort ein gong i året.

Også for kundane er fleire endringar i løpet av året i strid med prinsippet om at billettering skal vere så enkelt og føreseieleg som mogleg. Eit anna moment er at fylkeskommunen ikkje har tradisjon for å endre billettprisane når meirverdisatsen vert endra. Mva-satsen vart auka i høvesvis 2016 og 2018, og begge gongene let fylkeskommunen billettprisane vere uendra og tok sjølv ulempa med auka avgifter.

Eit tilleggsmoment er at mange reiser i Kringom sitt område allereie er billegare enn normalt, sidan det frå 18. mars 2020 vart innført Vipps-betaling med forenkla prisstruktur for å bøte på at billettering om bord er stoppa av smittevernomsyn. Med redusert mva-sats vil desse rimelege billettane verte enno billegare. I den fasen vi er inne i, vert innbyggjarane oppmoda om å ikkje reise kollektivt. Å setje ned billettprisane gjev motsett signal.

For billetter på buss, bybane og båt er Fylkesrådmannen si innstilling på bakgrunn av desse faktorane at ein ikkje endrar billettprisane ut mot kundane og at avgiftsreduksjonen skal kome fylkeskommunen til gode. Dagens billettprisar blir då ståande uendra når mva-satsen vart endra frå 1. april 2020.

Dersom ein ikkje endrar billettprisane ut mot kundane på buss, bybane og båt, og avgiftsreduksjonen kjem fylkeskommunen til gode, vil det vera ein positiv inntektseffekt for fylkeskommunen. I ein normalsituasjon ville beløpet vore 4,4 MNOK pr. måned. Sidan inntektene no er kraftig reduserte, får endringa i mva mindre effekt. Den positive inntektseffekt er 0,4 MNOK i krisesituasjonen.

Ferje

For riksvegferjesambanda har Statens vegvesen tolka mva-reguleringa slik at endringa skal kome trafikantane til gode.

Fylka har valt å nytte SVV sine takstregulativ og billetteringssystem på fylkesvegferjesambanda. Dersom fylket vil ha eigne regulativ som ikkje byggjer på staten sin prislogikk og soner, må ein etablere og vedlikehalde eigne prissystem og tekniske system. Dersom Vestland fylkeskommune ikkje ønskjer at mva-endringa skal kome ferjetrafikantane til gode, må billettprisane endrast ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare sone enn lengda på sambanda tilseier. Ein vil ikkje treffe presist og vil berre få ein tilnærma rett pris i høve dagens prisar.

På grunn av svært kort tid frå avgjerd til dato for iverksetting 1.april valte fylkesrådmannen å følgje SVV sine takstregulativ og på denne måten la den reduserte meirverdisatsen kome ferjetrafikantane til gode. Det var ikkje tid til å etablere eigne takstregulativ basert på justering av soner for alle fylkesvegferjesambanda våre på den tida ein hadde til rådvelde.

Reduserte billettprisar på fylkesvegferjene

Stortinget bad regjeringa (anmodningsvedtak nr. 424 (2019-2020) av 19. mars 2020) om å komme attende med forslag som kunne sikre reduserte takstar på riksvegferjer for ein avgrensa periode. I

Prop. 67 S (2019-2020) Proposisjon til Stortinget, foreslo regjeringa å redusere takstane på riksvegferjer med 20 prosent i perioden 1. april 2020 til 30. juni 2020.

Statens vegvesen har følgd opp vedtaket og har innført ein prisreduksjon på 20 prosent på billettprisane på fylkesvegferjene. Same prisreduksjon er gjennom krisefullmakt gjort gjeldande for Vestland fylkeskommune sine fylkesvegferjesamband, og ein må no ta stilling til om avgjerda skal stå ved lag.

I likskap med mva-endingane som er omtala over, er det slik at dersom eit fylke ikkje ønskjer at prisendringa også skal gjelde på fylkesvegferjesambanda, må prisane endrast ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare sone enn lengda på sambandet tilseier. Ved å auke talet på soner, vil ein kunne få tilsvarande prisar som før (frå 1. januar 2020), men ein vil ikkje treffe eksakte prisar. Etter våre berekningar må sonepåslaget vere +4.

Når ein tek høgde for at trafikken er redusert under pandemien, er det berekna ein inntektsnedgang på 2,2 millionar kroner per måned for bruttokontraktane, og 0,35 millionar kroner per måned for nettokontraktane. Berekningane tar utgangspunkt i gjennomsnittsinntekter per måned. Inntektseffekten for bruttokontrakt vil treffe fylkeskommunen direkte, medan inntektene på nettokontrakt går til operatøren, slik at ein prisreduksjon ikkje har direkte innverknad på fylkeskommunens økonomi. Det er likevel ikkje usannsynleg at operatør i ettertid kan krevje kompensasjon for bortfallet av billettinntekter.

Ved å følgje SVV vil prisreduksjonen medføre økonomisk tap i ein avgrensa periode med dei ekstra utfordringar det gir Vestland Fylkeskommune. Dette er bekymringsfullt og tilseier at fylkeskommunen ikkje bør følgja SVV i denne saka. Fylkesrådmannen rår derfor til at Vestland fylkeskommune ikkje følgjer Statens vegvesen og dermed ikkje reduserer ferjeprisane med 20 prosent. Det vil vere utfordrande å justere soneinndelinga opp og ned i ein kort periode både frå eit praktisk og eit kunde perspektiv. Men utan kompensasjon for prisreduksjonen kan ikkje fylkesrådmannen tilrå å følgje Statens vegvesen.

Fylkesrådmannen har merke seg at Stortinget i krisepakka løyvde 50 millionar kroner til å dekkje det berekna inntektstapet for Statens vegvesen på riksvegferjene som følgje av prisreduksjonen.

Endring i innkrevjingsmetode på fylkesvegferjene i Sogn og Fjordane

Statens Vegvesen har sett i verk ein strategi for å hindre inntektstap og smittespreiing, og har gått over til å nytte AutoPASS-regulativet på alle riksvegferjesambanda som ikkje allereie nyttar dette. For trafikantar utan AutoPASS-avtale har ein teke i bruk skiltlesing (kjennemerkegodkjenning) og etterfakturering av kundar, med midlertidig lovheimel frå Stortinget.

Statens Vegvesen tilrår no at alle fylkeskommunar går over til AutoPASS-regulativet på alle fylkesvegferjesamband. Med AutoPASS-regulativet tek ein berre betalt for køyretøyet, medan prisen for passasjerar er innbakt i prisen for køyretøy.

I Riksregulativet for ferje tek ein betalt for både køyretøy og passasjerar. På samband der koronasituasjonen har ført til at ein har stoppa manuell billettering og i staden nyttar skiltlesing og etterfakturering, får ein likevel berre inn betaling for køyretøyet. Ein går dermed glipp av inntekter for passasjerane. Ved å gå over til AutoPASS tek ein omsyn til smittevern og unngår manuell billettering, samstundes som ein får inn inntekter for alle ferjetrafikantar.

Vestland fylkeskommune må ta stilling til om ein skal følgje Statens vegvesen si tilråding på ferjesamband i fylket som framleis nyttar Riksregulativet for ferjetakstar. Dette gjeld åtte fylkesvegferjesamband i Sogn og Fjordane

Prisendring som følgje av overgang til AutoPASS-regulativet

Ved overgang til AutoPASS-regulativet for ferjetakstar vil dei som køyrer åleine i personbil oppleve ein prisauke på i overkant av 30 prosent. Dersom fylket samstundes vedtek at redusert mva-sats frå 12 til 6 prosent skal kome ferjetrafikantane til gode, og å følgje Statens vegvesen sin prisreduksjon på 20 prosent, så vil enkeltbilistar ikkje oppleve ein merkbar endring i billettprisen no. Køyretøy lengre enn 6 meter vil få ein nedgang i pris.

Ver likevel merksam på at både prisreduksjonen på 20 prosent og reduksjonen i mva-sats er midlertidige. Frå 1. juli blir prisreduksjonen på 20 prosent oppheva, og 1. november vil mva-satsen bli sett attende til ordinær 12 prosent meirverdiavgift.

AutoPASS slår ut ulikt for ulike køyretøygrupper, og det er i hovudsak reisande som køyrer åleine i personbil som får den største auken.

Sjølve billetteringa på ferjene vil vere mindre ressurskrevjande for ferjemannskapet ved at registreringa av køyretøy vil gå raskare enn tradisjonell billettering. Det vil kunne ta noko tid før operatørane er klare med naudsynt utstyr.

Fylkesrådmannen tilrår å innføre AutoPASS-regulativet som permanent løysing på fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane, så snart det er mogleg å setje i verk.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Saka omhandlar fleire vedtak som har økonomisk verknad for fylkets økonomi, i hovudsak for ein mellombels periode. Dersom forslaget til fylkesrådmannen blir vedtatt er det ein positiv inntektseffekt av at ein ikkje endrar billettprisane ut mot kundane på buss, bybane og båt. Avgiftsreduksjonen kjem fylkeskommunen til gode. Beløpet utgjer 0,4 MNOK pr. måned. Inntektsbortfallet ved endra mva for ferje utgjere om lag 0,7 MNOK millionar kroner per måned, gitt dagens reduserte omsetning som følgje av koronapandemien.

Når det gjeld reduserte billettprisar på fylkesvegferjene er det berekna ein inntektsnedgang på 2,2 millionar kroner per måned for bruttokontraktane, og 0,35 millionar kroner per måned for nettokontraktane, gitt dagens redusert trafikk under pandemien.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse:

Innføring av AutoPASS-regulativet følgjer råda frå Folkehelseinstituttet om å unngå manuell billettering (kontakt mellom passasjer og billettør).

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Vestland fylkeskommune ønskjer på ein best mogleg måte å imøtekomme intensjonen til dei tiltaka som er gjennomført. Samstundes legg vi oss på ei linje som er lik andre fylkeskommunars tilnærming til saka og vi følgjer tidlegare praksis knytt til historiske MVA justeringar. Med dette som grunnlag tilrår Fylkesrådmannen å ikkje endre billettprisane for reisande med buss, bybane og båt som følgje av den midlertidige reduksjonen i meirverdiavgift for persontransport.

For fylkesvegferjene må fylkesrådmannen rå til at ein av økonomiske årsaker ikkje følgjer riksvegferjene som let reduksjonen i meirverdiavgift frå 12 til 6 prosent kome reisande med riksvegferjene til gode, i form av lågare billettpris fram til 31. oktober 2020, men at tal på soner vert justert for å oppretthalde eit tilsvarande prisnivå som før 1.april 2020

Når det gjeld billettprisane på fylkesvegferjene så ser Fylkesrådmannen utfordringane endringa her vil gje VLFK, men etter ein samla vurdering tilrår Fylkesrådmannen at prisane ikkje vert sett ned med 20 prosent i perioden 1. april til 30. juni 2020, men at tal soner vert justert så snart det er praktisk mogleg for å oppretthalde eit tilsvarande prisnivå som før 1.april som. Det vert anbefalt at fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane tek i bruk AutoPASS-regulativet for ferjetakstar så snart dette er mogleg å setje i verk.

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: MOK- SKYSS

Notat om krisepakkenes økonomiske innverknad på kollektivtransporten i Vestland

Innhold

Bakgrunn	2
Redusert meirverdiavgiftssats for persontransport	2
Intensjonen med tiltaket	3
Korleis tolkar andre kollektivaktørar vedtaket?	3
Tidlegare praksis kring meirverdiavgift	4
Arbeid knytt til prisendringar	4
Konsekvensar for kundane	4
Billettsal med Vipps i Sogn og Fjordane (Kringom)	4
Ferje	4
Økonomiske effektar for fylkeskommunen	5
Reduserte billettprisar på fylkesvegferjene	7
Økonomiske konsekvensar	7
Endring i innkrevjingsmetode for ferjetakstar i Sogn og Fjordane	9
Overgang til AutoPASS-regulativet for alle riksvegferjesamband	9
Overgang til AutoPASS-regulativet på fylkesferjene i Sogn og Fjordane	9
Prisendring som følgje av overgang til AutoPASS-regulativet	10
Konsekvensar for operatør ved overgang til AutoPASS-regulativet for ferjetakstar	10
Erfaringar med AutoPASS-regulativet	10
Vedlegg	11

Bakgrunn

Stortinget har med ei rekkje krisepakkar søkt å avhjelpe verknaden av koronakrisa på norsk næringsliv. Nokre av elementa i desse krisepakkene har direkte innverknad på kollektivtransporten i Vestland:

- Stortinget vedtok 31. mars 2020, Prop. 58 LS (2019-2020 ein reduksjon av meirverdiavgiftssatsen (heretter mva) frå 12 til 6 prosent for tenester som gjeld persontransport og transport av køyretøy på ferje midlertidig for perioden 1. april 2020 til 31. oktober 2020. Vestland fylkeskommune må ta stilling til om prisreduksjonen skal kome fylkeskommunen eller kundane av transporttenestene våre til gode.
- For ferje vedtok Stortinget som ein del av krisepakka (Prop. 67 S (2019-2020) å redusere takstane på riksvegferjesambanda med 20 prosent midlertidig i perioden 1. april 2020 til 30. juni 2020. Vestland fylkeskommune må ta stilling til om ein skal følgje Statens vegvesen sine prisar for riksvegferjene og la desse vere gjeldande for fylkesvegferjesambanda i perioden det er snakk om.
- Samstundes har Statens vegvesen (SVV) for å hindre inntektstap, sikre rettferdig billettering og unngå at ferjebillettering bidreg til smittespreiing på riksvegferjesambanda, gått over til AutoPASS-regulativet for ferjetakstar. Dette sikrar at billettering kan forgå med Autopass-brikke og kjennemerkerregistrering. Statens Vegvesen tilrår at alle fylkeskommunar, som takstmyndigheit for fylkesvegferjer, går over til AutoPASS-regulativet for ferje. Vestland fylkeskommune må ta stilling til om ein vil følgje Statens vegvesen si tilråding for dei fylkesvegferjene som framleis nyttar Riksregulativet for ferjetakstar.

Dette notatet gjer greie for konsekvensar og handlingsalternativ for Vestland fylkeskommune når det gjeld billettprisar og innkrevjingsmetodar som følgje av dei nasjonale endringane, etter følgjande oppsett:

- Redusert meirverdiavgiftssats for persontransport
- Reduserte prisar på ferje
- Endring i innkrevjingsmetode på fylkesvegferjene

Redusert meirverdiavgiftssats for persontransport

I samband med krisepakka som vart vedtatt av Stortinget 31. mars, har Stortinget vedtatt at meirverdiavgiftssatsen for persontransport skal reduserast frå 12 til 6 prosent som ei midlertidig ordning for perioden 1. april 2020 til 31. oktober 2020. Dette vil mellom anna gjelde for omsetning av tenester som gjeld persontransport og transport av køyretøy på ferje.

Ifølgje regjeringa si pressemelding er formålet med vedtaket å betre likviditetssituasjonen for næringslivet ved å lette på skattar og avgifter. Ifølgje finansministeren har koronapandemien avgrensa folk si mogelegheit til å reise, gå på kino, besøke museum og nytte kulturopplevingar. Dette fører til kraftig redusert omsetjing og inntening for verksemdar i reiselivs- og kulturbransjen. Å redusere den låge satsen for meirverdiavgift til 6 prosent er meint å lette noko på dei negative verknadene som desse verksemdene opplever¹.

Det er likevel litt uklårt i kva grad avgiftsreduksjonen skal kome tenesteleverandøren (fylkeskommunen) eller kjøparen til gode. Det er fleire tilhøve ein må ta omsyn til når ein skal vurdere om avgiftsreduksjonen skal kome tenesteleverandøren eller kjøparen til gode. Dette notatet gjer greie for hovudmomenta knytt til dette spørsmålet når det gjeld:

1

Sjå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-58-ls-20192020/id2694293/>

- Transport på buss, bybane og båt
- Ferje

Intensjonen med tiltaket

Dei reisande på buss, båt og bybane er i hovudsak privatpersonar og ikkje næringsaktørar. Om ein legg regjeringa sine hensikter til grunn, er det naturleg at mva-reduksjonen her kjem fylket sjølv til gode, som ein aktør som lir store økonomiske tap under koronakrisa. Dei tapte inntektene for kollektivtransporten er på om lag 100 millionar kroner i månaden som omfattar både buss, båt, bybane, skuleskyss og ferje. Ein vil dessutan sende blanda signal til kundane dersom billettprisane vert sette ned, samstundes som ein oppmodar innbyggjarane om å ikkje reise kollektivt.

Korleis tolkar andre kollektivaktørar vedtaket?

Det er naturleg at Vestland fylkeskommune har lik praksis som resten av Noreg av stortingsvedtaket. Det er difor nyttig å sjå på korleis andre aktørar har tolka vedtaket.

NHO Transport meiner at dei nye avgiftssatsane er uklåre og har difor tatt opp problemstillinga i eit eige brev til Finansdepartementet datert 7. april 2020².

Brevet refererer til drosjenæringa, men NHO Transport syner i brevet til Stortingsproposisjon 67s 2010-2020, der det går fram at differansen mellom innbetalt meirverdiavgift med 12 prosent og ny sats på 8 prosent skal tilfalle den avgiftspliktige som har kravd inn meirverdiavgifta med 12 prosent. Dette refererer til ein reduksjon på fire prosentpoeng og dermed frå 12 til 8 prosent, som var det opphavelige forslaget til satsending frå regjeringa si side.

Kollektivselskapa som har inngått eit offentleg-offentleg samarbeid om billetteringsapp - "Kollektivkameratane" - har avgjort å senke momssatsen utan å endre prisane ut mot kundane. Endringa av mva-satsen i samarbeidsappen vart rulla ut onsdag 15. april 2020.

Ruter, som er den dominerande aktøren i det offentleg-offentlege samarbeidet, ønskjer ikkje å gjere endringar i systema sine ut mot kundane. På lik linje med Skyss har Ruter fleire system som endringa vil gjelde, i tillegg til billett-appen. Kostnadene ved å endre mva. i alle desse er vesentlege, og Ruter har difor valt å ikkje endre prisane buss, bane og båt.

AtB i Trøndelag er det største kollektivselskapet som ikkje er med i det offentleg-offentlege samarbeidet ("Kollektivkameratane"). AtB har også vedtatt å senke mva-satsen på billett på buss og båt utan å endre prisane ut mot kundane.

Andre kollektivselskap og fylkeskommunar som det er naturleg å samanlikne seg med, melder at dei ikkje endrar prisar på buss/bybane og båt. Vidare konkluderer NHO Transport at det går fram at føremonen ved avgiftsreduksjonen skal tilfalla dei avgiftspliktige, i dette høvet altså fylkeskommunen.

Tidlegare praksis kring meirverdiavgift

Fylkespolitikarane vedtek kvart år budsjett med prisendingar for komande år. Normalt skjer dette på Fylkestinget i desember, og prisane vert justerte 1. februar. Stortinget vedtek endring i satsen for meirverdiavgift for komande år i statsbudsjettet.

- I 2018 vart den låge mva-satsen auka frå 10 til 12 prosent
- I 2016 vart den låge mva-satsen auka frå 8 til 10 prosent

I begge desse høva vart billettprisane ikkje endra som følgje av den auka meirverdiavgifta. Ein større del av billettinntektene vart betalt inn til staten i form av meirverdiavgift, og fylkeskommunen

² Sjå <https://www.transport.no/siteassets/dokumenter/finansdepartementet---mva-behandling-07.04.20.pdf>

fekk lågare inntekter. Med andre ord har fylkeskommunen ikkje tradisjon for å endre billettprisane mot kundane som følgje av at staten endrar mva-satsen.

Arbeid knytt til prisendringar

Prisjusteringar medfører eit omfattande og kostbart arbeid som normalt vert gjort berre éin gong i året. Interne billettssystem må oppdaterast. Dette inkluderer billettmaskinar om bord i bussar og båtar, billettautomatane og billett-appen. I tillegg har Skyss avtale om billettsal med kommisjonærar i Bergensområdet, og ei eventuell prisjustering vil krevje at kommisjonærane endrar utsalsprisen. Normalt er dette ei endring som må kunngjerast god tid på førehand, slik at kommisjonærane får tid til å endre sine system.

I tillegg til billettssystema krev ei prisjustering at all kunderetta prisinformasjon som er publisert i digitale informasjonskanalar vert oppdatert. Nokre haldeplassplakatar må også skiftast ut.

Konsekvensar for kundane

I Kollektivstrategi for Hordaland er det slått fast at det skal vere enkelt for kunden å kjøpe riktig billett og å betale for denne. Det enkle og føreseielege for kunden er med andre ord grunnleggjande prinsipp i arbeidet med prisar og salskanalar. Ei prisendring som følgje av redusert mva-sats vil kunne verke forvirrande på kundane, ikkje minst med tanke på at prisen skal aukast igjen når den midlertidige satsendringa tek slutt i oktober.

Det er uklårt i kva grad målet med vedtaket om redusert mva-sats er å auke etterspurnaden etter kollektivreiser. Når publikum er oppmoda om å ikkje reise kollektivt med mindre det er heilt naudsynt, vil ein prisnedgang sende feil signal i høve denne oppfordringa.

Frykta for smitte - og ikkje pris - er nok mest avgjerande når folk vurderer om dei skal reise kollektivt no under korona-krisa. Å senke prisen vil dermed ha liten effekt. Vedtaket om redusert meirverdiavgiftssats vil uansett ikkje gi store utslag i prisane for kundane, og ei eventuell endring i etterspurnaden må difor reknast som marginal.

Billettsal med Vipps i Sogn og Fjordane (Kringom)

I høve Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering (punkt 8 - mynde til å handsame ein krisesituasjon), har Fylkesrådmannen godkjent at billettar til reiser i Kringom sitt område kan betalast med Vipps. Dette er ei midlertidig kriseløysing, og berre nokre utvalde reiser og prisar er lagt til i løysinga. Mange reiser i Sogn og Fjordane har difor blitt vesentleg billegare enn normalt, spesielt lengre reiser. Kunder i desse områda har med andre ord allereie opplevd ein prisnedgang. Dersom redusert mva-sats skal kome kundane til gode, vil dette føre til at billettprisane blir ytterlegare redusert, og dei lengre reisene vil i så fall bli svært billege i høve normalt nivå.

Ferje

For riksvegferjesambanda har Statens vegvesen tolka mva-reguleringa slik at endringa skal kome trafikantane til gode, og prisane er reduserte. Gjennom Fylkesrådmannens krisefullmakt er tilsvarande prisreduksjon gjort gjeldande for Vestland fylkeskommune sine fylkesvegferjesamband. Ein må no ta stilling til om denne avgjerda skal stå ved lag.

I motsetnad til på buss, bybane og hurtigbåt, utgjer næringsaktørar ein langt større del av dei reisande på ferjene. Fylkesrådmannen vurderer det som naturleg at også Vestland fylkeskommune let mva-reduksjonen kome trafikantane på fylkesvegferjesambanda til gode i form av lågare billettprisar, i tråd med regjeringa sine hensikter om å betre likviditetssituasjonen for næringslivet. Dette vil samstundes sikre lik praksis på alle ferjesamband.

Det er eit heilt sentralt moment at fylka nyttar SVV sine regulativ og system på fylkesvegferjesambanda. Vestland fylkeskommune og dei fleste andre fylka som har fylkesvegferjer, har valt å følgje statens sine regulativ (både riksregulativet og AutoPASS-regulativet), og å nytte staten sine billetteringsløyser/baksystem. Bakgrunnen er eit

grunnleggjande prinsipp om at ferje skal vere ferje for trafikantane, med same løysingar og prissystem, uansett om det er riksvegferjesamband eller fylkesvegferjesamband.

Dersom fylket vil ha eigne regulativ som ikkje byggjer på staten sin prislogikk og soner, må ein etablere og vedlikehalde eigne prissystem og tekniske system. Det same gjeld innkrevjingssystema, som er basert på staten sine baksystem. Kostnader og konsekvensar av dette er ikkje blitt utgreidd, men det er anslått at det vil krevje uforholdsmessig mykje ressursar. Ingen fylke har eigne system, med unntak av Finnmark/Troms, der ferjebillettering er del av billetteringa på båt og buss.

Dersom eit fylke ikkje ønskjer at den vedtekne mva-endinga skal kome ferjetrafikantane til gode, må billettprisane endrast ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare sone enn lengda på sambanda tilseier. Ein vil ikkje treffe presist og vil berre få ein tilnærma rett pris i høve dagens prisar. Det er ikkje mogleg å ha ulike prisar på samband i same sone.

Økonomiske effektar for fylkeskommunen

I ein normalsituasjon sel Skyss/Kringom billetter for om lag 1 207 millionar kroner i året. Av desse kjem 267 millionar frå ferje, 872 millionar frå buss/bybane og 68 millionar frå båt.

Det er gjort berekningar av inntektsbortfallet ved ei eventuell prisjustering ut mot kunden som følgje av endra meirverdiavgift. Dersom vi reduserer alle billettprisane ut mot kunden som følgje av mva-endinga, vil inntektsbortfallet vere på om lag 6,0 millionar kroner per måned (i ein normalsituasjon med 100 prosent omsetning). Inntektsbortfallet per transportmiddel er som følgjer:

Transportmiddel	Inntektsbortfall per måned ved normal omsetning
Ferje	1,3 MNOK
Buss/bybane	4,4 MNOK
Båt	0,3 MNOK

Med dagens reduserte omsetning som følgje av koronapandemien (50 prosent reduksjon i trafiktalet på ferje og 90 prosent reduksjon i reisetala på buss/bybane/båt) vil inntektsbortfallet ved endra mva. utgjere om lag 1,1 MNOK per måned. Merk at det er vesentleg usikkerheit knytt til inntektsbortfallet som følgje av korona, spesielt på ferje. Inntektsbortfallet per transportmiddel er som følgjer:

Transportmiddel	Inntektsbortfall per måned ved redusert omsetning (korona)
Ferje	0,7 MNOK
Buss/bybane	0,4 MNOK
Båt	>0,1 MNOK

Effekten av mva-reduksjon vil med andre ord bli lågare enn i ein normalsituasjon, sidan etterspurnaden etter kollektivtransport har gått vesentleg ned som følgje av koronapandemien. Etterspurnaden vil truleg kome til å variere, og inntektseffekten vil då variere mellom dagens situasjon og opp til ein normalsituasjon.

Dersom ein ikkje endrar billettprisane ut mot kundane på buss, bybane og båt, og avgiftsreduksjonen kjem fylkeskommunen til gode, vil det vera ein positiv inntektseffekt for fylkeskommunen. I ein normalsituasjon ville beløpet vore 4,4 MNOK pr. måned. Sidan inntektene no er kraftig reduserte, får endinga i mva mindre effekt. Den positiv inntektseffekt er 0,4 MNOK i krisesituasjonen.

Reduserte billettprisar på fylkesvegferjene

I samband med krisepakka bad Stortinget regjeringa (anmodningsvedtak nr. 424 (2019-2020) av 19. mars 2020) om å komme attende med forslag som kunne sikre reduserte takstar på riksvegferjer for ein avgrensa periode. I grunngjevinga har Finanskomiteen understreka kor viktig det er med gode rammevilkår for samfunnskritisk infrastruktur i denne kritiske fasen. I Prop. 67³ foreslo regjeringa å redusere takstane på riksvegferjer med 20 prosent i perioden 01.04.20 til 30.06.20. Stortinget vedtok dette som del av krisepakka. Statens vegvesen har følgd opp vedtaket og har innført ein midlertidig prisreduksjon på 20 prosent på riksvegferjene⁴.

Same prisreduksjon på 20 prosent er gjennom Fylkesrådmannens krisefullmakt gjort gjeldande for Vestland fylkeskommune sine fylkesvegferjesamband. Ein må no ta stilling til om avgjerda skal stå ved lag.

Vestland fylkeskommune står då overfor to alternativ - anten å følgje Statens vegvesen og holde fram med 20 prosent prisreduksjon, eller auke ferjeprisane tilbake til nivået før prisreduksjonen fant sted. (Sjå vedlagte prissamanlikningar.)

Vestland fylkeskommune og dei fleste andre fylka som administrerer fylkesvegferjer, har som nemnt over valt å følgje statens sine regulativ og staten sine billetteringsløysingar og baksystem, og løysingane staten vel har såleis direkte påverknad på fylka. Statens vegvesen har i samband med prisreduksjonen endra på regulativa. I likskap med mva-endringane som er omtala over, er det slik at dersom eit fylke ikkje ønskjer at prisendringa også skal gjelde på fylkesvegferjesambanda, må fylket endre prisane ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare sone enn lengda på sambandet tilseier. Dette er mogleg, men ein vil ikkje treffe eksakt på rett pris, og løysinga er ikkje optimal, verken for kundane eller for administrasjonen. Etter våre berekningar må sonepåslaget ligge på +4 for å oppnå det same gjennomsnittlege takstnivået. Med ulik sonestruktur vil ein få ulike prisar mellom riks- og fylkesvegferjesamband av same lengde.

Økonomiske konsekvensar

Vestland fylkeskommune har bruttokontraktar der inntektene går til fylkeskommunen, og nettokontraktar der inntektene går til operatørane.

For bruttokontraktane er det budsjettert med 267 millionar kroner i billettinntekter i 2020. Ein 20 prosent nedgang i billettprisane vil resultere i ein inntektsnedgang på om lag 4,4 millionar kroner per måned. Dersom vi legg til grunn at det er 50 prosent lågare trafikk under koronapandemien, vil inntektsnedgangen vere på om lag 2,2 millionar kroner per måned. Denne inntektseffekten vil treffe fylkeskommunen direkte.

For nettokontraktane er det budsjettert med billettinntekter for operatørane på om lag 40 millionar kroner i 2020. Ein 20 prosent nedgang i billettprisane vil gi ein inntektsnedgang på 0,67 millionar kroner per måned. Dersom vi legg til grunn at det er 50 prosent lågare trafikk under koronapandemien, vil nedgangen i operatørane sine billettinntekter vere på om lag 0,35 millionar kroner per måned. For ferjesamband på nettokontrakt går alle inntektene til operatøren, slik at ein prisreduksjon ikkje vil ha direkte innverknad på fylkeskommunens økonomi. Det er likevel ikkje usannsynleg at operatør i ettertid kan krevje kompensasjon for bortfallet av billettinntekter grunna takstreduksjon som oppdragsgjevar har vedtatt.

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-67-s-20192020/id2695373/>

⁴ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=79274>

Dersom vi legg til grunn ein tre månaders periode med 50 prosent lågare trafikk, kan den samla inntektsnedgangen for ferje reknast til 7,7 millionar kroner, der 1 million gjeld for nettokontraktar og 6,7 millionar for bruttokontraktar. I ein normalsituasjon ville inntektsbortfallet vore 15, 4 MNOK.

Ein må vere merksam på at berekningane tar utgangspunkt i gjennomsnittsinntekter per måned. Faktiske inntekter på ferje kan variere gjennom året, og i normalår er sommartrafikken vesentleg høgare enn elles.

Ved å følgje SVV vil prisreduksjonen medføre økonomisk tap i ein avgrensa periode med dei ekstra utfordringar det gir Vestland Fylkeskommune. Dette er bekymringsfullt og tilseier at fylkeskommunen ikkje bør følgja SVV i denne saka. Fylket nyttar allereie statens regulativ og staten sine system, og sjølv om det er teknisk mogleg, er det ikkje eit godt alternativ å skru på soneinndelinga for å tilpasse prisane til regulativa. Dette skuldast mellom anna følgjande:

- Prisane er allereie sett ned. Dersom ein endrar dei tilbake, må ein kommunisere og forklare endringa til kundane. Ei justering med sonepåslag vil ikkje gi prisar som er eksakt like prisane før nedjusteringa. Dette kan vere forvirrande.
- Ein bryt med det grunnleggjande prinsippet om at ferje skal vere ferje for trafikantane, med same løysingar og prissystem, uansett om det er riksvegferjesamband eller fylkesvegferjesamband. Dersom prisane på fylkesvegferjene er vesentleg høgare enn riksvegferjer med tilnærma lik avstand, vil dette kunne føre til negative reaksjonar frå kundar og andre interessentar. Ved å følgje Statens vegvesen sikrar ein ei meir rettferdig billettering i høve riksvegferjesambanda.

Målet med regjeringa sine krisetiltak er å betre verksemdene sin likviditet ved å senke momsen og billettprisane for ferjer. Om ein held prisane på same nivå som før, vil bedrifter i Vestland som nyttar fylkesvegferjer ikkje nyte godt av dette tiltaket.

Det er elles verdt å merke seg at Stortinget i krisepakka løyvde 50 millionar kroner til å dekkje det berekna inntektstapet for Statens vegvesen på riksvegferjene som følgje av prisreduksjonen.⁵ Vestland fylkeskommune kan per i dag ikkje vere sikker på å få tapet sitt kompensert, men det vil vere naturleg å følgje opp nasjonale myndigheiter kring dette.

⁵ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Vedtak/Sak/?p=79274>

Endring i innkrevjingsmetode for ferjetakstar i Sogn og Fjordane

Som følgje av koronapandemien har ein i heile landet i stor grad gått vekk frå manuell billettering på ferjene, for å unngå smittespreiing mellom menneskap og trafikantar i betalingssituasjonen. Dette fører til tap av inntekter på ferjesamband som enno ikkje har innført AutoPASS-regulativet for ferjetakstar, der storparten av billetteringa skjer gjennom brikke-/skiltlesing og ikkje gjennom manuelle operasjonar.

Overgang til AutoPASS-regulativet for alle riksvegferjesamband

Statens vegvesen har sett i verk ein strategi for å hindre inntektstap, sikre rettferdig billettering og i størst mogleg grad hindre at billettering fører til smittespreiing. Som følgje av dette har dei gått over til å nytte AutoPASS-regulativet på alle riksvegferjesambanda som tidlegare nytta Riksregulativet for ferjetakstar (seks samband).⁶ Nokre av sambanda går over til AutoPASS-regulativet på permanent basis, medan dei andre går over midlertidig (i dialog med operatør). For trafikantar utan AutoPASS-avtale har ein teke i bruk skiltlesing (kjennemerkegodkjenning) og etterfakturering av kundar, med midlertidig lovheimel frå Stortinget.

Statens Vegvesen tilrår no at alle fylkeskommunar, som takstmyndigheit for fylkesvegferjer, går over til AutoPASS-regulativet for ferje. Vestland fylkeskommune må ta stilling til om ein skal følgje Statens vegvesen si tilråding på ferjesamband i fylket der ein enno ikkje nyttar AutoPASS-regulativet.

Overgang til AutoPASS-regulativet på fylkesferjene i Sogn og Fjordane

Ved bruk av Riksregulativet for ferjetakstar tek ein betalt for både køyretøy og passasjerar. Ved bruk av AutoPASS-regulativet tek ein berre betalt for køyretøyet, medan prisen for passasjerar er bakt inn i prisen for køyretøy.

På samband på Riksregulativet der koronapandemien har ført til at ein har stoppa manuell billettering og i staden nyttar skiltlesing og etterfakturering, får ein likevel berre inn betaling for køyretøyet. Ein går dermed glipp av inntekter for passasjerane. Ved å gå over til AutoPASS-regulativet vil ein ta omsyn til smittevern og unngå manuell billettering, samstundes som ein får inn inntekter for alle ferjetrafikantar.

Dette gjeld følgjande fylkesvegferjesamband i Sogn og Fjordane, som i dag nyttar Riksregulativet for ferjetakstar på nettokontrakt:

- Hisarøy-Mjånes (kabelferje)
- Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella-Losna
- Daløy-Haldorsneset
- Askvoll-Gjervik-Fure
- Askvoll-Fure-Værlandet
- Oldeide-Måløy
- Stårheim-Isane
- Barmen-Barmsund

Prisendring som følgje av overgang til AutoPASS-regulativet

Dersom ein vel å leggje om til AutoPASS-regulativet på fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane, er det under føresetnad at dette vert gjort permanent. Både operatørar og kundar må

⁶ <https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/reiseinformasjon/riksferjer>

gjere tilpassingar til nytt betalingsystem, og Fylkesrådmannen ser difor ikkje for seg at ordninga skal vere midlertidig.

Ved overgang til AutoPASS-regulativet for ferjetakstar vil dei som køyrer aleine i personbil oppleve ein prisauke på i overkant av 30 prosent. Dersom ein følgjer Statens vegvesen med mva-satsen er redusert (frå 12 prosent til 6 prosent), og med ein ekstra prisreduksjon på 20 prosent, vil enkeltbilistar førebels ikkje oppleve ei merkbar endring i prisen ved overgangen frå Riksregulativet til AutoPASS-regulativet i perioden fram til og med 30.juni 2020. Køyretøy lengre enn 6 meter vil få ein nedgang i pris. (Sjå vedlagte pristabellar). Samkøyring vil også resultere i ytterleg prisnedgang samanlikna med Riksregulativet.

Likevel er det slik at både redusert mva-sats og prisreduksjonen på 20 prosent er midlertidige.

I «Kongelig resolusjon om fastsettelse av midlertidig forskrift om billettering på ferje i anledning utbrudd av Covid-19, frå Samferdselsdepartementet 3. april 2020» står det: «Ved rullering av kontrakter for drift av riksvegferjer, lyses ferjeløyvene som hovedregel ut med Autopass-regulativ og Autopass- teknologi.» Dette syner at det er et langsiktig mål frå staten si side som forvaltar av ferjetakstregulativa og billetteringsteknologi å gå i retning av AutoPASS. Så lenge fylka ikkje har eigne regulativ og billetteringssystem, vil det vere naturleg å følgje staten sine løysingar for betaling på ferjer.

Fylkestinget har allereie vedtatt å nytte AutoPASS-regulativet for ferjetakstar på ferjesambanda i Hordaland. Fylkesutvalet i Hordaland godkjende i 2017 (PS 33/2017) bruk av Statens Vegvesens AutoPASS-regulativ på fylkesvegferjesambanda i Hordaland. Fylkestinget i Hordaland vedtok 01.10.2019 å halde fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet i tråd med tidlegare vedtak.

Ettersom ein overgang til AutoPASS-regulativet medfører ein del endringar for kunde (anskaffing av AutoPASS-brikke og ny prisstruktur), forutset ei slik endring at dette vert ei permanent løysing.

Konsekvensar for operatør ved overgang til AutoPASS-regulativet for ferjetakstar

Overgangen til AutoPASS-regulativet gjev endringar i prisstrukturen, noko som kan føre til kompensasjonskrav frå operatørane knytt til kontraktsregulerte inntektsendringar. Overgangen kan også medføre kostnader til meir eller anna utstyr til å gjennomføre billetteringa.

Sjølve billetteringa på ferjene vil bli mindre ressurskrevjande for ferjemannskapet ved at registreringa av køyretøy vil gå raskare enn tradisjonell billettering.

Operatørane for dei fleste ferjesambanda på nettokontrakt har allereie tatt i bruk AutoPASS-regulativet på andre samband, og er dermed kjent med utstyr og har erfaring knytt til bruken. Likevel vil operatør ha behov for å kjøpe inn meir utstyr og gjere endringar i systema sine. Dette medverkar også på forutsetninga om at ei slik endring vert ei permanent løysing.

Erfaringar med AutoPASS-regulativet

AutoPASS-regulativet i Hordaland vart innført på to samband i 2018, eit i 2019 og ytterlegare 14 samband i 2020. Dei viktigaste tilbakemeldingane er som følgjer:

- Brikker som ikkje har fungert har skapt nokre kundeutfordringar, der kundane i første omgang måtte betale full pris. Dette er no løyst og dårlege brikker er blitt skifta ut
- Enkelte pendlarar har reagert negativt på auken i prisen på i underkant av 35 prosent. Dersom ein tek med avtalerabatten på 50 prosent, elbil-rabatt på 50 prosent og skatteeffekten ved arbeidsreiser, er auken i kroner ikkje like stor som mange eksempel har vist.
- Etter at Skyss har akseptert skiltlesing (OCR-løysing), har datafangsten blitt enklare, og kundane meir nøgde. Det at billetteringa i seg sjølv har blitt enklare, er blitt oppfatta som positivt av dei reisande.
- Mange kundar er svært nøgde med ordninga - familiar, idrettslag og alle som vel å samkøyre.

- Spesielt etter mange negative medieoppslag frå Møre og Romsdal og til ein viss grad Nordland, har fleire pendlarar i Hordaland kome med negative reaksjonar. Dette er primært pendlarar som reiser åleine i bilen.
- Fjord1 har sjølv tatt initiativ til om det kan vere av interesse å innføre AutoPASS-regulativet også i Sogn og Fjordane innan gjeldande kontraksperiode.

Vedlegg

Vedlagt ligg informasjon om takstar og takstendringar per ferjesamband i Sogn og Fjordane for periodane før 1.april, mellom 1.april og 31.juni (føresetnad at ein følgjer riksregulativet) og frå 1.november.

Takstane er blitt lågare frå 1. april grunna innført takstreduksjon på 20 prosent og redusert mva. frå 12 til 6 prosent.

Det resulterer i vedlagte takstabellar, kor ein også syner endring i kroner og prosent:

- Vedlegg A:
Samanlikning av Riksregulativet før 1. april og AutoPass-regulativet frå 1. april for ferjesamband i Sogn og Fjordane
- Vedlegg B:
Samanlikning av AutoPass-regulativet før 1. november og AutoPass-regulativet frå 1. november for ferjesamband i Sogn og Fjordane

Vedlegg A: Samanlikning av Riksregulativet før 1.april og AutoPass-regulativet frå 1.april for ferjesamband i Sogn og Fjordane regionen

RR før 1.4.2020 vs AP fra 1.4.2020 uten sone vedtak		RR	fra 1.1.2020 til 31.3.2020 0% reduksjon 12% MVA													AP	fra 1.4.2020 20% reduksjon 6% MVA												
Region	Fergesamband	A1: Voksne	A2: Barn	B2: 6,0 m	B3: 7,0 m	B4: 8,0 m	B5: 10,0 m	B6: 12,0 m	B7: 14,0 m	B8: 17,0 m	B9: 19,0 m	B10: 22,0 m	B10: >22m	MC: inkl. fører	El-bil 6,0 m	Person Voksne	Person Barn	AP1 <6m	AP2 6,01-7m	AP2 7,01-8m	AP3 8,01-10m	AP4 10,01-12,5m	AP5 12,51-14,5m	AP6 14,51-17,5m	AP7 17,51-19,5m	AP8 19,51-22m	AP9 >22m	MC 112m	El-bil 6,0 m
Sogn og Fjordane	Krakhella - Rysjedalsvika	64	32	193	471	549	684	796	897	1042	1177	1311	1311	106	97	0	0	193	425	425	570	684	770	885	946	1014	1114	69	97
Følgjande står i dag i tariffavtalen: «Tjenstepensjonsordninga skal være basert på et finansieringssystem som er kjønnsnøytralt og som ikke virker utstøtende på eldre arbeidstakere. Under henvisning til dette skal premien minst beregnes på grunnlag av et kollektiv som hos den enkelte leverandør utgjøres av samtlige kommunekunder og bedriftskunder eller av **fylkeskommunekunder.**»

Det er tre hovedelement i ei brei pensjonsordning:

- Kollektiv forvaltning av midlane
- Utjevning av ulike kostnadselement (administrasjon, forvaltning, reguleringsgarantiar)
- Utjevning av forsikringsrisiko (kjønn, langt liv, premiefritak ved uførhet, uførepensjon)

Det å forvalte dei store pensjonspengane våre er ei utfordrande oppgåve, spesielt i desse dagar. Fagforbundet vil at pensjonspengane til våre medlemmer i mest mogleg grad skal forvaltast av nokon som vi har påverknad på, og som ikkje har eigarar som skal tene pengar på dette.

Pensjon er langsiktig sparing, og det er derfor viktig at kostnadene med administrasjon, forvaltning og eigarar er så låge som mogleg. Fagforbundet meiner derfor at det er viktig at dette vert vekta høgt i eit anbod. Avkastinga på pengane vil over tid truleg variere lite mellom dei ulike leverandørane.

Det er stort fokus på pensjon, mange nye regler og stort etterspurnad etter god rådgjeving. For våre medlemmar er tilbodet av tilstrekkelege og kompetente ressurser til å gjennomføre slik rådgivning svært viktig og må vektast høgt.

Konkret til de ulike kriteriene.

1. SERVICE OG RÅDGIVNING

Fagleg kompetanse, kundeteam, kurs, service og rådgiving for arbeidsgivar og tilsette må vektast høgt.

Informasjon til alle tilsette om pensjonen vil være ekstremt viktig. Leverandøren må minst kunne tilby;

Informasjonsmøte for alle tilsette minst 2 gangar pr. år. Det må leggast til rette for personleg samtale for tilsette ved disse samlingane. Det må kunne tilbys personleg konsultasjon når tilsette har behov for det. Det må være kundeteam som alle kan kontakta via eitt telefonnummer eller ein e-post.

2. SYSTEM

Leverandørens system må gi korrekte opplysningar og være brukarvenleg for lønnsavdeling, personalavdeling og for den enkelte tilsette. Det vil være meget viktig at det kan leverast system som taklar både dagens og nye reglar for offentleg tenestepensjon.

3. KOSTNADER

Administrasjonspremie, premie for kapitalforvaltning og rentegarantipremie, prises for et år av gangen og her må en være ekstra påpasseleg og vurdere om en premiekrone som går til å dekke kostnader/omkostningar osv. skal vektas meir enn en krone som går til tariffavtalt sparing? Viktig å velje ein leverandør som kan gi forutsigbare kostnadar i avtaleperioden.

FOR FAGFORBUNDET

*Svein T. Sandvold
Hovudtillitsvald Fagforbundet*

Saknr: 2019/11-23
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Valnemnda	6/20	04.05.2020
Valnemnda		12.05.2020
Fylkestinget	28/20	12.05.2020

Val til styre og representantskap i selskap, stiftingar og råd m.m. - valperioden 2019-2023**Forslag til innstilling****1. Val til styre i stiftingar**Førde Internasjonale folkemusikkfestival – styret:

Medlem (styreleiar):

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Stiftinga Singerheimen – styret:

Medlem:

Varamedlem.

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling – styret:

Medlem (leiar):

Medlem (nestleiar):

Medlem:

2. Val til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.K1 Høyanger Styringsgruppe:

Medlem:
Varamedlem:

3. Forslag om medlemmar til styre eller valnemnd i selskap

Bybanen AS - valnemnda

Medlem:
Medlem:
Medlem:

Carte Blanche AS - styret

Medlem (statleg):

Ferde AS – valnemnda og styret

Valnemnda:
Medlem:

Styret:
Medlem:
Medlem:
Varamedlem:

Skyttel AS – valnemnda og styret

Valnemnda:
Medlem:

Styret:
Medlem:
Medlem:
Varamedlem:

Sogn og Fjordane Fondet AS – styret

Medlem:

Saksprotokoll 04.05.2020 - valnemnda

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vart utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vart utsett.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å velje og innstille medlemmar til eksterne organ, t.d. ulike råd og stiftingar. Ansvar er overteke frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i samband med samanslåinga av desse. I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val til dei av organa som ikkje vart valt eller innstilt til i fylkestingsmøta 17.12.19 og 03.03.20.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å velje eller innstille medlemar til eksterne organ, t.d. ulike råd og styre i stiftingar, representantskapet for eit interkommunalt selskap eller kommunalt oppgåvefellesskap, og styre i ulike aksjeselskap. Ansvar er overteke frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i samband med samanslåinga av desse.

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val til dei av organa som ikkje vart valt eller innstilt til i fylkestingsmøtet 17.12.19 og 03.03.20.

Protokollane frå valsakene i desember, sak PS 39/2019 og PS 40/2019, er tilgjengelege her:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=22&sourceDatabase=>

Protokollane frå valsakene i mars, sak PS 18/2020 og 20/2020, er tilgjengelege her:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=34&sourceDatabase=>

Nokre av vala i denne saka var med i valsaka fylkestinget handsama i mars, men vart utsette.

Oppnemningsperioden følgjer den fylkeskommunale valbolken, om ikkje anna er sagt. Ein styremedlem skal vanlegvis bli ståande i vervet til ein ny medlem er valt, sjølv om tenestetida er ute, jf. m.a. stiftingslova § 28 og kommunelova 2018 § 7-1¹.

Denne saka gjeld val og innstillingar til følgjande organ:

Stiftingar:

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (valet vart utsett i valsaka 03.03.20)

Stiftinga Singerheimen (valet vart utsett i valsaka 03.03.20)

Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling (valet vart utsett i valsaka 03.03.20)

Foreining/lag/innretning m.m.:

K1 Høyanger (styringsgruppe forprosjekt)

Aksjeselskap :

Bybanen AS - styret

Carte Blanche AS - styret (valet vart utsett i fylkesutvalet 26.03.20)

Ferde AS - styret og valnemnda

Skyttel AS - styret og valnemnda

Sogn og Fjordane Fondet AS (valet vart utsett i valsaka 03.03.20)

Vedtakskompetanse

Avgjerdsmynda til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ ligg til fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6². I nokre tilfelle kan det eksterne organet ha vedtektsføresegner som legg val- eller innstillingskompetansen til eit bestemt organ i fylkeskommunen. Slike vedtektsføresegner vil ved motstrid ikkje kunne gå føre utgangspunktet i kommunelova om at fylkestinget er fylkeskommunen sitt øvste avgjerdsorgan.

Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda. Valnemnda legg fram forslag til representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og institusjonar, generalforsamlingar m.m., der fylkeskommunen har medlemmer og varamedlemmer i styret.

Informasjon om vala som skal gjerast

Val til styre i stiftingar

¹ I følgje kommunelova 2018 § 7-1 trer folkevalde organ i funksjon straks dei er valde. Funksjonstida for organ som ikkje vert valde på det konstituerande fylkestinget, vert automatisk forlenga inntil nyval skjer, men ikkje lenger enn til første årsskifte i den nye valperioden. Medlemene har då både rett og plikt til å bli sitjande.

² I Reglement for folkevalde organ og delegering

Stiftingslova inneheld fleire krav som fylkestinget må ta omsyn til ved val av medlemmer til styre i stiftingar.

Krav til samansetjinga av styret, jf. stiftingslova § 27

Det følgjer av stiftingslova § 27 første ledd at følgjande personar ikkje kan vere medlemmer i styret i ei stifting:

- juridiske personar
- mindreårige
- personar som er fråtekne rettsleg handleevne
- personar som er sett i konkurskarantene etter konkurslova § 142

I § 27 tredje ledd er det presisert at følgjande personar ikkje kan (kvar for seg eller saman) vere dei einaste medlemene av styret:

- a) den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,*
- b) nærstående av den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,*
- c) person som har tillitsverv i, eller står i et ansettelses- eller underordningsforhold til den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,*
- d) hvis den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen, er en juridisk person, person som har slik innflytelse som nevnt i § 4 tredje ledd over den juridiske personen, og hans eller hennes nærstående.*

Minst halvparten av styremedlemene må dessutan vere busette i Noreg.³ Ovannemnde reglar gjeld så langt dei passar også for varamedlemer.

Krav til kjønnsrepresentasjon, jf. stiftingslova § 27a

Likestillingslova § 21 første, andre og femte ledd gjeld når ein fylkeskommune skal peike ut heile styret i ei stifting, jf. stiftingslova § 27a. Når fylkeskommunen peikar ut delar av styret, gjeld dette tilsvarande i høve dei styremedlemene fylkeskommunen peikar ut. Dette betyr at begge kjønn skal vere representerte på følgjande måte:

- Har utvalet to eller tre medlemmer, skal begge kjønn vere representerte.
- Har utvalet fire eller fem medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst to.
- Har utvalet seks til åtte medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst tre.
- Har utvalet ni medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst fire, og har utvalet fleire medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 %.
- Dei fire ovannemnde reglane gjeld tilsvarande ved val av varamedlemer.

Det kan gjerast unntak frå krava til kjønnsrepresentasjon når det ligg føre særlege forhold som gjer det openbert urimeleg å oppfylle krava. Slikt unntak kan vere aktuelt dersom det ikkje lar seg gjere å finne kvinner/menn som er kvalifiserte til å sitte i styret.

Tenestetid, jf. stiftingslova § 28

Tenestetida for styremedlemer er fire år, med mindre noko anna er fastsett i vedtektene til stiftinga. Ein styremedlem skal bli ståande i vervet inntil ny medlem er vald, sjølv om tenestetida er over.

Styret sitt ansvar, jf. stiftingslova § 30

Styret er ifølgje stiftingslova § 30 første ledd det øvste organet i stiftinga, og har såleis mynde til å instruere og gjere om dagleg leiar og ev. andre organ sine vedtak.

Stiftingslova § 30 andre ledd legg ansvaret for forvaltninga av stiftinga på styret. Ved utøvinga av forvaltningsmyndet er styret underlagt lov og vedtektene til stiftinga. Styret skal sørge for at "stiftelsens formål ivaretas", og at utdelingar skjer i samsvar med vedtektene, jf. tredje ledd. Styret har vidare ansvar for at rekneskapen og forvaltning av stiftinga sine verdier er gjenstand for forsvarleg kontroll.

³ Likevel med unntak for statsborgere i stater som er part i EØS-avtalen når de er bosatt i en slik stat, jf. § 27 andre ledd.

Valet til den einsskilde stiftinga:

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival www.fordefestival.no

Fylkestinget har nyleg, i møte 03.03.20, valt éin medlem med varamedlem til representantskapet. Stian Jean Opedal Davies (A) er valt som medlem og Alfred Jens Bjørlo (V) er valt som varamedlem.

Fylkestinget skal også velje tre medlemmer, med kvar sin varamedlem, til styret i stiftinga. Ein av medlemmane skal oppnemnst som styreleiar.

Merk: Styret si funksjonstid er to år, og inneverande styreperiode går fram til og med 31.12.20. Styremedlemmane fylkestinget vel no, skal såleis ikkje tre inn i verva som styremedlemmer før 01.01.21.

Etter vedtektene kan ingen sitje samanhengande som styremedlem i meir enn åtte år.

For perioden 01.01.19 - 31.12.20 har Sogn og Fjordane fylkeskommune tidlegare peika ut følgjande til styret:

Medlem: Gunn Åmdal Mongstad (attval)
 Varamedlem: Jakob Andre Sandal (attval)
 Medlem: Johan Kjærstad (ny)
 Varamedlem: Anne Lilleaasen (ny)
 Medlem: Arne Osland (styreleiar - ny)
 Varamedlem: Liv Judit Straume (attval)

Stiftinga Singerheimen, Olden <http://ny.singerheimen.no/>

Stiftinga er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og ser på ulike moglegheiter for å betre stoda. Sogn og Fjordane fylkeskommune sendte ut varsel om oppstart av fredningssak for Dalheim - Singerheimen den 20.05.19. Det er inngått intensjonsavtale mellom stiftinga og Musea i Sogn og Fjordane, der målet er å finne løysingar for museal drift av anlegget.

Fylkestinget skal velje heile styret; fem medlemmer med personlege varamedlemmer.

Stryn kommune har høve til å føreslå to av dei fem medlemmene dersom kommunen yter faste tilskot til stiftinga. Kommunen har i brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune 29.11.19 kome med framlegg om følgjande personar til dei to verva:

Medlem: Jostein Fredheim
 Varamedlem: Anne Margrete Tønning
 Medlem: Margunn Skarstein
 Varamedlem: Ragnhild Lunde

Styremedlemmer i perioden 2016 - 2019 har vore:

Medlem: Åsne Folstad
 Varamedlem: Jon Olav Kvamme
 Medlem: Stig Vattekar
 Varamedlem: Ingeborg Lysne Mcevoy
 Medlem: Yngve Brakstad
 Varamedlem: Jakob Andre Sandal
 Medlem: Jostein Fredheim
 Varamedlem: Anne Margrethe Tønning
 Medlem: Margunn Skarstein
 Varamedlem: Ingfrid Dårflot

Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling

Stiftinga er ei næringsdrivande stifting, etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Stiftinga har som føremål å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i det geografiske området kjent som Sogn og Fjordane.

Styret har tre medlemmer og funksjonstida følger fylkestingsperioden. Valretten ligg til Vestland fylkeskommune.

Styret skal vere samansett slik: - Ein medlem frå fylkeskommunen - Ein medlem som representerer næringslivet i fylket - Ein medlem som representerer arbeidstakersida

Styremedlemene skal veljast mellom representantar som bur i det geografiske området kjent som Sogn og Fjordane fylke før 01.01.2020.

Fylkestinget skal også velje leiar og nestleiar av styret.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare valt Nils P. Støyva som leiar, Karen Marie Hjelmeseter som nestleiar og Gitle Sande som medlem av styret i stiftinga. Gitle Sande er dagleg leiar av stiftinga, og kan ikkje veljast til styreleiar, jf. lov om stiftingar § 34.

Val til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.

Organa fylkeskommunen skal innstille eller velje medlemar til er ulike og har ulike rammer, t.d. vedtekter.

Valet til det einskilde organet:

K1 Høyanger - styringsgruppa:

I 2015 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune tildelt midlar frå Riksantikvaren til verdiskapingsprosjektet «Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping». Midlane har gått til Høyanger kommune til eit forprosjekt for bevaring og bruk av Kraftstasjon 1.

I kulturminneplanen til Høyanger kommune har industriarven første prioritet og kommunen ynskjer å sjå nærare på korleis dei kan bevare og utvikle dette kraftanlegget. Målet med prosjektet er bevaring av røyrgate, trallebane og trapper slik at desse kan nyttast som ein attraksjon i reiselivssamanheng og bidra positivt til friluftsopplevingar for innbyggjarane i Høyanger. Den overordna målsetjinga for prosjektet er bevaring og utvikling av Kraftanlegg 1 til ein spektakulær attraksjon som gir verdiskaping kring næringsutvikling og stadutvikling.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt eit tett samarbeid med Høyanger kommune i samband med utarbeiding av ein plan for forprosjektet til «K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Norge».

I forprosjektet er det sett opp ei styringsgruppe med følgjande representantar:

Leiar Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune
Tom Ingar Hauståker, Statskraft
Arve Varden, rådmann Høyanger kommune
Anne Lilleaasen, politisk representant frå Sogn og Fjordane fylkeskommune
I tillegg er Hydro Høyanger blitt invitert til å delta i styringsgruppa med ein person

Hilmar Høl har vore Sogn og Fjordane fylkeskommune sin vararepresentant i styringsgruppa.

Fylkeskommunen er også representert i prosjektgruppa med to representantar frå administrasjonen.

Vestland fylkeskommune skal no oppnemne ein representant og ein vararepresentant til prosjektet.

Forslag om medlemar til styre eller valnemnd i selskap

Aksjelova (asl.) inneheld fleire krav som fylkestinget bør kjenne til når ein skal peike ut medlemmer til styre i aksjeselskap.

Kven vel styret i eit aksjeselskap?

Det er generalforsamlinga i eit selskap som vel styremedlemar, og som bestemmer om det også skal veljast varamedlemar, jf. asl. § 6-3. Det kan fastsettast i vedtektene at generalforsamlinga sin valrett kan overførast til andre. Meir enn halvdelen av styret sine medlemmar skal likevel veljast av generalforsamlinga, om ikkje valretten vert overført til eit vedtaksfesta selskapsorgan. Valrett kan ikkje overførast til styret eller til ein medlem av styret. Det finst eigne reglar for styremedlemer valt av dei tilsette. Dersom selskapet har bedriftsforsamling (selskap med fleire enn 200 tilsette), høyrer valretten til denne.

Reglar om representasjon av begge kjønn i styret

Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld på tilsvarande måte for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst 2/3 av aksjane, jf. kommunelova § 21-1. Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn vere representert. Har styret fire eller fem medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst to, osb.

Styremedlemer si tenestetid

Styremedlemer tenestegjer i to år. I vedtektene kan det fastsettast kortare eller lengre tenestetid. Tenestetida vert rekna frå valet, og opphøyrer ved avslutninga av den ordinære generalforsamlinga i det året tenestetida går ut, om ikkje anna er bestemt. Sjølv om tenestetida er ute, skal styremedlemen stå i vervet til ny medlem er vald. Ein styremedlem har rett til å tre tilbake før tenestetida er ute, men skal då gje styret, og den som har valt medlemen, rimeleg førehandsvarsel. Ein styremedlem kan avsetjast av den som har valt medlemen. Det gjeld eigne reglar for styremedlemer valt av dei tilsette.

Krav til styremedlemer

Berre myndige personar kan vere styremedlemer, jf. asl. § 6-11. Minst halvparten av styrets medlemmar skal i utgangspunktet vere busette her i riket.

Styret sitt ansvar

Forvaltninga av selskapet høyrer under styret, jf. asl. § 6-12. Styret skal sørgje for forsvarleg organisering av verksemda, og skal i nødvendig utstrekning fastsette planar og budsjett for selskapet si verksemd. Styret kan også fastsette retningslinjer for verksemda. Styret skal halde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og pliktar sjå til at verksemd, rekneskap og formuesforvaltning vert utsett for forsvarleg kontroll. Styret skal sette i verk nødvendige undersøkingar. Styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Styret kan fastsette instruks for den daglege leiinga. I selskap som berre har ein aksjeeigar, skal styret sørgje for at avtalar mellom selskapet og aksjeeigaren vert nedteikna skriftleg.

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) sine anbefalingar for styresamansetjing

Styret bør setjast saman slik at det kan ivareta aksjonærfelleskapet sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det bør takast omsyn til at styret kan fungere godt som eit kollegialt organ, styremedlemar skal ikkje opptre som individuelle representantar for ulike aksjeeigarar eller andre interessegrupper. Styret bør setjast saman slik at det kan handle uavhengig av særinteresser. Fleirtalet av dei aksjeeigarvalde medlemane bør vere uavhengige av leiande tilsette. Minst to av dei aksjeeigarvalde medlemane bør vere uavhengige av selskapets hovudaksjeeigarar. Generalforsamlinga bør velje styreleiar. Styremedlemar bør ikkje veljast for meir enn to år av gangen. I årsrapporten bør styret opplyse om deltaking på styremøte og om tilhøve som kan kaste lys over styremedlemene sin kompetanse og uavhengigheit.

Valnemnder i selskap

Valnemnda i eit selskap er eit formelt organ valt av generalforsamlinga i selskapet. Valnemnda skal sørgje for at selskapets styre er samansett med rett kompetanse ut frå selskapet sitt føremål. Ordninga med valnemnd er ikkje lovregulert og bør derfor vedtektsfestast eller takast inn i ein selskapsavtale.

KS anbefalar at det ved val til styre til kommunalt eigde selskap vert brukt valnemnd. Generalforsamlinga bør velje leiar av valnemnda. I selskap med fleire eigarkommunar, bør valnemnda setjast saman slik at den reflekterer eigardelene. Valnemnda si innstilling bør vere grunnngjeven.

Det einsskildde selskapet bør vedta retningslinjer eller mandat for si valnemnd. Hordaland fylkeskommune har tidlegare, som eigar, sendt ut brev til sine selskap om at selskapa bør ha valnemnd. Vedlagt brevet var retningslinjer for valnemnder i fylkeskommunalt eigde selskap, vedtekne av fylkestinget i Hordaland den 12.12.17, sak 19/17:

<https://einnsyn.hfk.no/einnsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=507062&documentId=786106>

Forslag til styret eller valnemnda i det einsskildde selskapet:

Bybanen AS

Selskapet sitt føremål er å forvalte og drifte infrastrukturen for «Bybanen», herunder også «Bybanens» skinnegåande materiell. Selskapet har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele og skinnegåande materiell for Bybanen i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter. Fylkeskommunen er eieeigar av selskapet og fylkesordføraren utgjør generalforsamlinga i selskapet.

Den 03.03.20 valde fylkestinget å føreslå følgjande personar til styret i selskapet:

Medlem: Akhtar Chaudhry (SV)
 Medlem: Silja Ekland Bjørkly (H)
 Varamedlem: Christian Haugen (Frp)
 Varamedlem: Rasmus Laupsa Rasmussen (A)

Det står no att for fylkestinget å føreslå personar til selskapet si valnemnd.

Valnemnda er i dag samansett av Roald Kvamme (leiar), Pål Kårbø og Silja Ekland Bjørkly.

Fylkestinget skal no føreslå tre personar til valnemnda.

Carte Blanche AS

Selskapet skal utvikle og formidle samtidsdans og anna beslekta verksemd. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal selskapet produsere og presentere førestillingar av høgste kvalitet laga av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografar innan samtidsdans. Selskapet har eit nasjonalt og regionalt ansvar for å formidle samtidsdans til eit mangfaldig publikum og å bidra til å utvikle kunnskapen om norsk samtidsdans internasjonalt gjennom å arbeide for internasjonal anerkjenning og nærvær.

Carte Blanche er eigd av Den norske stat (70%), Vestland fylkeskommune (15%) og Bergen kommune (15%).

I selskapet sine vedtekter (reviderte 04.06.13) står følgjande om styret i selskapet:

«Selskapet skal ledes av et styre på 7 medlemmer inkl. representant fra de ansatte. Styrets medlemmer velges av generalforsamlingen. Fem medlemmer inkludert styrets leder velges etter forslag fra Hordaland fylkeskommune, et medlem etter forslag fra Bergen kommune. De ansattes representant velges etter aksjelovens bestemmelser. Det velges varamedlemmer til styret. Styrets valgperiode er fire år. Gjenvalg bør ikke skje mer enn en gang.»

I det sitjande styret har Den norske stat fire representantar, inkludert styreleiar. Bergen kommune sin representant er vald som nestleiar av styret. Anne-Beth Njærheim er fylkeskommunen sin representant i styret og Renate Møgster Klepsvik er fylkeskommunen sin varamedlem. Styret er i sin heilskap samansett slik:

Styreleiar: Laila Dåvøy <i>Den norske stat</i>	Styremedlemer: Anne-Grete Strøm-Erichsen <i>Den norske stat</i> Per-Harald Nilsson <i>Den norske stat</i>	Vara til styret: 1. Chiku Ali <i>Den norske stat</i> 2. Keld Hyldig <i>Den norske stat</i>
Nestleiar: Ole Hope <i>Bergen kommune</i>	Svein Halleraker <i>Den norske stat</i> Anne-Beth Njærheim	3. Nils Marton Aadland <i>Den norske stat</i> Renate Møgster Klepsvik

	<i>Hordaland fylkeskommune</i>	<i>Hordaland Fylkeskommune</i>
	Tilsettere representant: Guro Rimeslått Observatør: Gunnar Innvær	Astrid Hårstad <i>Bergen kommune</i>

Ansvar for å oppnemne representantar for Staten vart delegert til Hordaland fylkeskommune i 2012, og innarbeidd i selskapet sine vedtekter i 2013. Av dei fem faste styremedlemene fylkeskommunen skal føreslå, skal derfor fire medlemmer vere staten sine representantar i styret. I tillegg skal fylkeskommunen komme med forslag til tre vararepresentantar på vegner av staten og ein vara på vegner av fylkeskommunen. På generalforsamlinga i 2019 vart eigarane samde om å skulle gå i dialog om prosessen for oppnemning av styremedlemer og varamedlemer, etter etableringa av Vestland fylkeskommune. Før selskapet sine vedtekter eventuelt vert endra på dette punktet, har Vestland fylkeskommune ansvar for å velje fem styremedlemer og fire varamedlemer.

På generalforsamlinga i 2020 er to av styremedlemene og fire av varamedlemene fylkeskommunen skal kome med framlegg om på val.

Dette er for det første fylkeskommunen sin representant og varamedlem. Desse har berre vore medlem og varamedlem for ein periode, og er valbare.

Vidare er Staten sin representant Svein Halleraker på val i 2020, etter å ha fått prolongert sin styreperiode ut 2019. Det same gjeld for Statens sine varamedlemer i rekkefølge: Chiku Ali, Keld Hyldig og Nils Marton Aadland, som også fekk prolongert si funksjonstid ut 2019. Desse har alle vore valde for meir enn ein periode, og bør ikkje veljast på ny.

I tillegg er Bergen kommune sin representant, tilsettere representant og observatør på val, men utan at fylkeskommunen skal kome med medlemsframlegg.

Fylkestinget oppnemde følgjande den 03.03.2020:

Fylkeskommunal:

Medlem: Svein Halleraker (H) (representerer i dag staten)

Varamedlem: Kine Bratli Dale (A)

Statleg:

Medlem: Anne-Grete Strøm-Erichsen (A)

Varamedlem 1: Elisabeth Toft Eriksen (V)

Varamedlem 2: Chiku Ali (R)

Varamedlem 3: Marthe Hammer (SV)

Attendemeldinga frå Carte Blanche AS er at Anne-Grete Strøm Erichsen allereie sit i styret (og i utgangspunktet ikkje er på val før i 2021). Sidan Svein Halleraker, som tidlegare representerte Staten i styret, no er valt inn som fylkeskommunal medlem, må fylkeskommunen oppnemne ein ny statleg representant.

Ferde AS

Formålet til selskapet er å førestå bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Vestland, Rogaland og Agder. Selskapet har oppgåver knytt til vedtekne innkrevingsprosjekt. Selskapet skal ikkje nyttast som ein pådriverorganisasjon for nye vegprosjekt og skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.

I gjeldande vedtekter (sist reviderte 03.01.20) står det følgjande om styresamansetjing:

«Selskapet skal ha eit styre på 6 medlemmer med 3 varamedlemer. Begge kjønn skal vere representerte med minst 3 styremedlemer og 1 varamedlem. Styremedlem vert vald slik at funksjonstida til styremedlemer er 2 år, men slik at medlemmer er på val kvart år. Varamedlem vert vald slik at funksjonstida til varamedlemer er 2 år. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga og fylkesrådmennene er valkomite.»

Vedtektsendringane vart gjennomførte på ekstraordinær generalforsamling i selskapet 03.01.20, med det føremål å vidareføre lik aksjefordeling og likt tal styremedlemer mellom eigarfylka også etter regionreforma.

Vestland fylkeskommune skal no føreslå to medlemer og ein varamedlem til styret i selskapet. For å tilfredsstille kravet om kjønnsbalanse, skal fylkeskommunen føreslå ein mannleg medlem og ein kvinneleg medlem. Dersom eigarfylke også skal oppnå kjønnsbalanse mellom varamedlemane, må det avtalast kven som vel mann og kven som vel kvinne eigarfylka mellom.

Etter gjeldande vedtekter utgjer fylkesrådmennene i eigarfylka valkomiteen i selskapet. Det er no varsla vedtektsendringar på dette punktet, etter innspel frå eigarfylka. Dei varsla endringane går ut på at kvart av dei tre eigarfylka utnemner kvar sin medlem av valnemnda i selskapet. Endringsforslaget skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i selskapet 23.04.20. Vestland fylkeskommune bør allereie no på førehand peike ut sin medlem av valnemnda, slik at valnemnda kan kome i virke snarleg etter vedtektsendringa og i tide til å førebu valet av nytt styre på ordinær generalforsamling i selskapet i juni.

Skyttel AS

Selskapet sitt formål er å tilby verksemd relatert til systemløyisingar, driftstenester og kundetenester innan betalingsformidling, innfordring og rapportering innan transportsektoren. I tillegg skal selskapet kunne tilby tilleggstenester frå andre sektorar knytta til selskapets teknologiske løyisingar.

I gjeldande vedtekter (sist reviderte 03.01.20) står det følgjande om styresamansetjing:

«Selskapet skal ha et styre på 6 medlemmer med 3 varamedlemmer. Styremedlem med varamedlem blir valgt slik at funksjonstiden til styremedlemmene er 2 år. Generalforsamlingen velger styreleder. Styret velger selv nestleder. Daglig leder blir tilsatt av styret. Fylkesordførerne utgjør generalforsamlingen og fylkesrådmennene er valgkomité.»

Vedtektsendringane vart gjennomførte på ekstraordinær generalforsamling i selskapet 03.01.20, med det føremål å vidareføre lik aksjefordeling og likt tal styremedlemer mellom eigarfylka også etter regionreforma.

Vestland fylkeskommune skal no føreslå to medlemer og ein varamedlem til styret i selskapet. For å tilfredsstille kravet om kjønnsbalanse, skal fylkeskommunen føreslå ein mannleg medlem og ein kvinneleg medlem. Dersom eigarfylke også skal oppnå kjønnsbalanse mellom varamedlemane, må det avtalast kven som vel mann og kven som vel kvinne eigarfylka mellom.

Etter gjeldande vedtekter utgjer fylkesrådmennene i eigarfylka valkomiteen i selskapet. Det er no varsla vedtektsendringar på dette punktet, etter innspel frå eigarfylka. Dei varsla endringane går ut på at kvart av dei tre eigarfylka utnemner kvar sin medlem av valnemnda i selskapet. Endringsforslaget skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i selskapet 23.04.20. Vestland fylkeskommune bør allereie no på førehand peike ut sin medlem av valnemnda, slik at valnemnda kan kome i virke snarleg etter vedtektsendringa og i tide til å førebu valet av nytt styre på ordinær generalforsamling i selskapet i juni.

Sogn og Fjordane Fondet AS

Selskapet sitt føremål er investering av eigenkapital i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.

Styret består av fire medlemer. Ifølgje aksjonæravtalen har dei tre aksjonærane rett til å peike ut kvar sin representant til styret i fondet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare peika ut Jan Heggheim som medlem av styret i selskapet.

Fylkeskommunen sin styremedlem er på val på generalforsamlinga i 2020. Vestland fylkeskommune skal derfor peike ut éin medlem av styret i selskapet.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant.

Klima: Ikkje direkte relevant.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Saknr: 2019/11-23
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Valnemnda	7/20	04.05.2020
Valnemnda		12.05.2020
Fylkestinget	29/20	12.05.2020

Val til styre og representantskap i selskap, stiftingar og råd m.m. - valperioden 2019-2023 - tilleggssak

Forslag til innstilling**1. Innstilling til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.**

Vest Norges Brusselkontor – valnemnda

Medlem:

Medlem:

2. Forslag om medlemar til styret i aksjeselskap

Kommunekraft AS - styret

Medlem:

Varamedlem:

Saksprotokoll 04.05.2020 - valnemnda

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vart utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vart utsett.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å velje og innstille medlemar til eksterne organ, t.d. ulike råd og stiftingar. I denne tilleggssaka legg fylkesrådmannen fram sak om val til dei organa som ikkje vart vald eller innstilt til i fylkestingsmøta 17.12.19 og 03.03.20 og som ikkje kom med i hovudvalsaka til fylkestingsmøtet 12.05.20.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å velje eller innstille medlemar til eksterne organ, t.d. ulike råd og styre i stiftingar, representantskap for interkommunale selskap eller kommunale oppgåvefelleskap, og styre i ulike aksjeselskap. Ansvar er overteke frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i samband med samanslåinga av desse.

I denne tilleggsaka legg fylkesrådmannen fram sak om val til dei av organa som ikkje vart vald eller innstilt til i fylkestingsmøta 17.12.19 og 03.03.20 og som ikkje kom med i hovudvalsaka til fylkestingsmøtet 12.05.20.

Protokollane frå valsakene i desember, sak PS 39/2019 og PS 40/2019, er tilgjengelege her:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=22&sourceDatabase=>

Protokollane frå valsakene i mars, sak PS 18/2020 og 20/2020, er tilgjengelege her:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=34&sourceDatabase=>

Oppnemningsperioden følgjer den fylkeskommunale valbolken, om ikkje anna er sagt. Ein styremedlem skal vanlegvis bli ståande i vervet til ein ny medlem er vald, sjølv om tenestetida er ute, jf. m.a. stiftingslova § 28 og kommunelova 2018 § 7-1¹.

Denne saka gjeld val og innstillingar til følgjande organ:

Foreining/lag/innretning m.m.:

Foreningen Vest-Norges Brusselkontor

Aksjeselskap :

Kommunekraft AS

Vedtakskompetanse

Avgjerdsmynda til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ ligg til fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6².

Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Informasjon om vala som skal gjerast

1 Foreningen Vest-Norges Brusselkontor

Vest-Norges Brusselkontor er eitt av seks norske regionkontor i Brussel. Kontoret har som visjon å vere ein effektiv, lett tilgjengeleg, kjent og nyttig reiskap til å fremje Foreningen Vest-Norges Brusselkontors interesser og å markere Vest-Noreg som ein region med felles økonomiske og kulturelle band. Foreininga har i dag desse medlemskommunane: Austevoll, Austrheim, Bergen, Eidfjord, Fedje, Fjaler, Gloppen, Høyanger, Kvam, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sogndal, Sunnfjord, Stranda, Vestland fylkeskommune, Voss, Øygarden og Ålesund. Høgskulen på Vestlandet er også medlem av foreininga.

Foreininga eig selskapet Vest-Norges Brusselkontor AS (VNB AS). Selskapet driftar foreininga, og alt arbeid skjer innanfor selskapet. Styret i foreininga har ikkje møte. Det er styret i VNB AS som styrer kontorverksemda.

Vestland fylkeskommune skal no innstille medlemmer til foreininga si valnemnd. Valnemnda fungerer også som valnemnd for VNB AS.

¹ I følgje kommunelova 2018 § 7-1 trer folkevalde organ i funksjon straks dei er valde. Funksjonstida for organ som ikkje vert valde på det konstituerande fylkestinget, vert automatisk forlenga inntil nyval skjer, men ikkje lenger enn til første årsskifte i den nye valperioden. Medlemene har då både rett og plikt til å bli sitjande.

² I Reglement for folkevalde organ og delegering

Om valnemnda står følgjande i foreininga sine vedtekter:

«§ 4-5 Valgkomité

Valgkomiteen skal bestå av minst 3 medlemmer valgt av årsmøtet. Valgkomiteen velges for 2 år.

Valgkomiteen skal

legge fram forslag til:

a. Styrets størrelse.

b. Styrets leder.

c. Øvrige styremedlemmer.

d. Revisor ved behov.»

Valnemnda har følgjande samansetjing i dag:

Jenny Følling (tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune) - leiar

Roald Kvamme (tidlegare Hordaland fylkeskommune)

Gunn Berit Gjerde (Møre og Romsdal fylkeskommune)

Ut frå gjeldande samansetjing skal Vestland fylkeskommune innstille to representantar til valnemnda. Valnemnda vert til vanleg formelt valt av foreininga sitt årsmøte og selskapet si generalforsamling. Særskilt for i vår er at styret godkjenner samansetjinga fram til ordinær generalforsamling i juni.

På ordinær generalforsamling kan det verte aktuelt å endre valnemnda si samansetjing (t.d. endre talet representantar frå kvar organisasjon).

Foreininga oppmodar om at fylkeskommunen vektlegg omsynet til kontinuitet i valnemnda si samansetjing. Vidare er det ønskjeleg med representasjon frå dei ulike delene av Vestland fylke, og representantar som kjenner til og har interesse for foreininga og selskapet sitt arbeid.

2 Kommunekraft AS

Selskapet sitt føremål er å formidle og inngå avtarar om forvaltning av aksjeeigarane si disponible kraft, under dette konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling. Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar har 181 aksjar. Deltakande kommunar og fylkeskommunar har ein aksje kvar.

Ifølgje selskapet sine vedtekter § 6 skal styresamansetjinga vere slik:

«Styret i selskapet skal bestå av i alt 5 medlemmer. 2 styremedlemmer med personlig vararepresentant velges blant representantene i LVKs landsstyre og 2 styremedlemmer med personlig vararepresentant blant selskapets aksjeeiere, hvorav minst en med vararepresentant fra primærkommune. Som styrets leder velges en person som ikke representerer aksjeeierne eller LVK. Nestleder skal være en av LVKs representanter.»

Det er generalforsamlinga som vel styre, styreleiar og nestleiar, jf. vedtektene § 11 nr. 3.

Styret har hatt følgjande samansetning sidan generalforsamlinga i mai 2019:

Styreleiar: Kjell-Idar Juvik

Styremedlem: Kari Anita Furunes, Meråker/Trøndelag fylkeskommune

Varamedlem: Lin Veronica Jacobsen, Hjelmeland

Styremedlem: Benthe Bondhus, Vestland fylkeskommune (Hordaland).

Varamedlem: Anne Beth Njærheim, Vestland fylkeskommune (Hordaland)

Styremedlem: Stian Brekkvassmo (LVK), Namsskogan

Varamedlem: Ida Stuberg (LVK), Inderøy

Styremedlem: Eli Hovd Prestegården (LVK), Nore og Uvdal

Varamedlem: Ståle Versland (LVK), Modum

Styret si funksjonstid er to år, jf. aksjelova § 6-6. Vedtektene i Kommunekraft AS set ingen skrankar for høvet til attval.

Det er berre styremedlem Benthe Bondhus og varamedlem Anne Beth Njærheim som står på val på generalforsamlinga 27. mai 2020.

Selskapet ber no eigarfylkeskommunane om forslag på kandidatar til eitt verv som styremedlem og eitt verv som varamedlem.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje direkte relevant.

Klima: Ikkje direkte relevant.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Saknr: 2020/861-2
Saksbehandlar: Elin Molven Wilhelmsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Valnemnda	8/20	04.05.2020
Valnemnda		12.05.2020
Fylkestinget	30/20	12.05.2020

Moster 2024 AS. Oppnemning til valkomité

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget vel eit medlem og eit varamedlem til valkomiteen for Moster 2024 AS.
2. Vestland fylkeskommune sitt medlem i valkomiteen for Moster 2024 AS er....
3. Vestland fylkeskommune sitt varamedlem i valkomiteen for Moster 2024 AS er...

Saksprotokoll 04.05.2020 - valnemnda

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Saka vart utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vart utsett.

Samandrag

Fylkestinget handsama saka om Oppretting av Moster 2024 AS i sak 7/2020 den 3.3.2020. Bømlo kommune har bede Vestland fylkeskommune om å snarleg utnemna eit medlem og eit varamedlem til å sitja i valkomiteen til selskapet.

I Bømlo kommune sitt kommunestyremøte sak 23/2020 den 6.4.2020 vart Sammy Olsen og varaordførar Ragnfrid Sønstabø valt som høvesvis medlem og varamedlem til generalforsamlinga i selskapet. Odd Harald Hovland (tidlegare ordførar) og Ragnfrid Sønstabø (varaordførar), vart valt til høvesvis medlem og leiar i valkomiteen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Viser til Fylkestinget si sak 7/2020 den 3.3.2020 om Oppretting av Moster 2024 AS. Fylkestinget fatta såleis vedtak i saka:

Vedtak

1. *Det vert oppretta eit aksjeselskap som har som føremål å planleggje og gjennomføre jubileet i 2024.*
2. *Selskapet skal vere eigd 50/50 av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, og skal avviklast etter at jubileet er gjennomført og evaluert.*
3. *Eigarane gjer årlege løyvingar til selskapet. Det vert lagt til grunn ei opptrapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune.*
4. *Vedtaket forutset likelydande vedtak i Bømlo kommune.*
5. *Selskapet sitt namn skal være Moster 2024 AS.*
6. *Bruk av dei resterande midlane etter eingongstilskotet på kr 3.150.000 frå Hordaland fylkeskommune vil fylkestinget koma attende til.*

Bømlo kommunestyre handsama sak 23/2020 den 6.4.2020 om Oppretting av aksjeselskapet Moster 2024 AS. Dei fatta såleis vedtak i saka:

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak i samsvar innstilling frå Utval for næring, innovasjon, idrett og kultur og valnemnda sitt framlegg slik:

1. *Kommunestyret vedtek å opprette Moster 2024 AS med tilhøyrande stiftingsdokument, vedtekter, instruks for valkomité og aksjonæravtale. I vedtekter for valkomiteen pkt. 3.6 skal ein av kandidatane vera frå styret/administrasjon i Moster Amfi AS*
 2. *Kommunestyret vel medlem og varamedlem til generalforsamlinga for Moster 2024 AS.*
 3. *Kommunestyret peikar ut ein medlem og ein leiar til Moster 2024 AS sin valkomité.*
 4. *Kommunestyret bed selskapet opprette ein hovudkomité for jubileet.*
 5. *Vedtaket forutset at Vestland fylkeskommune gjev si tilslutning til grunnlagsdokumenta for stiftinga av selskapet.*
- *Medlem og varamedlem til generalforsamlinga for Moster 2024 AS:
Ordførar - medlem Varaordførar - varamedlem*
 - *Medlem og leiar av valkomiteen i Moster 2024 AS:
Ragnfrid Sønstabø - leiar Odd Harald Hovland - medlem*

På bakgrunn av dette er Vestland fylkeskommune bedne om å nemna opp eit medlem og eit varamedlem til valkomiteen for Moster 2024 AS.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtaksmynde til å gjere val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jamfør reglement for fylkestinget punkt 2.4 «Val».

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Det vert tilrådd at Fylkestinget utnemner eit medlem og eit varamedlem til valkomiteen for Moster 2024 AS.